HERØY KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

**Utval:** Kommunestyret
**Møtestad:** Kommunestyresalen Herøy rådhus
**Dato:** 28.08.2014
**Tid:** 16:30

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

---

**Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak, må du melde skriftleg frå til Fellessekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).**

Fosnavåg, 22.08.2014

Arnulf Goksøyr
ordførar

OFFENTLEG SAKLISTE:

| Saksnr | Innhold |
| --- | --- |
| PS 89/14 | Godkjenning av innkalling og sakliste. |
| PS 90/14 | Protokoll frå førre møte. |
| PS 91/14 | Delegerte saker |
| PS 92/14 | Referatsaker |
| PS 93/14 | Heidring folkevalde |
| PS 94/14 | Fosnavåg Konserthus AS - Forskottering av kulturbyggmidlar |
| PS 95/14 | Økonomisk avslutning Tjørvåg kunstgrasbane. |
| PS 96/14 | Oppretting av fast stilling  i 50% som helsesøster |
| PS 97/14 | Veterinærtenesta - tilskot 2015-2019 |
| PS 98/14 | Ny barnehage indre Herøy - forprosjekt |
| PS 99/14 | Søknad om ny/utvida lånegaranti frå Sunnmørsbadet AS |
| PS 100/14 | Aksjeutviding - Sunnmørsbadet AS |
| PS 101/14 | Årsrapport for Herøyskulen 2013 |
| PS 102/14 | Handlingsplan for næringsretta utviklingstiltak 2015. Kompensasjon for arbeidsgjevaravgift. |
| PS 103/14 | Lokalisering av omsorgssenter for Herøy |
| PS 104/14 | Val av to representantar med personleg vara til styret i frivilligsentralen |
| PS 105/14 | Val av representantar med vararepresentantar til styret i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS |
| PS 106/14 | Suppleringsval av varamedlem til kontrollutvalet |
| | Delegerte saker frå avdelingane |
| DS 254/14 | Mesterhus Volda  31/4 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustader og 4-mannsbustader med tilhøyrande garasjer, tilkomstveg, parkering, gangveg, støttermurar og uteområde på Hjelmeset |
| DS 255/14 | Gnr 12 Bnr 1 - Frådeling av 2 bebygde nausttomter. |
| DS 256/14 | Gnr 25 Bnr 11- Frådeling av bebygd eigedom |

| | |
|---|---|
| DS 257/14 | Jan-Erik Reite 4/250 - Oppføring av naust/flytebrygge på Kvalsund hamn - Ferdigattest |
| DS 258/14 | Gnr 50 Bnr 3 - Frådeling av eigedom til næringsformål, vassverk. |
| DS 259/14 | Møre barne- og ungdomsskule STI 45/141 - Løyve til tiltak - Masseutskifting av tomt framfor bygg |
| DS 260/14 | Kjøp av tomt i Dragsund 45/168 av Leif Ove Vorren Flatøy |
| DS 261/14 | Frank Abrahamsen - 83/86 - Avslag på søknad |
| DS 262/14 | Egersund Herøy AS 22/48 - Igangsetjingsløyve for tiltak på eksisterende industribygg |
| DS 263/14 | Orlaug Nerem 33/90 - Ferdigattest for rehabilitering av skorstein |
| DS 264/14 | Anita og Ottar Ristesund - 36/112 - Tilbygg hagestove |
| DS 265/14 | Karsten R. Pareliussen 9/44 - Løyve til oppføring av veranda |
| DS 266/14 | Gnr 53 Bnr 13 - Frådeling av grunneigedom med påståande bustadhus |
| DS 267/14 | Skjenkebevilling - søknad om bevilling for én bestemt anledning (lukket og åpent arrangement) |
| DS 268/14 | Eggesbø eiendom AS 22/52 - Løyve til riving av tank |
| DS 269/14 | Sverre Ytrebø Rødset 4/256 seksjon 2 - Løyve til innreiing av loftsrom i bustad |
| DS 270/14 | Svein Henning Sydhagen 60/68,211 - Ferdigattest for bygging av terrasse |
| DS 271/14 | Gnr 26 Bnr 29, 43 og 169 - Frådeling av grunneigedom til bustadføremå |
| DS 272/14 | Gnr 31 Bnr 4 - Frådeling av grunneigedom |
| DS 273/14 | Anne Ma Solheim og Arthur Almestad 33/116 - Tiltak einebustad - Mellombels bruksløyve |
| DS 274/14 | Ferdigattest 45/161 |
| DS 275/14 | Ferdigattest 34/295 |
| DS 276/14 | Marine Harvest AS 38/8 - Løyve til tiltak |
| DS 277/14 | Tømreer Prosjekt as - 56/108 - 2 mannsbustad med garasjebygg |
| DS 278/14 | Herøy vasslag SA - 19/17 og 85 - tiltak sjøledning Indre Røyra |
| DS 279/14 | Fredrik Gunnar Hagemann 40/1 - Ferdigattest for reiskapshus |

| | |
|---|---|
| DS 280/14 | Ferdigattest 45/90 seksjon 1+2 |
| DS 281/14 | Gnr 38 Bnr 113 - Frådeling av tilleggsareal industriformål til gnr 38 bnr 223. |
| DS 282/14 | Tømrer Prosjekt as - 34/503 og 504 - Tomannsbustad med frittliggande garasje |
| DS 283/14 | Herøy kommune 29/341 - Løyve til oppføring av mur og innsynsskjerm |
| DS 284/14 | Sal av gnr 45 bnr 154 |
| DS 285/14 | Sjøgata Eigedom as - 34/22 - Riving av lagerbygg |
| DS 286/14 | Tømrer Prosjekt as - 34/504 - Endring av ansvarsrett |
| DS 287/14 | Oddvin Støylen 83/51 - Løyve til oppføring av carport og vinterhage |
| DS 288/14 | Nils Gunnar Valde - 45/161 - Garasjebygg |
| DS 289/14 | Gnr 37 Bnr 51 - Frådeling av bustadeigedom |
| DS 290/14 | Søknad om utvida skjenketid under Maritime sommardagar - Fosnavåg Brygge |
| DS 291/14 | Svein Ove Moltubakk 60/342 - Løyve til oppføring av tilbygg til garasje |
| DS 292/14 | Bjørge Kvalsund 33/16 - Løyve til oppføring av terrasse |
| DS 293/14 | Silje Steinsvik Paulsen 38/253 - Løyve til tiltak utan ansvarsrett - Tilbygg terrasse |
| DS 294/14 | Gnr 34 Bnr 99 Frådeling av grunneigedom til bustadføremål |
| DS 295/14 | Gnr 45 Bnr 1 Frådeling av bustadtomt |
| DS 296/14 | Gnr 4 Bnr 43 Frådeling av tilleggsareal |
| DS 297/14 | Tømrer Service AS 60/445 - Løyve til oppføring av 2-mannsbustad med garasje, støttemur, etablering av ny avkøyrsle og opparbeiding av terreng utomhus |
| DS 298/14 | Torgeir Hide 60/32 - Løyve til bygging av tilkomstveg og oppføring av bustadhus |
| DS 299/14 | Søknad om utvida skjenketid under Fosnavåg Rock - Fosnavåg Brygge |
| DS 300/14 | Mellombels bruksløyve 26/208 |
| DS 301/14 | Gnr 26 Bnr 82 - Frådeling av bustadtomt |
| DS 302/14 | Villa Smolt AS 60/349 - Klagen gis ikkje oppsetjande verknad |

| | |
|---|---|
| DS 303/14 | Bård Remøy 12/319 - Løyve til endring av tidlegare godkjent tiltak |
| DS 304/14 | Kjell Brudevoll 19/53 - Løyve til oppføring av tilbygg til bustadhus - hagestove |
| DS 305/14 | Ferdigattest tilbygg 16/76 |
| DS 306/14 | Ferdigattest rehabilitering av pipe - 29/65 |
| DS 307/14 | Oversending av skøyte for tinglysing gnr 12 bnr 157 |
| DS 308/14 | Ørsta Byggservice AS 25/87 - Mellombels bruksløyve |
| DS 309/14 | Heidi Stephan Myklebust - 11/155 - Einebustad med frittliggande garasje |
| DS 310/14 | Gnr 12 Bnr 5 - Frådeling av eigedom, eldre skuleareal |
| DS 311/14 | Gullik Kjellstadli og Ingrid Sylvia Renberg 29/74 - Løyve til etablering av tilkomstveg og oppføring av einebustad |
| | Referatsaker |
| RS 33/14 | VS-sak 7/14: Supplering av Folkelista/Senterpartiet si rekke av vararepresentantar til Herøy kommunestyre |
| RS 34/14 | VS-sak 8/14: Supplering av Høgre si rekke av vararepresentantar til Herøy kommunestyre |
| RS 35/14 | Kommunestyrevalget og fylkestingsvalget 2015 - fastsetting av valgdag |
| RS 36/14 | Protokoll generalforsamling |
| RS 37/14 | Innkalling til generalforsamling i Sunnmørsbadet Fosnavåg AS 2014 |
| RS 38/14 | VS-sak 6/147: Suppleringsval av Venstre si rekke av vararepresentantar til Herøy kommunestyre |
| RS 39/14 | Årsmelding 2012 og 2013 for Dragsundbygg IKS |
| RS 40/14 | Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret |
| RS 41/14 | Rapport etter tilsyn - Herøy kommune |
| RS 42/14 | Statusrapport for spelteknologi april 2014 |
| RS 43/14 | Tilsyn med arkiva i Herøy kommune 31.10.13 |
| RS 44/14 | Representantskapsmøte 09.05.14 - Søre Sunnmøre reinhaldsverk IKS |

PS 89/14 Godkjenning av innkalling og sakliste.

PS 90/14 Protokoll frå førre møte.

PS 91/14 Delegerte saker

PS 92/14 Referatsaker

HERØY KOMMUNE

Personal- og organisasjonsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | BSP | Arkivsaknr: | 2012/19 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 455 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 123/14 | Formannskapet | 19.08.2014 |
| 93/14 | Kommunestyret | 28.08.2014 |

## HEIDRING FOLKEVALDE

**Møtebehandling:**

Formannskapet kom med framlegg om slikt nytt pkt. i tilrådinga:

8. Beløpa skal indeksregulerast.

Rådmannen si tilråding med tillegg av pkt. 8 vart samrøystes vedteken

**Tilråding i Formannskapet - 19.08.2014**

1. Ved medlemmar av sitjande kommunestyre si gravferd skal det sendast krans. Med medlemmar meinar ein her faste medlemmer og medlem som i ein periode møter fast for representant som har permisjon.

2. Ved tidlegare ordførarar og varaordførar si gravferd skal det sendast krans.

3. Ordførar kan i spesielle tilfelle som ikkje vert dekt av reglane, sende blomar eller krans i høve gravferd.

4. Faste medlemmer som går ut av kommunestyret skal ha slik påskjønning:

Etter ei periode: Blomar til verdi av kr. 400.-

Etter to periodar: Sølvskje med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 800.-

Etter tre periodar: Krystallvase med inngraverrt Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1200.-

Etter fire periodar: Krystallskål med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi kr. 1600.-

Etter fem periodar: Slipsnål / Brosje i emalje med Herøy kommunevåpen, verdi kr. 2000.-

Etter meir enn fem periodar: Klokke til ein verdi av kr. 200.- per år ein har tenestegjort. Inngravert Herøy kommunevåpen og årstal for perioden på baksida.

5.Heidring for tenestetid gjeld faste medlemmar av kommunestyret samt varamedlemmar som minimun har hatt ein frammøteprosent 50% eller meir årleg.

6.Ansvaret for oppfølging av regelverket ligg hos ordførar og gruppeleiarane i dei einskilde politiske partia.

7. Utgifter til heidring vert å dekkje over politisk leiing sitt budsjett.

8. Beløpa skal indeksregulerast.

Reglane gjeld frå vedtaksdato.

**Tilråding frå rådmannen:**

Herøy kommunestyre vedtek slike reglar for heidring av folkevalde:

1. Ved medlemmar av sitjande kommunestyre si gravferd skal det sendast krans. Med medlemmar meinar ein her faste medlemmer og medlem som i ein periode møter fast for representant som har permisjon.

2. Ved tidlegare ordførarar og varaordførar si gravferd skal det sendast krans.

3. Ordførar kan i spesielle tilfelle som ikkje vert dekt av reglane, sende blomar eller krans i høve gravferd.

4. Faste medlemmer som går ut av kommunestyret skal ha slik påskjønning:

Etter ei periode: Blomar til verdi av kr. 400.-

Etter to periodar: Sølvskje med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 800.-

Etter tre periodar: Krystallvase med inngraverrt Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1200.-

Etter fire periodar: Krystallskål med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi kr. 1600.-

Etter fem periodar: Slipsnål / Brosje i emalje med Herøy kommunevåpen, verdi kr. 2000.-

Etter meir enn fem periodar: Klokke til ein verdi av kr. 200.- per år ein har tenestegjort. Inngravert Herøy kommunevåpen og årstal for perioden på baksida.

5.Heidring for tenestetid gjeld faste medlemmar av kommunestyret samt varamedlemmar som minimun har hatt ein frammøteprosent 50% eller meir årleg.

6.Ansvaret for oppfølging av regelverket ligg hos ordførar og gruppeleiarane i dei einskilde politiske partia.

7. Utgifter til heidring vert å dekkje over politisk leiing sitt budsjett.

Reglane gjeld frå vedtaksdato.

Særutskrift:
Fellessekretariatet
Ordførar
Varaordførar
Gruppeleiarane i dei politiske partia

**Vedlegg:**
1 Reglar for heidring av folkevalde

**Saksopplysningar:**
Formannskapet vedtok i F- sak 21/12 å velge Kjell Runde, Margareth Leinebø og Tine Storøy til å vere med i nemnd som skulle utarbeide nytt forslag til reglar for heidring av folkevalde. Personalleiar har vore sekretær i nemnda.

Nemnda har hatt nokre møter, og også kommunisert via e-post og telefon.

Nemnda har utarbeidd vedlagde forslag til reglar for heidring av folkevalde.

Noko som måtte avklarast i arbeidet, var design på og leverandør av slipsnål og brosje. Via innkjøpskonsulenten vart to leverandører kontakta. Nemnda valde forslaget frå Gullsmed PF Waage i Ulsteinvik. Per juni 2014 er det stadfesta slike prisar:

Nål/brosje utan emalje: 1600kr med moms (1200 eks moms)
Nål/brosje med emalje: 2000kr med moms (1500 eks moms)

Det er inga prisforskjell om det vert bestillt etter behov, eller om det vert laga nokre eksemplar som vi har på lager.

**Vurdering og konklusjon:**
Vedlagde reglar er innanfor signala frå formannskapet. Det vert rådd til at kommunestyret vedtek reglane for heidring av folkevalde som dei ligg føre.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Ingen

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Ingen

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Kostnader til heidring av folkevalde må innarbeidast i budsjett for 2015.

Fosnavåg, 20.06.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Birgitte Sævik Pedersen |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Birgitte Sævik Pedersen

**HERØY KOMMUNE**

**Reglar for heidring av folkevalde**

1. Ved medlemmar av sitjande kommunestyre si gravferd skal det sendast krans. Med medlemmar meinar ein her faste medlemmer og medlem som i ein periode møter fast for representant som har permisjon.

2. Ved tidlegare ordførarar og varaordførar si gravferd skal det sendast krans.

3. Ordførar kan i spesielle tilfelle som ikkje vert dekt av reglane, sende blomar eller krans i høve gravferd.

4. Faste medlemmer som går ut av kommunestyret skal ha slik påskjønning:

Etter ei periode: Blomar til verdi av kr. 400.-

Etter to periodar: Sølvskje med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 800.-

Etter tre periodar: Krystallvase med inngraverrt Herøy kommune og årstal for perioden, verdi ca. kr. 1200.-

Etter fire periodar: Krystallskål med inngravert Herøy kommune og årstal for perioden, verdi kr. 1600.-

Etter fem periodar: Slipsnål / Brosje i emalje med Herøy kommunevåpen, verdi kr. 2000.-

Etter meir enn fem periodar: Klokke til ein verdi av kr. 200.- per år ein har tenestegjort. Inngravert Herøy kommunevåpen og årstal for perioden på baksida.

5.Heidring for tenestetid gjeld faste medlemmar av kommunestyret samt varamedlemmar som minimun har hatt ein frammøteprosent 50% eller meir årleg.

6. Ansvaret for oppfølging av regelverket ligg hos ordførar og gruppeleiarane i dei einskilde politiske partia.

7. Utgifter til heidring vert å dekkje over politisk leiing sitt budsjett.

HERØY KOMMUNE

Kulturavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | BHOL | Arkivsaknr: | 2014/1220 |
| | | Arkiv: | D12 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 124/14 | Formannskapet | 19.08.2014 |
| 94/14 | Kommunestyret | 28.08.2014 |

## FOSNAVÅG KONSERTHUS AS - FORSKOTTERING AV KULTURBYGGMIDLAR

**Møtebehandling:**

Henry Jøsokbakke, V reiste habilitetsspørsmål. Han er styremedlem i Fosnavåg Konserthus AS. Han går frå under handsaming av habilitet.
Henry Jøsokbakke vart samrøystes kjend inhabil etter KL §40, FVL §6, 1. ledd bokstav e.
Kulturleiar Eileen Gjerde møtte og orienterte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 19.08.2014**

1. Med atterhald om tilsagn av kulturbyggmidlar, forskotterer Herøy kommune tilsvarande tilsagnsbeløpet.
2. Dersom forskotteringa blir gjennomført må mindreinntektene/meirkostnadane med dette innarbeidast i budsjettet for 2015 (økonomiplan 2015-2018) som nytt driftstiltak.

**Tilråding frå rådmannen:**

3. Med atterhald om tilsagn av kulturbyggmidlar, forskotterer Herøy kommune tilsvarande tilsagnsbeløpet.

4. Dersom forskotteringa blir gjennomført må mindreinntektene/meirkostnadane med dette innarbeidast i budsjettet for 2015 (økonomiplan 2015-2018) som nytt driftstiltak.

Særutskrift:

- Fosnavåg konserthus AS
- Vest kontrollutvalssekretariat
- Søre Sunnmøre Kommunerevisjon, her
- Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Økonomiavdelinga, her

**Vedlegg:**

- Førehandsgodkjenning Fosnavåg konserthus

**Saksopplysningar:**
Det er gitt ei førehandsgodkjenning for tildeling av kulturbyggmidlar til Fosnavåg Konserthus frå Møre og Romsdal Fylkeskommune, datert 22. april 2013. Signala frå fylkeskommuna tyder på ei tildeling på NOK 2,000,000. Dette er ikkje eit stadfesta beløp, og det eksakte beløpet vil bli gjort av Kultur- og folkehelseutvalet i Møre og Romsdal Fylkeskommune i september 2014. Fosnavåg Konserthus har søkt om NOK 5,000,000. Grunna ferdigstilling av Fosnavåg Konserthus i september 2014, samt eit tidsrom mellom tildeling av midlar og utbetaling frå fylkeskommuna, søkjer Fosnavåg Konserthus AS om forskottering av det omsøkte beløpet, med ei øvre grense på NOK 3,000,000.

**Vurdering og konklusjon:**
Fosnavåg konserthus AS ber om forskottering kun dersom fylkeskommunen vedtar å tildele midlar til konserthuset. Dersom konserthuset ikkje får kulturbyggmidlar vil det ikkje bli utbetalt forskottering. Sjølv om fylkeskommunen vedtar å tildele midlar er det uvisst når midlane vil bli utbetalt og om dei vil bli utbetalt samla. Dei vil ikkje bli utbetalt i år og mest truleg over to år.

Kommunen vil få redusert sine finansinntekter/auka sine finanskostnadar i perioden frå kulturbyggmidlane vert forskottert til dei vert utbetalt. Kulturavdelinga finn finansiering til dette i sitt budsjett for 2014.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Etablering av konserthus er viktig for innbyggjarar i og gjester til Herøy kommune. Satsinga aukar aktivitetstilbodet i kommunen, noko som har positive helseeffektar over tid. Samstundes vil etableringa av konserthuset auke attraktiviteten for sentrum, og med det møteplassar innbyggjarar og gjester imellom.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Kan ikkje sjå at denne saka har konsekvensar for beredskapen

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Ingen ut over det som allereie er budsjettert og planlagt

<u>Konsekvensar for økonomi:</u>
Dersom Herøy kommune forskotterer kulturbyggmidlar vil det få ein økonomisk konsekvens for kommunen. Herøy kommune sin likviditet er pressa, og dersom kommunen må nytte trekkretten i Danske Bank AS, eller ein må selje seg ned i aksje- og/eller obligasjonsmarknaden vil kommunen sine finansinntekter blir redusert med omlag kr 150.000,- per år dersom det må forskotterast 3 mill.

Fosnavåg, 04.08.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Eileen Gjerde |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Bjørn Holum

Kultur

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Saknr. 2013/271 Sakshan. AK
22 APR. 2013
Ark.kode P 233
Ark.kode S
J.nr. Dok.nr. 2
Kassasjon

Møre og Romsdal fylkeskommune

Herøy kommune
Postboks 274
6099 Fosnavåg

| Dykkar ref: | Dykkar dato: | Vår ref: | Vår saksbehandlar: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| 2013/271 | 28.02.2013 | 24695/2013/1515 | Hege Merethe Gagnat, 71 25 88 91 | 18.04.2013 |

# Førehandsgodkjenning Fosnavåg konserthus

Viser til innsendt søknad om førehandsgodkjenning av desentralisert kulturbygg – Fosnavåg konserthus, datert 28.02.2013. Utsnitt av teikningar i rett målestokk blei ettersendt i månadsskiftet mars/april.

Fylkeskommunen si oppgåve i denne samanhengen er førehandsgodkjenning med tanke på ein evt framtidig søknad om midlar frå *Desentralisert ordning for lokale kulturbygg*. Retningslinjene seier at der kulturhusfunksjonar er samlokaliserte med funksjonar som fell utanfor tilskotsordninga, der skal fylkeskommunen vere godkjenningsmynde. Fosnavåg Konserthus og kino er organisert som AS der Herøy kommune har aksjemajoritet. Kulturbygget skal vere samlokalisert med Fosnavåg Hotell.

*Ei førhandsgodkjenning skal sjå til at bygget er planlagt utifrå reelle behov i lokalsamfunnet, at planane er i samsvar med dei funksjonelle krav som er stilt til denne type lokale, og at dei estetiske kvalitetane er ivaretatt for bygget i seg sjølv og i forhold til omgivnadene* (utdrag frå retningslinjene). Fylkeskulturavdelinga vil poengtere retningslinjene si formulering om at denne førehandsgodkjenninga gjeld for funksjonen som kulturbygg.

Dette kulturbygget må sjåast i samanheng med Herøy Kulturhus, da desse to bygga tydeleg utifrå behovsanalysa dekkjer ulike behov og i stor grad utfyller kvarandre. Ein viser til at aktuelle brukargrupper vil nytte konserthuset til større oppsettingar, medan kulturhuset i stor grad blir brukt til dagleg/ordinær aktivitet – spesielt retta mot barn og ungdom. Bygget vil også romme nye lokale for kinoen. Konsertsalen vil romme eit publikum på inntil 450 personar, medan kinoen vil ha plass til 91 personar.

Førebels er konserthuset og kinoen kostnadsrekna til 95,4 mill. Dette er i stor grad tenkt finansiert gjennom tilskot frå privat næringsliv, refundert mva, aksjekapital og tilskot frå Næringsforum (RDA-midlar). I kostnadsoppsettet har vi ikkje identifisert talfesting for reserve/uvisse, og ber utbyggar legge dette inn. Fylkeskommunen har gitt innspel om oppstramming av sjølve oppsettet i vidare arbeid. Den endelege vurderinga av økonomien frå Kulturavdelinga si side vil skje ved gjennomgang av eventuell framtidig søknad om spelemidlar.

Plan for forvaltning, drift og vedlikehald viser til leigeavtale og samarbeidsavtale der ansvar og økonomi er regulert. Leigeavtalen gjeld for 20 år med opsjon for ytterlegare 10 år.

Innsendte teikningar er å sjå på som førebelse skisser. Gjennom dialog med utbyggar og kommunal sakshandsamar har Kulturavdelinga gitt tilbakemelding på utforminga av bygget

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde • Besøksadresse: Julsundvn 9 • Telefon: 71 25 80 00 • Telefaks: 71 25 88 37
e-post: post@mrfylke.no • www.mrfylke.no

vinteren 2012/2013. Av innsendte teikningar ser Kulturavdelinga no at garderobetilhøve og backstage-areal knytt til konsertsalen ser tilfredsstillande ut. Det er munnleg meldt redusert antal øvingsrom backstage, dette for å sikre større fleksibilitet. Undervegs har det også kome på plass ein flygelgarasje for oppbevaring av flygel i temperert rom når dette ikkje er i bruk.

Fylkeskommunen vil påpeike at arealet for mellomlagring og vareleveranse utanfor konsertsalen kan medføre konflikt i dagleg bruk. Utbyggar må ha i mente at det kan bli behov for mellomlagring av ei større mengde flightkasser/PA og liknande, og at dette må løysast på best mogleg måte frå første stund. Ein må også ha i mente at same areal skal nyttast til vareleveranse for hotellet.

I vidare arbeid med detaljteikningar ber vi utbyggar om å sikre at fleire viktige moment blir teke omsyn til og synleggjort:

- Klargjering av naudutgang frå backstage
- Berekne svingradius for rullestol på HC-toalett
- Sikre universell utforming/tilkomst i kinolokalet
- Sikre universell utforming av heile bygget, jfr PBL og forskrifter til denne

I dette arbeidet rår vi til at rådet for funksjonshemma og interessegrupper blir tekne med i arbeidet med utforming av bygget.

Med tanke på konsertsalen ser vi at det er avsatt midlar med tanke på akustikk og scenerigg. I behovsanalysa er det vist til at konsertsalen også er tiltenkt teaterframsyningar. Vi ber vi om at Teatret Vårt blir forelagt detaljplaner for sceneteknikk og utrusting av konsertsalen for uttale når prosjektet har kome så langt.
Med grunnlag i gjennomgangen ovanfor førehandsgodkjenner fylkeskulturavdelinga Fosnavåg Konserthus, kulturhusdelen på desse vilkåra:

- Ved detaljutforming av sceneteknikk/utrusting ber vi om at Teatret Vårt får uttale seg
- I vidare planarbeid rår vi til at rådet for funksjonshemma blir teke med i arbeidet for å sikre universell utforming av heile bygget

Oppdaterte teikningar i målestokk 1:200 skal sendast fylkeskulturavdelinga så snart desse er på plass for å bli påført godkjenningsstempel og signatur

Med helsing

Arvid Blindheim
fylkeskultursjef

Hege Merethe Gagnat
rådgivar kulturformidling

HERØY KOMMUNE

Anlegg- og driftsavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | TL | Arkivsaknr: | 2012/1397 |
| | | Arkiv: | D11 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 125/14 | Formannskapet | 19.08.2014 |
| 95/14 | Kommunestyret | 28.08.2014 |

## ØKONOMISK AVSLUTNING TJØRVÅG KUNSTGRASBANE.

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 19.08.2014**

1. Rekneskapen for bygging av Tjørvåg kunstgrasbane vert godkjent med eit totalt forbruk på 4.343.014 kroner.
2. Overforbruket på 633.014 kroner er dekt inn ved auka betaling frå andre.

**Tilråding:**

3.

4. Rekneskapen for bygging av Tjørvåg kunstgrasbane vert godkjent med eit totalt forbruk på 4.343.014 kroner.
5. Overforbruket på 633.014 kroner er dekt inn ved auka betaling frå andre.

Særutskrift:

- Økonomiavdelinga, her
- Tjørvåg IL, v/Per Arne Lillenes, 6070 Tjørvåg

**Vedlegg:**

- Utskrift av rekneskapen

**Bakgrunn for saka:**
Tjørvåg IL har i mange år hatt fotballbane med grusdekke i Stokksund. I K-sak 27/10 vart det vedteke etter avtale med Tjørvåg IL at det skulle leggast kunstgrasdekke på banen. Kommunestyret vedtok i samband med dette at Herøy kommune skulle overta eigarskapen til banen og vere byggherre for prosjektet, pkt. 2 i vedtaket. I F-sak 284/10 vart samarbeidsavtalen mellom Herøy kommune og Tjørvåg Idrettslag godkjent. Offisiell opning av Tjørvåg kunstgrasbane var laurdag 28. mai 2011.

Denne saka gjeld økonomisk avslutning av prosjektet.

**Saksopplysningar:**
Tjørvåg kunstgrasbane har vore med i tertialrapporteringa til Herøy kommunestyre sidan prosjektet vart starta opp.

I K-sak 27/10 var det sett opp følgjande budsjett/finansiering:

| **Tekst** | **Kostnad utan mva.** | **Mva.** | **Kostnad (med mva.)** |
|---|---|---|---|
| Totalt budsjettert kostnad for kunstgraslegging inkl. kjøp av traktor til drift/vedlikehald | 3 200 000 | 800.000 | 4 000 000 |
| Spelemidlar | | | 1 553 000 |
| Tilskot – RDA- midlar m.m. | | | 1 000 000 |
| Betaling frå andre | | | 357.000 |
| Dugnad i 2. byggesteg*) | | | 290.000 |
| Refusjon mva. ført attende til prosjektet | | | 800.000 |
| **Fullfinansiering** | | | **4 000 000** |

*)Dugnad til ein verdi av 290.000 kroner i finansieringsplanen er vanskeleg å synleggjere i rekneskapen. Det er mest å sjå på som ei forventa innsparing i finansieringsplanen. Ein kan såleis sei at reell kostnad i finansieringsplanen var på 3.710.000 kroner.

Kostnaden med prosjektet (utanom verdi av dugnad som ikkje let seg talfeste) vart totalt 4.343.014,- kroner inkl. mva. Sjå vedlagt rekneskap. Reelt overforbruk i forhold til finansieringsplan(utanom antatt verdi av dugnad) vart 633.014 kroner. Meirforbruket skuldast m.a. uføresett kostnad med utskifting av topplaget på grusbanen før legging av kunstgrasdekket og er dekt inn ved auka betaling frå andre.

Tilsegn om tildeling av spelemidlar til prosjektet vart sendt frå Møre og Romsdal fylkeskommune 22.06.11. Første del av spelemidlane på kr. 788.000,- vart innbetalt til Herøy kommune i 2013. Resterande del av spelemidlane vil bli søkt utbetalt når rekneskapen på prosjektet er godkjent av kommunestyret og revisor.

**Vurdering og konklusjon:**
Toppdekket på grusbana hadde for liten tjukkleik og når ein starta arbeidet med høvling/avretting av toppdekket kom ein ned på pukklaget. Dette førte til at ein måtte legge nytt grusdekke på banen før ein kunne legge ut «pad» (dempelag) og kunstgras.

Tjørvåg kunstgrasbane vart offisielt opna og teken i bruk 28.05.11. Kunstgrasbana er utbygd med topp standard kunstgras og er mykje brukt av Tjørvåg Idrettslag og av elevane ved Stokksund skule.

Herøy kommune og Tjørvåg IL har hatt eit godt samarbeid i heile byggeprosessen og anleggsperioden. Medlemane i idrettslaget har bidrege med ein stor dugnadsinnsats i samband med realiseringa av kunstgrasbanen.

<u>Konsekvensar for folkehelse:</u>
Kunstgrasbanene kan nyttast til fotball og anna aktivitet heile året, så sant den vert brøyta for snø. All forsking viser at aktiv trening og leik fører til forbetring av folkehelsa hjå innbyggarane i kommunen.

<u>Konsekvensar for beredskap:</u>
Ingen kjente.

<u>Konsekvensar for drift:</u>
Etter at kunstgrasbana er bygd har kommunen v/anleggs- og driftsavdelinga og Tjørvåg IL oppretta avtale om vedlikehald av kunstgrasbanen. Avtalen inneber at kommunen kjøper vedlikehaldstenester for 75.000 kroner årleg frå Tjørvåg IL. Dette er rekna som ein normal årskostnad for vedlikehald av kunstgrasbaner.

Fosnavåg, 29.04.20134

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik<br>Rådmann | Jon Rune Våge<br>Avd. leiar |

Sakshandsamar: Tore Langvatn

| | Konto | Konto (T) | Prosjekt | Prosjekt (T) | Beløp | Budsjett m/endr. |
|---|---|---|---|---|---|---|
| 0 | 01703 | Reiseutgifter, ikkje oppgavepl. | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 2 092,00 | 0,00 |
| 1 | 02300 | Nybygg/nyanlegg/rehabilitering | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 651 502,55 | 4 000 000,00 |
| 2 | 02500 | Materialer til nybygg/nyanlegg | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 2 821 311,60 | 0,00 |
| 3 | 04290 | Merverdiavgift som gir rett til momskompensasj | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 868 108,35 | 0,00 |
| | | Utgifter | | | **4 343 014,50** | **4 000 000,00** |
| | | | | | | |
| 4 | 05480 | Avsetnjingar til ubundne investeringsfond | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 0,00 | 1 553 000,00 |
| 10 | 09480 | Bruk av ubunde investeringsfond | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | -1 553 000,00 | -1 553 000,00 |
| | | | | | | |
| 5 | 07280 | MOMSKOMPENSASJON INVESTERING | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | -137 391,75 | 0,00 |
| 6 | 07700 | Refusjon fra andre (private) | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | -921 906,15 | 0,00 |
| 7 | 08100 | Overføring frå staten | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 0,00 | -1 553 000,00 |
| 8 | 08800 | Overføring vedr. RDA-midlar | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | -1 000 000,00 | -1 000 000,00 |
| 9 | 08900 | Overføringer fra andre (private) | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | 0,00 | -647 000,00 |
| | | Herøy kommune har dekka | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | -181 149,60 | |
| 11 | 09700 | Overføring frå drift | 51007 | KUNSTGRASBANE TJØRVÅG | -549 567,00 | -800 000,00 |
| Σ | | Inntekter | | | -4 343 014,50 | -4 000 000,00 |

HERØY KOMMUNE

Avdeling for Barn, Familie og Helse

# SAKSFRAMLEGG

\-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | IMT | Arkivsaknr: | 2014/725 |
| | | Arkiv: | 412 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 26/14 | Komite for Helse og omsorg | 12.06.2014 |
| 126/14 | Formannskapet | 19.08.2014 |
| 96/14 | Kommunestyret | 28.08.2014 |

## OPPRETTING AV FAST STILLING I 50% SOM HELSESØSTER

**Møtebehandling:**

Leiar barn, familie og helse Inger Marie Tofthagen møtte og orienterte.
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 19.08.2014**

Herøy kommune opprettar fast 50% stilling som helsesøster ved førebyggjande seksjon i Barn-, familie- og helseavdelinga. Stillinga vert finansiert ved dei særskilt prioritterte midla til fagområdet («Støre-midla»)

**Møtebehandling:**

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for Helse og omsorg - 12.06.2014**

Herøy kommune opprettar fast 50% stilling som helsesøster ved førebyggjande seksjon i Barn-, familie- og helseavdelinga. Stillinga vert finansiert ved dei særskilt prioritterte midla til fagområdet («Støre-midla»)

**Tilråding frå rådmannen:**

Herøy kommune opprettar fast 50% stilling som helsesøster ved førebyggjande seksjon i Barn-, familie- og helseavdelinga. Stillinga vert finansiert ved dei særskilt prioritterte midla til fagområdet («Støre-midla»)

Særutskrift: Barn-, familie- og helseleiar
Leiande helsesøster
Personal- og organisasjonsavdelinga

**Vedlegg:**
Ingen

**Saksopplysningar:**
I statsbudsjettet for 2014 vart helsestasjons- og skulehelsetenesta særskilt prioritert ved at det vart avsett samla 180 mill. kroner ekstra til dette området. For Herøy kommune utgjorde dette om lag kr. 300.000. i 2014. I samband med handsaminga av budsjettet i kommunen vart midlane sat av til formålet.

Kommunen har tidlegere søkt og fått innvilga frå Helsetilsynet midlar til styrking av helsestasjon- og skulehelsetenesta, sjå sak 2013/854. For desse midlane oppretta vi ei 20% midlertidig stilling og tilsette helsesøster. Denne midlertidige stillinga vert ikkje vidareført etter at denne faste stillinga er oppretta.

**Vurdering og konklusjon:**
Det er viktig å styrke helsestasjon og skulehelsetenesta, særleg i eit førebyggjande perspektiv. Det er og viktig at helsesøster kan verte meir til stades i skulene og følgje opp enkeltelever. Med oppretting av ein 50% fast heimel innan området vert tenesta styrka til beste for barn og unge.

Konsekvensar for folkehelse:

På lenge sikt regner ein med at det vil ha positiv effekt på folkehelsa, og då særleg for dei utsette barna.
Konsekvensar for beredskap:

Ingen særskilte konsekvensar
Konsekvensar for drift:

Ved denne styrkinga av drifta vil ein mellom anna kunne drive det tverrfaglege arbeidet i kommunen på ein enda betre måte i tillegg til at tenesten til barn og unge vert betre**.**

Fosnavåg, 30.05.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Inger Marie Tofthagen |
| Rådmann | Avd.leiar |

Sakshandsamar: Inger Marie Tofthagen

HERØY KOMMUNE

Rådmannen

# SAKSFRAMLEGG

-

| | | | |
|---|---|---|---|
| Sakshandsamar: | EKRU | Arkivsaknr: | 2014/1051 |
| | | Arkiv: | V50 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 33/14 | Komite for næring, kultur og idrett | 14.08.2014 |
| 127/14 | Formannskapet | 19.08.2014 |
| 97/14 | Kommunestyret | 28.08.2014 |

## VETERINÆRTENESTA - TILSKOT 2015-2019

**Møtebehandling:**

Tilråding frå komite for næring, kultur og idrett vart delt ut i møte.

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Formannskapet - 19.08.2014**

For å medverke til å sikre kompetanse og kapasitet i veterinærtenesta for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein når kommuneveterinær John Osnes går av med pensjon, vil desse kommunane gi eit driftstilskot til veterinærane som dagleg har teneste på Veterinærkontoret.

Herøy kommunestyre vedtek fylgjande:

1. Samla driftstilskot for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommunar vert sett til kr 300 000,-. Herøy kommune sin andel er 25% av samla driftstilskot, totalt kr 75.000,-. Driftstilskotet vert regulert årleg i tråd med endring i konsumprisindeksen, og skal gjelde for 5 år frå 01.01.2015.

2. Stimuleringstilskotet (statleg) som kan bli tildelt etter søknad for kvart år, vert overført direkte til veterinærane. Av administrasjonstilskotet går kr 10 000 til Ulstein kommune som «vertskommune», resten til veterinærane.

3. Ordninga med driftstilskot opphøyrer 31.12.2019 med mindre ikkje vesentlege endringar i driftsvilkår og finansiering kjem til i perioden.

**Møtebehandling:**
Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for næring, kultur og idrett - 14.08.2014**
For å medverke til å sikre kompetanse og kapasitet i veterinærtenesta for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein når kommuneveterinær John Osnes går av med pensjon, vil desse kommunane gi eit driftstilskot til veterinærane som dagleg har teneste på Veterinærkontoret.

Herøy kommunestyre vedtek fylgjande:

4. Samla driftstilskot for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommunar vert sett til kr 300 000,-. Herøy kommune sin andel er 25% av samla driftstilskot, totalt kr 75.000,-. Driftstilskotet vert regulert årleg i tråd med endring i konsumprisindeksen, og skal gjelde for 5 år frå 01.01.2015.

5. Stimuleringstilskotet (statleg) som kan bli tildelt etter søknad for kvart år, vert overført direkte til veterinærane. Av administrasjonstilskotet går kr 10 000 til Ulstein kommune som «vertskommune», resten til veterinærane.

6. Ordninga med driftstilskot opphøyrer 31.12.2019 med mindre ikkje vesentlege endringar i driftsvilkår og finansiering kjem til i perioden.

**<u>Tilråding frå rådmannen:</u>**

For å medverke til å sikre kompetanse og kapasitet i veterinærtenesta for Hareid, Herøy, Sande og Ulstein når kommuneveterinær John Osnes går av med pensjon, vil desse kommunane gi eit driftstilskot til veterinærane som dagleg har teneste på Veterinærkontoret.

Herøy kommunestyre vedtek fylgjande:

7. Samla driftstilskot for Hareid, Ulstein, Sande og Herøy kommunar vert sett til kr 300 000,-. Herøy kommune sin andel er 25% av samla driftstilskot, totalt kr 75.000,-. Driftstilskotet vert regulert årleg i tråd med endring i konsumprisindeksen, og skal gjelde for 5 år frå 01.01.2015.

8. Stimuleringstilskotet (statleg) som kan bli tildelt etter søknad for kvart år, vert overført direkte til veterinærane. Av administrasjonstilskotet går kr 10 000 til Ulstein kommune som «vertskommune», resten til veterinærane.

9. Ordninga med driftstilskot opphøyrer 31.12.2019 med mindre ikkje vesentlege endringar i driftsvilkår og finansiering kjem til i perioden.

Særutskrift:
Hareid kommune
Ulstein kommune
Sande kommune
Søre Sunnmøre Landbrukskontor
Økonomiavdelinga, her

**Vedlegg:**
1. Seier opp stillinga som kommuneveterinær i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein.
2. Søknad om veterinært driftstilskot
3. Husdyrtal Hareid, Ulstein, Herøy 2013
4. Husdyrtal Sande 2013

**Saksopplysningar:**

*Saka er utarbeida likelydande for alle dei involverte kommunane, med rådmann i Ulstein som sakshandsamar.*

* * *

Kommuneveterinær John Osnes melde i brev av 25.01.2014 at han seier opp stillinga si med verknad frå 01.09.2014 og tek ut pensjon. Han held fram som 1 av 4 i klinisk veterinærvakt etter avtale gjort i 2013 og som går fram til september 2017. Stillinga som kommuneveterinær vart oppretta av Hareid og Ulstein i 1979 og frå 1984 vart Herøy og Sande også med. Desse fire kommunane utgjer eit veterinærdistrikt. John Osnes har i brevet gjeve eit kort historisk oversyn med bakgrunn og utvikling for denne stillinga. Han viser til kva som er stoda i nærliggande og samanliknbare kommunar/vaktdistrikt etter at kommuneveterinær slutta og stillingane vart nedlagde.

Etter lov om «veterinærer og annet dyrehelsepersonell» av 15.06.2001 har kommunane etter § 3a ansvar for å syte for tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell (produksjonsdyr, smådyr/kjæledyr) og har ansvar for å organisere klinisk veterinærvakt utanom ordinær arbeidstid.

Som også skissert av John Osnes opnar det seg minst tre alternative vegval:

1) Stilling som kommuneveterinær vert oppretthalden og lyst ut,

2) stillinga vert nedlagt og det blir satsa på at veterinærane har kapasitet og god nok inntening til å drive veterinærtenestene i distriktet utan særlege stimuli/økonomisk hjelp frå kommunane,

3) kommunane gir driftstilskot som kan sikre at veterinærane har god nok økonomi og kapasitet til å gi ei tenleg og god teneste.

Dette er bakgrunnen for at saka kjem opp til behandling i dei fire samarbeidande kommunane. Det er avtala at Ulstein lagar eit felles saksframlegg.

Utanom kommuneveterinæren som har vore finansiert av kommunane (sjå om fordeling av kostnadane i Osnes sitt brev) gir staten tilskot, som: Vakttilskot, administrasjonstilskot og stimuleringstilskot. For å jamne ut kostnadane mellom husdyrprodusentar som brukar veterinærtenestester kan det etter søknad bli gjeve tilskot til å dekkje reiseutgifter og reisetillegg som kompensasjon for reisetid. Vakttilskot for 2013 var 687 607 kroner, administrasjonstilskot 27 640 kroner, samla til vårt distrikt 715 247 kroner. Stimuleringstilskotet (midlar til tiltak for å sikre tilgang

på veterinærtenester i kommunar med dårleg næringsgrunnlag – få dyr, lange avstandar m.m.) for 2014 er 84 500 kroner.
Innteninga for veterinærane kjem i hovudsak frå behandlingshonorar, på dagtid 08.00-16.00 på virkedagar og betaling for behandling også andre tider på døgnet og i helgane. Veterinærane må halde eigen bil, utstyr, kontor- og behandlingsrom, kontorutgifter m.m.

Husdyrtalet (produksjonsdyr (kyr, sauer) ) har gått mykje ned dei siste 5-6 åra, og av oversikt for 2012 og 2013 (sjå vedlegg) er det framleis nedgang. Veksande tal på smådyr/kjæledyr kan seiast å bere oppe ei veterinærteneste som er god for alt dyrehald. Sjå i søknaden datert 28.05. 2014 frå veterinærane om liten inntekt for den som har dagpraksis produksjonsdyr, «meir og rekne som ei uløna vaktteneste fram til den betalte vakta tek over frå kl 16». Sjå vidare om utgifts- og inntektsside i søknaden under «Bakgrunn for søknad om driftstilskot».
Som vist til har kommunane plikt til å sikre tilfredstillande veterinærteneste/dyrehelseteneste også for smådyr. Kva som er «tilfredsstillande» vil det i mangel av klare standardar vere ulike meiningar om, og gjeld både lokale, utstyr, tilgjenge/kapasitet og kompetanse. Ut over ein minstestandard vil brukarane sine behov og ønskje, kva dei etterspør, kva som er muleg og forsvarleg, - styre veterinærane sin praksis, kompetanseutvikling og kva dei held seg med av utstyr.

Om kommunane bør gi direkte hjelp for å sikre eit tilbod som er betre enn minstestandarden ved å gi eit driftstilskot, bør i vår sak sjåast i samanheng med om det sikrar ei god nok teneste også til dei som har produksjonsdyr. At etterspurnaden etter hjelp til kjæledyr har auka er ikkje fordi eigarane lever av desse, men heller for sine smådyr. For mange er det i vår tid eit tilskot til god helse, mentalt og fysisk. Det auka behovet har gitt grunnlag for å bygge ny smådyrsklinikk, utstyre den godt, og det har gjort at bemanninga har vore god nok til å sikre utrykking til dei som held produksjonsdyr også på dagtid kvardagane.

Når kommuneveterinæren går av med pensjon, vil det merkast både på kapasitet og kompetanse. Med same produksjon kan dei to veterinærane få betre inntening kvar for seg. Vakta på dagtid 0800-1600 vil framleis gi varierande, men liten inntekt pga få utrykningar. Og det er i liten grad muleg at den som har dagpraksis for produksjonsdyr kan ta seg av smådyr på same tid. For å kunne imøtekome behovet på smådyrssida kan det bli nødvendig å tilsetje fleire veterinærar. Alt no arbeider assistentar i vel 100 % stilling til saman. Desse eller utviding av slik hjelp vil ikkje kunne erstatte bortfallet av kommuneveterinær-ressursen.

Som det går fram av brevet frå John Osnes, vert det stadig færre veterinærar som har fast stilling i kommunen. Nokre stadar er det oppretta driftstilskot til privatpraktiserande veterinærar, andre stadar ikkje. Eg vil ikkje å tilrå at kommuneveterinær-heimelen vert vidareført, men argumenterer for at kommunane gir eit driftstilskot ei periode framover.

**Vurdering og konklusjon:**
Eg vurderer det slik at ein ny veterinær knytta til Veterinærkontoret i Ulsteinvik ikkje er aktuelt med det første, - meir truleg kjøp av veterinærtenester frå andre distrikt/privatpraktiserande veterinærar. Eit driftstilskot som alternativ til å vidareføre stilling som kommuneveterinær, vil gjere dette muleg økonomisk å kjøpe hjelp i periodar og iallfall på mellomlang sikt garantere kapasitet og kompetanse for alt dyrehald i distriktet.

Lønn, arbeidsgjevaravgift, pensjonskostnader, kontorleige og kontorutgifter utgjer nærare/omlag 600 000 kr pr. år no (540 000 i 2012). Kostnadane har vore fordelt slik: 37 % Ulstein, 25 % på kvar Hareid og Herøy, 13 % Sande. Sande sitt lave bidrag, sjå forklaring i brevet til Osnes. Vakttilskot går til dei som har avtale om beredsskapsvakt utanom dagtid som før, Stimuleringstilskotet (for 2014 vel 84 000 kr) vert å dele likt mellom dei to veterinærane. Av administrasjonstilskotet vil eg tilrå at Ulstein kommune som «vertskommune» får 10 000 kr, resten (for 2014 ca. 17 500 kr) går til deling mellom veterinærane, alternativt til den som fører vaktlister m.m. Med fråtrekk for stimuleringstilskotet og veterinærane sin del av administrasjonstilskotet, kan då kommunane sitt direkte bidrag setjast til 300 000 kr. Alle kommunane med unntak for Sande får då redusert sine utgifter til veterinætenesta. Historiske og andre grunnar for Ulstein sin del no på 37 %, er etter mitt syn ikkje gangbare lenger.

Eit driftstilskot med slik grunngjeving som er vist, bør vare i minst 5 år for å gi tryggleik og føreseielege vilkår for dei som driv tenesta. Tilskotet kan justerast kvart år i tråd med endring i konsumprisindeksen.

Konsekvensar for folkehelse:

Konsekvensar for beredskap:

Konsekvensar for drift:

Fosnavåg, 01.08.2014

Erlend Krumsvik
Rådmann

Sakshandsamar: Einar Vik Aarset, rådmann i Ulstein kommune

Kommuneveterinær
John Osnes
Støyleråsa 28
6065 Ulsteinvik

Ulsteinvik 25.01.2014

Hareid kommune v/ ordførar og rådmann
Herøy kommune v/ ordførar og rådmann
Sande kommune v/ ordførar og rådmann
Ulstein kommune v/ ordførar, rådmann, kommuneoverlege, økonomikontor.

OPPSEIING AV KOMMUNEVETERINÆRSTILLINGA I HAREID, HERØY, SANDE OG ULSTEIN / NOTAT OM STILLINGA.

Eg fyller 67 år i april og har bestemt meg for å ta pensjon. Etter dei nye pensjonsreglane er det noko som heiter levealdersjustering; dvs at ettersom eg er fødd i 1947, må eg arbeide i 4 månader lenger enn fylte 67 år for å få full pensjon. Pensjonen blir rekna frå månaden etter at ein fyller år. Eg må såleis stå i stillinga ut august 2014. Eg seier såleis opp kommuneveterinærstillinga og tek ut pensjon frå 1. september 2014.

LITT HISTORIKK
Fram til år 1900 var det berre 1 veterinær i Møre og Romsdal fylke; eller Romsdals amt som det heitte den gongen. Det var amtsdyrlegen i Molde. Like etter århundreskiftet vart det gjort vedtak om å opprette 12 distriktveterinærstillingar i amtet. Distriktveterinærstillinga i vår region vart oppretta i 1914, men p.g.a. mangel på veterinærar vart ingen tilsett i stillinga. Den første som vart tilsett i stillinga,var ein dansk veterinær som heitte Schouenborg. Han var her ein kort periode, og reiste så til Bornholm. Seinare vart han byveterinær i København. I 1926 vart Jan Leite frå Ålesund tilsett som distriktveterinær. Han sto i stillinga i 41 år til 1967. I 1967 tok Gunnar Waldal Eide til som distriktveterinær. I 1979 var Eide sliten av å gå eindelt vakt som veterinær, og han gjekk i bresjen for å få oppretta ei kommuneveterinærstilling. Stillinga vart oppretta, og underteikna vart tilsett som kommuneveterinær. Distriktveterinær Eide slutta i 1984 og flytta til Bergen, då han vart tilsett som fylkesveterinær i Hordalandog Sogn og Fjordane. Veterinær Lars Omenås vart tilsett som distriktveterinær, og sto i stillinga fram til 2004, då Mattilsynet vart oppretta og distriktveterinærane vart lagt under denne etaten. I 2005 tok Henriette Wiik Larsen til som privatpraktiserande veterinær ved Veterinærkontoret, og i 2013 tok Maria Hjørungdal Bigset til som privatpraktiserande veterinær ved Veterinærkontoret.

KOMMUNEVETERINÆRSTILLINGA
Stillinga som kommuneveterinær vart som nemnt oppretta i 1979, og var eit samarbeid mellom kommunane Hareid og Ulstein. Ettersom kommuneveterinæren også hadde praksis i Herøy og Sande, vart det i 1984 teke opp forhandlingar med desse kommunane for å få dei med i kommuneveterinærordninga. Det vart oppnådd semje i desse forhandlingane; både om lønsplassering og fordeling av utgiftene.

Utgiftene vart fordelte på fylgjande måte: Hareid 25%, Herøy 25%, Sande 12,5%, og Ulstein 37,5%. Nyordninga skulle gjelde frå 01.01.1985. Den prosentvise fordelinga vart grunngjeven med at den gongen låg fastlandsdelen av Sande og øyane i Sande under Vanylven veterinærdistrikt. Seinare vart grensene for veterinærdistriktet endra, slik at dei i dag samsvarar med kommunegrensene som kommuneveterinæren arbeider i, men utan at stillingsprosenten som Sande betalar, vart auka. At Ulstein måtte ta på seg den største stillingsprosenten, vart grunngjeven med at kommuneveterinæren var busett i Ulstein og denne kommunen fekk skattepengane.

UNORMERT STILLING
Det vart oppretta mange kommuneveterinærstillingar rundt om i Noreg på 1970 - og 1980-talet; særleg på Vestlandet og i Nord Noreg. På det meste var det omlag 150 slike stillingar i landet. Men ettersom dette er unormerte stillingar og ikkje lovpålagde stillingar for kommunane, har talet på kommuneveterinærstillingar gått kraftig ned p.g.a. dårlegare kommuneøkonomi. I dag er det berre mellom 20-30 slike stillingar att. Stillingane har blitt nedlagde i samband med at kommuneveterinæren har slutta eller har gått av med pensjon. Det har ved fleire høve også vore på tale å legge ned kommuneveterinærstillinga i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein, utan at det har blitt ein realitet.

SITUASJONEN PÅ SUNNMØRE
Det kan vere av interesse å opplyse om situasjonen elles på Sunnmøre. Kommunane Hareid, Herøy, Sande og Ulstein har felles kommuneveterinær, som er løna i det kommunale lønsregulativet. Kommuneveterinærstillinga i Vanylven vart lagd ned i 2004 då kommuneveterinæren slutta. I dag betalar Vanylven eit driftstilskot til dei to privatpraktiserande veterinærane med 100.000 kroner til kvar. Kommuneveterinærstillinga i Volda og Ørsta vart lagd ned for ein del år sidan. I dag betalar Volda og Ørsta eit driftstilskot til dei 3 privatpraktiserande veterinærane med 105.000 kroner til kvar. I Stranda og Sykkylven vart kommuneveterinærstillinga lagt ned for eit par år sidan då kommuneveterinæren gjekk av med pensjon. Stranda og Sykkylven kommuner betalar i dag eit driftstilskot på 200.000 til kvar av dei 2 privatpraktiserande veterinærane. Nordal kommune har kommuneveterinær som blir løna i det kommunale regulativ omlag som i Hareid, Herøy, Sande og Ulstein. På Nordre Sunnmøre er det ingen av kommunane som har kommuneveterinær eller som gir driftstilskot.

KOSTNADEN MED KOMMUNEVETERINÆRSTILLINGA
Stillinga er plassert i stillingskode 719600 i det kommunale lønsregulativ. Dette tilsvarar ei bruttoløn på pr. dato på 350.700 kroner. Den totale kostnaden med kommuneveterinærstillinga var i 2012 (siste rekneskapsår) 540.000. Dette inkluderer løn, pensjonsutgifter, arbeidsgivaravgift, husleige og kontorutgifter. Dette gir fylgjande fordeling av utgiftene mellom kommunane: Hareid 136.000, Herøy 136.000, Sande 68.000 og Ulstein 200.000. Ulstein kommune har i alle år vederlagsfritt stått for budsjettarbeidet med stillinga, føring av rekneskapen, lønsutbetalingane m.m.

KONTOR TIL KOMMUNEVETERINÆREN

## Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

| | Note | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Salgsinntekter | 1,5 | 1 077 287 | 3 807 897 |
| Andre driftsinntekter | 10 | 1 510 167 | 1 534 209 |
| Sum driftsinntekter | | 2 587 454 | 5 342 106 |
| Varekostnad | 2 | 171 881 | 575 110 |
| Lønnskostnad | 3 | 1 099 431 | 1 912 623 |
| Avskrivning varige driftsmidler | 4 | 571 100 | 571 100 |
| Nedskrivning av varige driftsmidler | 4 | 4 829 600 | 0 |
| Annen driftskostnad | | 1 117 633 | 1 958 470 |
| Sum driftskostnader | | 7 789 645 | 5 017 303 |
| Driftsresultat | | -5 202 191 | 324 803 |
| Annen renteinntekt | | 185 551 | 36 827 |
| Annen rentekostnad | | 387 042 | 397 724 |
| Netto finansposter | | -201 491 | -360 897 |
| Årsresultat | | -5 403 682 | -36 094 |
| Overført til udekket tap | | -5 403 682 | -36 094 |
| Sum disponert | 8 | -5 403 682 | -36 094 |

# Balanse

## Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

| | Note | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Eiendeler | | | |
| Anleggsmidler | | | |
| | | | |
| Varige driftsmidler | | | |
| Tomter,bygninger og annen fast eiendom | 4,10 | 50 716 397 | 7 952 500 |
| Driftsløsøre, inventar, verktøy o.l. | 4 | 163 795 | 0 |
| | | | |
| Sum anleggsmidler | 4 | 50 880 192 | 7 952 500 |
| | | | |
| Omløpsmidler | | | |
| Varer | 2 | 0 | 56 000 |
| | | | |
| Fordringer | | | |
| Kundefordringer | 1 | 162 802 | 180 946 |
| Andre fordringer | 1,11 | 5 109 408 | 191 099 |
| Sum fordringer | | 5 272 210 | 372 045 |
| | | | |
| Bankinnskudd,kontanter o.l. | 7 | 7 564 811 | 2 151 346 |
| | | | |
| Sum omløpsmidler | | 12 837 021 | 2 579 391 |
| | | | |
| Sum eiendeler | | 63 717 213 | 10 531 891 |

# Balanse

## Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

| | Note | 2013 | 2012 |
|---|---|---|---|
| Egenkapital og gjeld | | | |
| Egenkapital | | | |
| Innskutt egenkapital | | | |
| Selskapskapital | | 1 400 000 | 1 400 000 |
| Annen innskutt egenkapital | | 688 470 | 0 |
| Sum innskutt egenkapital | 8,9 | 2 088 470 | 1 400 000 |
| | | | |
| Opptjent egenkapital/udekket tap | | | |
| Udekket tap | | -7 760 919 | -2 357 237 |
| Sum opptjent egenkapital/udekket tap | | -7 760 919 | -2 357 237 |
| | | | |
| Sum egenkapital | 8 | -5 672 449 | -957 237 |
| | | | |
| Gjeld | | | |
| | | | |
| Annen langsiktig gjeld | | | |
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 5,6 | 8 811 480 | 9 207 116 |
| Sum annen langsiktig gjeld | | 8 811 480 | 9 207 116 |
| | | | |
| Kortsiktig gjeld | | | |
| Leverandørgjeld | | 16 579 338 | 171 584 |
| Skyldige offentlige avgifter | | 79 167 | 96 489 |
| Forskudd tilskudd | 10 | 42 544 605 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | 10 | 1 375 073 | 2 013 940 |
| Sum kortsiktig gjeld | | 60 578 182 | 2 282 013 |
| | | | |
| Sum gjeld | | 69 389 662 | 11 489 129 |
| | | | |
| Sum egenkapital og gjeld | | 63 717 213 | 10 531 891 |

Fosnavåg, 31.12.2013 / 23/6 - 2014
Styret for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

| | | |
|---|---|---|
| Arnulf Goksøyr<br>Styrets leder | Svein Rune Gjerde<br>~~Nestleder~~ Vara | Marny Pauline Berge<br>Styremedlem |
| Karin Margaret Vike<br>Styremedlem | Ingunn Tandberg<br>Styremedlem | Karl Petter Sortehaug<br>Daglig leder |

# Noter til årsregnskapet 2013

## Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

### NOTE 1 REGNSKAPSPRINSIPPER

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og God regnskapskikk for små foretak.

**Inntekter**
Inntektsføring ved salg av varer skjer på leveringstidspunktet. Tjenester inntektsføres i takt med utførelsen. Inntektsføring av billettinntekter og husleie skjer i takt med opptjening.

**Anleggsmidler**
Anleggsmidler omfatter eiendeler bestemt til varig eie og bruk. Anleggsmidler er verdsatt til anskaffelseskost og redusert med mottatte investeringstilskudd . Varige driftsmidler balanseføres og avskrives over driftsmidlets økonomiske levetid.

**Omløpsmidler**
Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter normalt poster som forfaller til betaling innen et år etter balansedagen. Omløpsmidler vurderes til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Kundefordringer og andre fordringer oppføres til pålydende etter fradrag for avsetning til forventet tap. Avsetning til tap gjøres på grunnlag av en individuell vurdering av de enkelte fordringene.

Varer er vurdert til det laveste av anskaffelseskost og netto salgsverdi.

**Pensjonsforpliktelser**
Pensjonsordninger finansiert via sikrede ordninger er ikke balanseført. Pensjonspremien anses i disse tilfeller som pensjonskostnad og klassifiseres sammen med lønnskostnader.

**Skatter**
Selskapet driver et allmennyttig anlegg og ikke en skattemessig næringsvirksomhet med erverv som formål. Ifølge selskapets vedtekter er det ikke anledning til utdeling av utbytte. Videre skal en ved eventuell oppløsning av selskapet la midlene på oppløsningstidspunktet primært tilfalle det allmenn-nyttige formålet som selskapet driver, og det skal ikke utdeles til aksjonærene utover innbetalt aksjekapital. I henhold til avklaring med skatteetaten i november 2010 er selskapet derfor ikke skattepliktig for sin virksomhet.

**Offentlige tilskudd**
Selskapet har mottatt offentlige tilskudd som er spesifisert i note 10.

Regnskapsprinsippene er ellers nærmere omtalt i de tilhørende noter til de enkelte regnskapspostene

### NOTE 2 VARER

<u>Varelager</u>
Varebeholdningen er vurdert til laveste verdi av anskaffelseskost og virkelig verdi. Anskaffelseskost tilordnes etter FIFO-prinsippet. Det foretas nedskriving for påregnelig ukurans.

## NOTE 3 LØNNSKOSTNADER, ANTALL ANSATTE, GODTGJØRELSER, LÅN TIL ANSATTE M.M.

| **Lønnskostnader** | **2013** | **2012** |
|---|---|---|
| Lønn | 1 286 818 | 1 720 877 |
| Folketrygdavgift | 139 166 | 184 726 |
| Pensjonskostnader | 21 228 | 20 357 |
| Andre ytelser og refusjoner/aktivert | -347 781 | -13 337 |
| **Sum** | **1 099 431** | **1 912 623** |
| | | |
| **Antall ansatte 31.12. / årsverk** | **4** | **5,5** |

| **Ytelser til ledende personer** | **Daglig leder** | **Styret** |
|---|---|---|
| Lønn | 627 713 | 0 |
| Pensjonsutgifter | 8 491 | 0 |
| Andre godtgjørelser | 5 309 | 0 |
| Sum | 641 513 | 0 |

Inkludert i daglig leder`s lønn er overtidslønn med kr. 86 640 knyttet mot byggetrinn 2.

Selskapet har inngått avtale om pensjonsordning som tilfredsstiller kravene i lov om obligatorisk tjenestepensjon.

**Revisor**
Honorar for revisjon av årsregnskapet er kr. 51 700. I tillegg kommer honorar for andre tjenester med kr. 11 800. Alle beløp er eksklusiv mva.

## NOTE 4 DRIFTSMIDLER

| | **Badeanlegg** | **Tilskudd** | **Renseanlegg** | **Anna utstyr** | **Sum** |
|---|---|---|---|---|---|
| Anskaffelseskost 1.1 | 48 537 853 | -37 117 556 | 1 143 547 | 72 849 | 12 636 693 |
| Tilgang i året | 67 266 477 | -19 101 879 | - | 163 795 | 48 328 393 |
| Avgang til anskaffelseskost | | | | 0 | 0 |
| Samlede avskrivninger pr. 31.12 | -8 297 188 | 4 085 290 | -970 547 | -72 849 | -5 255 294 |
| Samlede nedskrivningen pr. 31.12 | -9 591 900 | 4 762 300 | | | -4 829 600 |
| **Bokført verdi pr. 31.12.** | **97 915 242** | **-47 371 845** | **173 000** | **163 795** | **50 880 192** |
| Årets avskrivninger | 904 500 | -447 700 | 114 300 | - | 571 100 |
| Årets nedskrivninger | 9 591 900 | -4 762 500 | | | 4 829 400 |
| Økonomisk levetid | 25 år | 25 år | 10 år | 4 - 5 år | |
| Avskrivningsplan | Lineær | Lineær | Lineær | Lineær | |

Årets tilgang på badeanlegg gjelder investeringskostnader m.m. vedrørende byggetrinn 2.

Note 4 forts.
Tilskudd gjelder RDA midler vedrørende byggetrinn 2. Mottatt tilskudd er periodisert i samsvar med investert beløp hittil i forhold til budsjettert investeringskostnad for fullført anlegg.

Det er vedtatt av Herøy Kommune at de skal dekke kostnader til uteområdet. Deler av disse kostnadene er forskuttert av Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, men det er foreløpig ikke avklart hvor stor del av balanseført investeringskostnad pr. 31.12.2013 dette gjelder. Hovedentreprenøren skal avregne denne kostnaden i 2014 og fakturere direkte til Herøy Kommune.

Det er ikke foretatt avskriving på anlegg under utførelse. Gammelt anlegg er delvis revet og nedskriving knytter seg til den delen som er revet.

## NOTE 5 LANGSIKTIG GJELD

**Gjeld som pr. 31.12. har en løpetid på over 5 år :**

| | 2013 | 2012 |
|---|---|---|
| Gjeld til kredittinstitusjoner | 2 424 902 | 7 228 936 |
| **Sum** | **2 424 902** | **7 228 936** |

Kredittinstitusjon innvilget avdragsutsettelse for alle avdrag i 2012.

## NOTE 6 PANTSTILLELSER, GARANTIER OG LIGNENDE

Gjeld til kredittinstitusjoner er ikke sikret med pant i selskapets eiendeler, men Herøy Kommune har stilt kommunal garanti for et beløp inntil kr. 35 000 000.

Herøy Kommune har også stilt kausjon på inntil kr. 22 097 100 overfor totalentreprenøren Christie & Opsahl AS. Kausjonen gjelder i byggeperioden av det nye badeanlegget og bortfaller i sin helhet senest 1.10.2015.

## NOTE 7 BUNDNE MIDLER

Av bankinnskudd vedrører kr. 54 905 innskudd på skattetrekkskonto.

## NOTE 8 EGENKAPITAL

| | Aksjekapital | Annen innskutt egenkapital | Annen EK | Sum |
|---|---|---|---|---|
| Egenkapital 01.01 | **1 400 000** | **-** | **-2 357 237** | **-957 237** |
| ***Årets endring i egenkapital*** | | | | |
| Tilført tomt fra Herøy Kommune | | 688 470 | | 688 470 |
| Årets resultat | - | | -5 403 682 | -5 403 682 |
| **Egenkapital 31.12** | **1 400 000** | **688 470** | **-7 760 919** | **-5 672 449** |

## NOTE 9 AKSJEKAPITAL OG AKSJEEIER INFORMASJON

Selskapets aksjekapital er kr. 1.400.000 fordelt på 1.400 aksjer à kr. 1.000.

**Eierstruktur**
Selskapets aksjonærer pr. 31.12 :

| Aksjonærer | Styrerepresentant | Antall aksjer | Eierandel |
|---|---|---|---|
| Herøy Kommune | Arnulf Goksøyr | 1 000 | 71,43 % |
| Havila AS | | 100 | 7,14 % |
| Olympic Shipping AS | | 100 | 7,14 % |
| Herøy Sanitetsforening | Karin Vike | 100 | 7,14 % |
| Herøy Revmatikerforening | Marny Berge | 100 | 7,14 % |
| **Sum** | | **1 400** | **100,00 %** |

## NOTE 10 INVESTERINGSTILSKUDD SISTE 5 ÅR

| Giver: | 2013 | 2012 | 2011 | 2010 | 2009 |
|---|---|---|---|---|---|
| RDA midler fra Herøy Kommune | 61 646 484 | 13 351 681 | 6 190 084 | 3 123 341 | 2 876 659 |
| **Sum** | **61 646 484** | **13 351 681** | **6 190 084** | **3 123 341** | **2 876 659** |

RDA-midler fra Herøy Kommune mottatt i 2009 til 2013 er knytt til byggetrinn 2. (ref. note 4). Av tilskuddet i 2013 utgjør kr. 42 544 605 forskudd på tilskudd periodisert i forhold til medgåtte kostnader pr. 31.12.2013. Beløpet er periodisert under forskudd tilskudd i balansen.

## NOTE 11 SPESIFIKASJON ANDRE KORTSIKTIGE FORDRINGER

| | 2013 | 2012 |
|---|---|---|
| Fordring til gode merverdiavgift | 5 104 109 | 114 435 |
| Andre kortsiktige fordringer | 5 299 | 76 664 |
| **Sum** | **5 109 408** | **191 099** |

## NOTE 12 MANGLENDE FINANSIERING AV NYTT BADEANLEGG – FORTSATT DRIFT

Selskapet har ikke finansiering på hele investeringskostnaden i forhold til investeringsprognose av juni 2014. Styret arbeider med en finansieringsplan som forutsetter tilførsel av ny aksjekapital på ca. kr 7 mill., utvidet lån fra Kommunalbanken på ca. kr 36 mill., samt tilførsel av ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill.

Ved avleggelse av årsregnskapet 2013 er ovennevnte finansieringsplan ikke på plass.

Styret er i dialog med eierne om aksjekapitalutvidelse.

Selskapet har mottatt lånetilbud fra Kommunalbanken på kr 45 mill, som også skal dekke eksisterende lån fra Kommunalbanken på kr 8,8 mill. Utvidet lån fra Kommunalbanken forutsetter også utvidet selvskyldnergaranti fra Herøy kommune som kommunen ennå ikke har vedtatt.

Styret har sendt søknad om ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill, men styret i Herøy Næringsforum har ennå ikke behandlet søknaden.

Styret forventer at finansieringsplanen kommer på plass. Fortsatt drift er derfor lagt til grunn.

**Sunnmørsbadet Fosnavåg AS**
**(tidlegare Herøy Varmtvassbasseng AS)**
**Organisasjonsnummer 977 165 091**

**Årsberetning 2013**

## 1. Opplysning om arten av verksemda og kvar den vert driven.

Selskapet eig, driv og leiger ut varmtvassbasseng med kafeteria i Herøy Kommune, Møre og Romsdal. Bassenget er tilbod til et breidt publikum. I tillegg vert det tilbode symjeopplæring for vaksne og småbarn, bedriftsbading og terapibad. Ein stor del av skulesymjinga i kommunen foregår her.

## 2. Orientering om årsrekneskapen

### Utbygging av badeanlegget

Selskapet starta på ein større utbygging av badeanlegget i mars 2013 som medførte at bassenget måtte stenge drifta frå 01.04.2013.
Selskapet har leigd Stokksund skule av Herøy Kommune for å fortsette med ein del av sine aktivitetar. Herøy Kommune har kjøpt tjenester fra selskapet som før.
Selskapet har halde fram med offentleg bading også i 2013.

Utbygginga av det nye anlegget er i forhold til investeringsprognose av juni 2014 kostnadsrekna til ca. kr 180 mill. (eksklusiv merverdiavgift) som er planlagt finansiert med lån, tippemidlar og RDA midlar.

### Resultat/Aksjekapital

Som følge av redusert drift i forbindelse med utbygginga av nytt badeanlegg er omsetninga redusert frå kr 5 342 106 i 2012 til kr 2 587 454 i 2013. Selskapet fikk i 2013 et underskudd på kr 5 403 682 i 2013, hovedsakelig på grunn av nedskriving av gammelt revet anlegg på kr 4 829 600. Arbeidskapitalen er pr. 31.12.13 negativ med kr 47 741 161, som fylgje av regnskapsmessig periodisering av mottatt forskudd på RDA-tilskudd medtatt under kortsiktig gjeld. Likviditetsmessig er midlene for en vesentlige del allerede benyttet pr. 31.12.13.

Herøy Kommune har garantert for langsiktig gjeld til kredittinstitusjoner som pr. 31.12.13 er på kr 8 811 480.

Selskapets styre er kjent med at heile aksjekapitalen er tapt, og at eigenkapital pr. 31.12.13 er negativ med kr 5 672 449. Det vises til ytterlegare kommentarer under avsnittet «Forutsetning for fortsatt drift» nedanfor.

**3. Forutsetning for fortsatt drift**
Selskapet har ikke finansiering på hele investeringskostnaden i forhold til investeringsprognose av juni 2014. Styret arbeider med en finansieringsplan som forutsetter tilførsel av ny aksjekapital på ca. kr 7 mill., utvidet lån fra Kommunalbanken på ca. kr 36 mill., samt tilførsel av ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill.

Ved avleggelse av årsregnskapet 2013 er ovennevnte finansieringsplan ikke på plass.

Styret er i dialog med eierne om aksjekapitalutvidelse.

Selskapet har mottatt lånetilbud fra Kommunalbanken på kr 45 mill, som også skal dekke eksisterende lån fra Kommunalbanken på kr 8,8 mill. Utvidet lån fra Kommunalbanken forutsetter også utvidet selvskyldnergaranti fra Herøy kommune som kommunen ennå ikke har vedtatt.

Styret har sendt søknad om ytterligere RDA-tilskudd på inntil kr 30 mill, men styret i Herøy Næringsforum har ennå ikke behandlet søknaden.

Styret forventer at finansieringsplanen kommer på plass.

Det nye badeanlegget skal etter planen stå ferdig i starten av 2015 og ein forventar då at anlegget med alle sine nye tilbud vil gi auka inntekter og gå med overskot i framtida. På grunnlag av desse planane skulle alt ligge til rette for vidare drift av selskapet.
Selskapet sitt styre bekrefter derfor at føresetnaden for vidare drift er til stades.

**4. Arbeidsmiljø.**
I henhold til gjeldande lover og forskrifter fører selskapet oversikt over totalt sjukefråvær over selskapet sine tilsette.
Etter styret si oppfatning er arbeidsmiljøet og den generelle trivselen på arbeidsplassen god.
Det har ikke vore arbeidsulykker i 2013. Det er for øvrig ikke registrert skader som skuldast andre forhold tilknytt verksemda.

**5. Ytre miljø.**
Etter styret si oppfatning forurenser ikkje verksemda det ytre miljø.

**6. Likestilling.**
Selskapet har i 2013 hatt totalt 2 fast tilsette og gjennomsnittleg 2-4 deltids tilsette som utgjer omlag 2,25 årsverk
Det er lik fordeling av kvinner og menn.
Selskapet sitt styre består av 3 kvinner og 2 menn.

**7. Forslag til dekking av årets underskot**
Styret foreslår at årets underskudd kr. 5 403 682 overføres udekka tap.

Fosnavåg den, 23. juni 2014

I styret for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

**Arnulf Goksøyr**
Styrets leiar

**Marny Berge**
Styremedlem

**Svein Rune Gjerde**
~~Nestleiar~~ Vara

**Ingunn Tandberg**
Styremedlem

**Karin Vike**
Styremedlem

**Karl Petter Sortehaug**
Daglig leiar

EY
Building a better working world

Statsautoriserte revisorer
Ernst & Young AS

Kvadranten NO 6090 Fosnavåg
Postboks 194 NO 6099 Fosnavåg

Foretaksregisteret NO 976 389 387 MVA
Tlf +47 70 08 05 20
Fax +47 70 08 05 25

www.ey.no
Medlemmer av den norske revisorforening

Til generalforsamlingen i
Sunnmørsbadet Fosnavåg AS

HERØY KOMMUNE
RADMANNEN
Reg.nr 2014/1259 Saksbeh. EKRU
20 AUG. 2014
Ark.kode P 255
Ark.kode S
J.nr.
Dok.nr. 3
Kassasjon

## REVISORS BERETNING

### Uttalelse om årsregnskapet

Vi har revidert årsregnskapet for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, som består av balanse per 31. desember 2013, resultatregnskap for regnskapsåret avsluttet per denne datoen og en beskrivelse av vesentlige anvendte regnskapsprinsipper og andre noteopplysninger.

*Styrets og daglig leders ansvar for årsregnskapet*

Styret og daglig leder er ansvarlig for å utarbeide årsregnskapet og for at det gir et rettvisende bilde i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge, og for slik intern kontroll som styret og daglig leder finner nødvendig for å muliggjøre utarbeidelsen av et årsregnskap som ikke inneholder vesentlig feilinformasjon, verken som følge av misligheter eller feil.

*Revisors oppgaver og plikter*

Vår oppgave er å gi uttrykk for en mening om dette årsregnskapet på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardene krever at vi etterlever etiske krav og planlegger og gjennomfører revisjonen for å oppnå betryggende sikkerhet for at årsregnskapet ikke inneholder vesentlig feilinformasjon.

En revisjon innebærer utførelse av handlinger for å innhente revisjonsbevis for beløpene og opplysningene i årsregnskapet. De valgte handlingene avhenger av revisors skjønn, herunder vurderingen av risikoene for at årsregnskapet inneholder vesentlig feilinformasjon, enten det skyldes misligheter eller feil. Ved en slik risikovurdering tar revisor hensyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapets utarbeidelse av et årsregnskap som gir et rettvisende bilde. Formålet er å utforme revisjonshandlinger som er hensiktsmessige etter omstendighetene, men ikke for å gi uttrykk for en mening om effektiviteten av selskapets interne kontroll. En revisjon omfatter også en vurdering av om de anvendte regnskapsprinsippene er hensiktsmessige og om regnskapsestimatene utarbeidet av ledelsen er rimelige, samt en vurdering av den samlede presentasjonen av årsregnskapet.

Etter vår oppfatning er innhentet revisjonsbevis tilstrekkelig og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

*Konklusjon*

Etter vår mening er årsregnskapet for Sunnmørsbadet Fosnavåg AS, avgitt i samsvar med lov og forskrifter og gir et rettvisende bilde av selskapets finansielle stilling per 31. desember 2013 og av dets resultater for regnskapsåret som ble avsluttet per denne datoen i samsvar med regnskapslovens regler og god regnskapsskikk i Norge.

*Presisering*

Vi presiserer at i forbindelse med at selskapet har under oppføring nytt badeanlegg, har vi avdekket mangler i selskapets økonomiske oppfølging, kontroll og finansiering av badeanlegget. Forholdene er rapportert i nummerert brev til styret.

Vi vil videre presisere at aksjekapitalen er tapt, og at hele investeringsbeløpet ennå ikke er finansiert. Fortsatt drift er avhengig av at slik finansiering kommer på plass. Vi viser til årsberetningen og til note 12 i årsregnskapet om manglende finansiering og fortsatt drift.

Disse forholdene har ingen betydning for vår konklusjon om regnskapet.

**Uttalelse om øvrige forhold**

*Konklusjon om årsberetningen*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, mener vi at opplysningene i årsberetningen om årsregnskapet, forutsetningen om fortsatt drift og forslaget til disponering av resultatet er konsistente med årsregnskapet og i samsvar med lov og forskrifter.

*Konklusjon om registrering og dokumentasjon*

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som beskrevet ovenfor, og kontrollhandlinger vi har funnet nødvendig i henhold til internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikke er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», mener vi at styret og daglig leder har oppfylt sin plikt til å sørge for ordentlig og oversiktlig registrering og dokumentasjon av selskapets regnskapsopplysninger i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Norge.

Fosnavåg, 24. juni 2014
ERNST & YOUNG AS

Odd Jarle Døving

Odd Jarle Døving
statsautorisert revisor

HERØY KOMMUNE

Skuleavdelinga

# SAKSFRAMLEGG

-

| Sakshandsamar: | ELO | Arkivsaknr: | 2014/753 |
|---|---|---|---|
| | | Arkiv: | 004 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 15/14 | Komite for oppvekst | 12.08.2014 |
| 101/14 | Kommunestyret | 28.08.2014 |

**ÅRSRAPPORT FOR HERØYSKULEN 2013**

**Møtebehandling:**
Skuleleiar Sølvi L. Remøy orienterte

Rådmannen si tilråding vart samrøystes vedteken.

**Tilråding i Komite for oppvekst - 12.08.2014**
Kommunestyret teke rapporten til vitande

**Tilråding frå rådmannen:**

Kommunestyret teke rapporten til vitande.

Særutskrift:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

**Vedlegg:**

1 Årsrapport for grunnskulen i Herøy

**Saksopplysningar:**
Skuleavdelinga har utarbeidd ein rapport som syner resultata for Herøyskulen knytt til nasjonale prøver, og avgangseksamen. Resultata frå Elevundersøkinga, i høve til læringsmiljø, er forseinka frå Utdanningsdirektoratet og vil kome i eiga orientering seinare.
Rapportmalen er laga av Utdanningsdirektoratet, og ein kan hente informasjon direkte frå Skoleporten og inn i rapporten.

**Vurdering og konklusjon:**
Læringsresultata vert målt i nasjonale prøver og avsluttande karakterar på ungdomstrinnet. Barnetrinnet har eit resultat som ligg over eller på landsgjennomsnittet. Resultatet frå ungdomstrinnet er på linje eller like under landsgjennomsnittet. Eksamenskarakterane viser eit kommuneresultat like under nasjonalt nivå.

Ein må i tida framover vere merksam på den lave lærartettleiken vi har på ungdomstrinnet i Herøy, dvs med fleire elevar per lærar enn kommunegruppe, fylke og nasjonalt. Statistikk kan tolkast, men talet som kjem fram fortel uansett om større utfordringar med tilpassa opplæring.

Fosnavåg, 14.05.2014

| | |
|---|---|
| Erlend Krumsvik | Sølvi Lillebø Remøy |
| Rådmann | Skulesjef |

Sakshandsamar: Eivind Longva

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

Tirsdag 13. mai, 2014

# Årsrapport for grunnskulen i Herøy

Det er fastsett i opplæringslova og privatskolelova at skoleeigarar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Stortingsmelding nr. 31 (2007-2008) går det fram at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte.

**Desse har ansvar for å utarbeide ein årleg tilstandsrapport:**

- Kommunar
- Fylkeskommunar
- Private grunnskolar som er godkjende etter opplæringslova § 2-12
- Private skolar med rett til statstilskott

**Rapport om tilstanden i opplæringa**

Rapporten om tilstanden (tilstandsrapporten) i opplæringa skal omhandle læringsresultat, fråfall og læringsmiljø.

Den årlege rapporten skal drøftast av skoleeigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).Den årlege rapporten skal drøftast av skolereigaren, dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane, jf. opplæringslova § 13-10, andre ledd. Det er fastsett i privarskolelova § 5-2, andre ledd, bokstav k, at styret skal drøfte den årlege rapporten om tilstanden i desse skolane.

Det følgjer av forarbeida til føresegnene - Ot.prp.) nr. 55 (2008-2009) s. 24 - at det skal vere mogleg å tilpasse arbeidet med å utarbeide ein årleg tilstandsrapport til det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skoleeigaren.

**Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem**

Tilstandsrapporten er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytte til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa, jf. St.meld. nr 31 (2007-2008). Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa sett opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skoleeigaren er kommen i å nå måla.

**Krav til innhald i tilstandsrapporten**

Tilstandsrapporten skal som eit minimum omtale læringsresultat, fråfall og læringsmiljø, men kan byggjast ut med annan omtale som skoleeigaren meiner er føremålstenleg ut frå lokale behov. Det er data frå Skoleporten som hovudsakleg skal brukast som grunnlag for skoleeigaren si vurdering av tilstanden, men det følgjer av St.meld. nr. 31 (2007-2008) at skoleeigarar og skolar blir oppmoda til å føre opp konkrete målsetjinger for kva dei skal oppnå innanfor dei målområda som er sette opp.

Det følgjer av Ot.prp. nr. 55 (2008-2009), s. 24, at tilstandsrapporten skal innehalde vurderingar knytte til opplæringa av barn, unge og vaksne. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje særskilde data om vaksne dvs.deltakarar som får opplæring etter kapittel 4A i opplæringslova. I vurderinga av om rettane til vaksne blir tekne vare på når det gjeld områda læringsresultat, fråfall og

læringsmiljø, må skoleeigaren derfor bruke andre kjelder for datainnhenting.

I St.meld. nr. 16 (2006-2007) går det fram at tidleg innsats er vesentleg for å betre ferdigheiter og fagleg utvikling hos elevane. Kartlegging av ferdigheitsnivået til elevane må følgjast opp med tiltak for dei som har behov for ekstra opplæring frå første stund. Den spesialpedagogiske innsatsen er her sentral. Dei data som er tilgjengelege i Skoleporten, innheld ikkje data om spesialundervisning, og skoleeigaren må derfor også på dette området bruke andre kjelder for datainnhenting.

Skoleeigaren står elles fritt til å utvide innhaldet i tilstandsrapporten.

### Det generelle systemkravet

Den plikta skoleeigaren har til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i opplæringa, er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskolelova § 5-2 tredje ledd.Ver merksam på at kravet til internkontroll, omfattar alle pliktene som ligg til skoleeigaren etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor vidare enn det tilstandsrapporten dekkjer.

### Personvern

Tal som blir lasta direkte inn frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere teiepliktige opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan òg gjelde for lokale indikatorar. Derfor ei påminning om at desse opplysningane må behandlast i tråd med reglane i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

*Merk: Denne versjonen av tilsynsrapporten er på nynorsk. Uttrekk av innhald frå Skoleporten, som ikkje finst på begge målformene, kan likevel vere på bokmål.*

# Innhald

**1. Samandrag** .......... **4**
**2. Hovudområder og indikatorar** .......... **5**
2.1. Elevar og undervisningspersonale .......... 5
2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk .......... 5
2.1.2. Lærartettleik .......... 6
2.2. Resultat .......... 7
2.2.1. Nasjonale prøver lesing 5. steget .......... 8
2.2.2. Nasjonale prøver lesing ungd. steg .......... 9
2.2.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget .......... 11
2.2.4. Nasjonale prøver rekning ungd. steg .......... 13
2.2.5. Nasjonale prøver engelsk 5. steget .......... 15
2.2.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg .......... 16
2.2.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk .......... 17
2.2.8. Grunnskolepoeng .......... 18
2.3. Gjennomføring .......... 19
2.3.1. Overgang frå grunnskole til VGO .......... 20
**3. System for oppfølging (internkontroll)** .......... **20**
**4. Konklusjon** .......... **21**

For å oppdatere innholdsfortegnelsen, markerer du denne setningen - så klikker du F9.

# 1. Samandrag

Opplæringa skal gje alle born og unge kunnskap, haldningar og verdiar som gjer dei i stand til å meistre sitt eige liv og delta i arbeids- og samfunnslivet. Samfunnsmandatet til skulen er breitt og og prega av mangfald. Med eit slikt bilete kan ein hevde at tilstandsrapporten seier lite om danning og gjev eit snevert bilete av kva arbeid som vert gjort i skulane.

Når rapporten set søkjelyset på dei lettast målbare oppgåvene i skulen, kjem andre i skuggen. Biletet som rapporten teiknar er såleis ikkje fullstendig, men gjev likevel viktig informasjon om faglege resultat, læringsmiljø, ressursinnsats og overgang til vidaregåande opplæring. Resultata som kjem fram er samanlikna med gjennomsnittlege resultat for kommunegruppe 8, fylket og nasjonalt.

**Læringsresultat**
Nasjonale prøver gir informasjon i lesing på norsk og engelsk, og rekning. Formålet med prøvene er å utvikle elevane sine ferdigheiter i emnet. Kommuneresultatet for 5. årstrinn ligg likt med eller over landsgjennomsnittet. Skalaen går 1 (dårlegast) til 3 (best). Herøy har resultatet 2,1 i rekning (2,0 nasjonalt), 2,0 i lesing (2,0) og i engelsk 2,0 (2,0).
Prøva på 8. årstrinn speglar kompetansen i lesing på norsk, i engelsk, og rekning frå mellomsteget. Her går skalaen frå 1 (dårlegast) til 5 (best). Herøyelevane ligg 0,4 under landsgjennomsnittet i lesing og engelsk (3,0 -3,0) . Medan ein ligg 0,1 under nasjonalt snitt i rekning. På niande årstrinn ligg Herøy på landsgjennomsnittet både i rekning (3,4-3,3) og 0,1 poeng under i lesing (3,3-3,5).

Eksamenskarakterane frå grunnskulen ligg på høgde, eller like under landsgjennomsnittet.

Grunnskulepoeng blir rekna ut ved at alle avslutta karakterar som blir ført på vitnemålet, blir lagt saman og delt på antal karakterar slik at ein får eit gjennomsnitt. Til slutt blir gjennomsnittet multiplisert med 10. Avgangselevane i 2012/13 syner eit lågare gjennomsnitt enn åra før i høve til grunnskulepoeng -38,6 (40,2). Dette er ikkje same gruppa som er målt i nasjonale prøver. Resultata vil variere litt frå år til år.

**Læringsmiljø**
Kvart år gjennomfører alle elevane på sjuande og tiande steget Elevundersøkinga. Dette er spørsmål knytt til trivsel med lærarane, mobbing på skulen, fagleg rettleiing, meistring og fagleg utfordring.
I år manglar vi resultatet frå Elevundersøkinga. Når dette er klart vil det kome i eigen rapport.

# 2. Hovudområder og indikatorar

## 2.1. Elevar og undervisningspersonale

**Om Elevar og undervisningspersonale**

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med desse indikatorane i tilstandsrapporten:

- talet på elevar og lærarårsverk (sum årsverk for undervisningspersonalet)
- lærartettleik (lærartettleik 1.-7. steget, lærartettleik 8.-10. steget)

### 2.1.1. Talet på elevar og lærarårsverk

**Talet på elevar**

Indikatoren opplyser om talet på elevar som er registrerte ved grunnskolar per 1. oktober det aktuelle skoleåret. Indikatoren omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskoleopplæring, og som får denne opplæringa ved ein grunnskole. Tala omfattar ikkje vaksne elevar som får grunnskoleopplæring.

**Årsverk for undervisningspersonale**

Indikatoren viser summen av årsverk for undervisningspersonalet. Summen inkluderer berekna årsverk til undervisning og berekna årsverk til anna enn undervisning.

Årsverka er berekna ved å dividere årstimar på årsramma. Det er brukt 741 timar på barnesteget og 656 timar på ungdomssteget.

I denne indikatoren høyrer følgjande delskår med: Årsverk til undervisning.

## Lokale mål

Målet er at ein har ein lærartettleik som gjer at alle blir sett, at ein kan variere i metode slik alle kan lære, og får rettleiing/ arbeid som er tilpassa den einskilde elev sitt nivå og behov.

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

| Indikator og nøkkeltall | 2008-09 | 2009-10 | 2010-11 | 2011-12 | 2012-13 |
|---|---|---|---|---|---|
| Talet på elevar | 1 154 | 1 142 | 1 132 | 1 126 | 1 094 |
| » Årsverk for undervisningspersonale | 109,0 | 106,9 | 102,2 | 98,9 | 98,9 |

Herøy kommune skoleeier, Grunnskole

## Vurdering

Elevtalet i grunnskulen for skuleåret 2012/ 13 var 1094. I tillegg kjem 41 elevar frå kommunen som går på privatskulen Møre barne- og ungdomsskule.
Talet på elevar har gått ned med om lag 5% siste 4 åra. Tilsvarande har sum årsverk lærar blitt redusert med i overkant av 10 årsverk. Det har også gjennom statlege timetalsutvidigar ført til endringar i fag- og timefordelingsplanen. For barnetrinnet fekk ein ei timetalsutviding for skuleåret 2008/2009 med 5 veketimar i faga matematikk (2), norsk (2) og engelsk (1). Og fysisk aktivitet på mellomtrinnet med 2 veketimar, frå skuleåret 2009/10.

# 2.1.2. Lærartettleik

**Lærartettleik 1.-7. steget**

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 1.- 7. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

**Lærartettleik 8.-10. steget**

Indikatoren viser gjennomsnittleg lærartettleik på 8.-10. steget ned på skolenivå. Lærartettleik er rekna ut med utgangspunkt i forholdet mellom elevtimar og lærartimar, og gir informasjon om storleiken på undervisningsgruppa. Indikatoren inkluderer timar til spesialundervisning og til andre lærartimar som blir tildelte på grunnlag av individuelle elevrettar.

## Lokale mål

Storleiken på gruppene/ klassene må ikkje vere større enn at ein får ei god tilpassa undervisning for alle elevane. Målet er å kome ned på nivå med kommunegruppe 8 og nasjonalt nivå.

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

## Herøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole




## Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole

| Indikator og nøkkeltall | 2008-09 | 2009-10 | 2010-11 | 2011-12 | 2012-13 |
|---|---|---|---|---|---|
| Lærertetthet 1.-7. trinn | 12,4 | 12,8 | 13,4 | 13,5 | 12,8 |
| Lærertetthet 8.-10. trinn | 14,0 | 14,5 | 14,6 | 15,7 | 15,7 |

Herøy kommune skoleeier, Grunnskole

---

## Vurdering

Diagrammet viser at ein i Herøy har fleire elevar per lærar på 1. - 7. trinn enn i fylket, men både i kommunegruppe 08 og nasjonalt ligg litt over. På ungdomstrinnet ser ein at ein i Herøy ligg godt over fylket, kommunegruppe 08 og nasjonalt. Vi ser at storleiken på dei spesialpedagogiske ressursane gjer at ressursen til den ordinære undervisninga må reduserast.
Lav lærartettleik påverkar i kva grad lærarane kan tilpasse undervisninga til den einskilde elev, kva metoder som kan nyttast, og kva grad det er mogleg å gje eleven ei god fagleg rettleiing.

# 2.2. Resultat

**Om Resultat**

Alle elevar som går ut av grunnskolen, skal meistre grunnleggjande ferdigheiter. Dette er ferdigheiter som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet.

I tilstandsrapporten er desse resultatindikatorane obligatoriske:

- nasjonale prøver på 5., 8. og 9. steget i lesing og rekning
- standpunkt- og eksamenskarakterar i norsk hovudmål, matematikk og engelsk
- grunnskolepoeng

Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med følgjande indikatorar i tilstandsrapporten:

- nasjonale prøver i engelsk på 5., 8. og 9. steget

## 2.2.1. Nasjonale prøver lesing 5. steget

Nasjonale prøver i lesing kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt: Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

### Lokale mål

Oppnå eit lokalt resultat over det nasjonale gjennomsnittet.

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

**Herøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**
Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




---

## Vurdering

Gjennomsnittsresultatet i lesing for Herøy kommune er 2,0. Landsgjennomsittet er 2,0. Vi er nøgde med resultat, og ser ei gledeleg utvikling der delen av elevar på meistringsnivå 1 går ned, medan delen av elevar på meistringsnivå 2 har ei fin auke. Målet er at meistringsnivå 3 vil få ein større del. Lesedugleiken til elevane er svært viktige for vidare læring. For å styrke lesedugleiken har ein utarbeidd ein felles leseplan for Herøyskulen. Dette arbeidet, i tillegg til ulike leseprosjekt, syner gode resultat. Det er positivt at gutane har svært god framgong.

# 2.2.2. Nasjonale prøver lesing ungd. steg

Nasjonale prøver i lesing skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med måla for den grunnleggjande ferdigheita lesing, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i lesing ikkje er ei prøve i norskfaget.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt ved lesing. Elevane viser at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke
3. reflektere over og vurdere form og innhald i teksten

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

## Lokale mål

Målet er å ligge over nasjonalt gjennomsnitt. Samt redusere delen på lågaste mestringsnivå, og auke delen på mestreingsnivå 4 og 5.

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

## Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole



*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**
Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Grunnskole




## Vurdering

Resultatet for lesing på 8. trinnet ligg 0,4 under nasjonalt nivå. Utgangspunktet frå 5. trinnet i 2011/12 var svært dårleg. Om lag 1/2 parten av elevane låg då på meistringsnivå 1. Ein ser ei god utvikling frå 5. til 8. klasse der spesielt dei svakaste lesarane har ei god utvikling. Resultatet for 9. trinnet ligg 0,1 under nasjonalt nivå, og mest likt med fjorårets 9. klasse.

## 2.2.3. Nasjonale prøver rekning 5. steget

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

## Lokale mål

Få eit lokalt resultat over det nasjonale gjennomsnittet.

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole



*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

**Herøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**
Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Periode 2013-14 | Grunnskole




---

## Vurdering

Gjennomsnittsresultatet i rekning er 2,1 for Herøyskulen. Landsgjennomsittet er 2,0. Vi er nøgde med resultat, og ser ei gledeleg utvikling der delen av elevar på meistringsnivå 1 går ned og delen av elevar på meistringsnivå 3 har ei fin auke. Dette er eit godt teikn på at ein lykkast meir med tilpassa opplæring. Fokus på rekning i alle fag, og ikkje berre i matematikk gjer at vi ser framgong.

# 2.2.4. Nasjonale prøver rekning ungd. steg

Nasjonale prøver i rekning kartlegg i kva grad ferdigheitene til elevane er i samsvar med mål for den grunnleggjande ferdigheita rekning, slik ho er integrert i kompetansemål i læreplanar for fag i LK06. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag. Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- tal
- måling
- statistikk

Prøvene i rekning tek utgangspunkt i korleis elevane bruker rekning i faglege og daglegdagse samanhengar. Dette inneber at dei:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

## Lokale mål

Målet for både 8. og 9. trinn er å ligge over nasjonalt nivå.

### Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole




Herøy kommune skoleeier, Grunnskole

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Trinn 9 | Begge kjønn | Grunnskole




## Vurdering

For 8. trinnet er det gjennomsnittlege resultatet 0,2 poeng under nasjonalt nivå. 5. trinnet i 2010/11 hadde eit svært dårleg resultat, og mange elevar var i meistringsnivå 1 og 2. Sjølv om ein i 8. ligg under nasjonalt nivå, så ser vi god framgang.
For 9. årtrinnet ligg vi 0,1 over landsgjennomsnittet (3,4).

## 2.2.5. Nasjonale prøver engelsk 5. steget

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene (på 5. steget) er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå hovudinnhaldet i enkle tekstar
- forstå vanlege ord og uttrykk knytte til daglegliv og fritid
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- bruke vanlege grammatiske strukturar, småord og enkle setningsmønster

Resultata til elevane på nasjonale prøver på 5. steget er presenterte ved ein skala med tre meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

## Lokale mål

Oppnå auka læring, og eit resultat minst på nasjonalt nivå.

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Trinn 5 | Begge kjønn | Grunnskole




---

## Vurdering

Også i engelsk ser vi ei positiv utvikling. Gjennomsnittet for Herøy ligg på nasjonalt gjennomsnitt (2,0). Det er svært gledeleg at vi ser ein markert reduksjon på mestringsnivå 1, og ei like markert auke på mestringsnivå 2 og 3.

# 2.2.6. Nasjonale prøver engelsk ungd. steg

Engelsk er ikkje ein del av dei grunnleggjande ferdigheitene som er integrerte i kompetansemål i læreplanane i alle fag i LK06. Prøvene tek utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag – engelsk. Oppgåvene for ungdomssteget er knytte til desse ferdigheitene:

- finne informasjon
- forstå og reflektere over innhaldet i tekstar av ulik lengd og forskjellige sjangrar
- rå over eit ordforråd som dekkjer daglegdagse situasjonar
- forstå kva ord og uttrykk tyder ut frå samanhengen dei er brukte i
- forstå bruken av grunnleggjande reglar og mønster for grammatikk og setningstypar

Resultata til elevane på nasjonale prøver på ungdomssteget er presenterte ved ein skala med fem meistringsnivå, der meistringsnivå 1 er lågast. Presentasjonen viser ei oversikt over prosentvis fordeling av elevar på meistringsnivåa.

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

## Lokale mål

Ligge over nasjonalt nivå.

**Herøy kommune skoleeier | Fordelt på periode**

Offentleg | Trinn 8 | Begge kjønn | Grunnskole




## Vurdering

Gjennomsnittet nasjonalt er 0,4 over Herøy kommune sine 8. klassingar. Vi ser, også i engelsk, at det svake kunnskapsnivået som årstrinnet har med seg gjev lågt resultat. Men utviklinga er positiv, særleg for dei svakaste elevane.

## 2.2.7. Karakterar - matematikk, norsk og engelsk

Standpunktkarakterar og karakterar frå eksamen i grunnskolen og i vidaregåande opplæring utgjer sluttvurderinga. Denne vurderinga gir informasjon om kompetansen eleven har oppnådd i faget. Vurderinga skal ta utgangspunkt i måla i læreplanverket. Graderinga beskriv at karakteren:

- 1 uttrykkjer at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykkjer at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykkjer at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykkjer at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykkjer at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykkjer at eleven har framifrå kompetanse i faget

*Kan inneholde data under publiseringsgrense.*

Karakterskalaen er 1-6. Beste karakter er 6. Karakterane er viste som gjennomsnitt.

## Lokale mål

Eit karakternivå som ligg over nasjonalt gjennomsnitt.

**Herøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012-13 | Grunnskole




Herøy kommune skoleeier, Grunnskole. 2012-2013

---

## Vurdering

Karakternivået er like under gjennomsnittet både i norsk, matematikk og engelsk.

## 2.2.8. Grunnskolepoeng

Grunnskolepoeng er eit mål for det samla læringsutbyttet for elevar som får sluttvurdering med karakterar. Karakterane blir brukte som kriterium for opptak til vidaregåande skole. Grunnskolepoeng er

rekna ut som summen av dei avsluttande karakterane til elevane, delt på talet på karakterar og gonga med 10.

Dersom det manglar karakterar i meir enn halvparten av faga, skal det ikkje reknast ut poeng for eleven

Grunnskolepoeng er presentert som karaktergjennomsnitt med ein desimal.

## Lokale mål

Målet er å ligge på gjennomsnittet av nasjonalt nivå.

**Herøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk | Fordelt på periode**

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Grunnskole




## Vurdering

Avgangselevane i 2012/13 syner eit lågare gjennomsnitt enn åra før i høve til grunnskulepoeng. Dette er ikkje same gruppa som er målt i nasjonale prøver. Resultata vil variere litt frå år til år.

# 2.3. Gjennomføring

**Om Gjennomføring**

Alle elevar og lærlingar som er i stand til det, skal gjennomføre vidaregåande opplæring. Kompetansebeviset skal sikre dei vidare studium eller deltaking i arbeidslivet. Utdanningsdirektoratet tilrår at skoleeigarane tek med denne indikatoren: Overgang frå GS til VGO

### 2.3.1. Overgang frå grunnskole til VGO

Prosentdelen av elevkullet som er registrert i vidaregåande opplæring hausten etter uteksaminering frå grunnskolen.

#### Lokale mål

At flest mogleg starar direkte på vidaregåande skule etter endt ungdomsskule.

**Herøy kommune skoleeier | Samanlikna geografisk**

Offentleg | Alle | Begge kjønn | Periode 2012 | Grunnskole

| Indikator og nøkkeltall | Herøy kommune skoleeier | Kommunegruppe 08 | Møre og Romsdal fylke | Nasjonalt |
|---|---|---|---|---|
| Elever (16 år) som er registrert i videregående opplæring samme år som avsluttet grunnskole | 99,2 | 97,9 | | 97,8 |

Herøy kommune skoleeier ; Grunnskole, 2012-2012

#### Vurdering

Tilnærma alle som går ut av ungdomsskulen i Herøy startar på vidaregåande skule same hausten.

# 3. System for oppfølging (internkontroll)

I følgje Opplæringslova §13-10 skal skuleeigar ha eit forsvarleg system som skal vurdere om krava i Opplæringslova blir følgde. Systemet skal innehalde eit oversyn over lovkrav på området og gjere krava konkrete, presise og målbare. Systemet skal vere eigna til å avdekke feil og innehalde rutinar for avvik. Herøy kommune har etablert eit slikt system.

Skuleeigar skal ha også ha eit forsvarleg system for å følgje opp resultata frå nasjonale kvalitetsvurderingar som Elevundersøkinga og Nasjonale prøver. For Herøyskulen er det utarbeidd prosedyrer for gjennomføring, analyse og rapportering. Og systemet skal sikre at det blir sett inn korrigerande tiltak, og ei vurdering av om tiltaka fungerer etter formålet.

**Språkopplæring for minoritetsspråklege - Opplæringslova § 2-8**
Det er utarbeidd lokale retningslinjer knytt til korleis vi skal oppfylle minoritetsspråklege elevar sine rettar til særskild språkopplæring. Herøy kommune har eit system som spesifiserar kven som har ansvar for informasjon til føresette, kartlegging av språkleg dugleik, enkeltvedtak, samt gjennomføring og

evaluering av opplæringa. Herøy kommune hadde statleg tilsyn etter Opplæringslova § 2-8 i 2010 med godt resultat.

**Spesialundervisning - Opplæringslova kap 5**
Omfanget av born som har rett til spesialundervisning er stort. Dette krev eit nært og tydeleg samarbeid mellom heim, skule og PPT/ skuleavdelinga. PPT skal sjå til at kvart einskild born får den opplæringa som det er gjort vedtak om, og skuleeigar ser til at prosedyrer og system blir fylgt opp. Vi er i ein kontinuerleg prosess for å gjere dette arbeidet betre.

**Elevane sine rettar til eit godt skulemiljø - Opplæringslova kap 9a**
Alle dei 5 eigarkommunane har eit medlem med personleg vara i representantskapet. Kommunane vel sjølv medlemmer i representantskapet. Representantskapet vel sjølv sin leiar og nestleiar.

Representantskapet for perioden 2011 - 2015:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hareid: | Anders Riise | Vara: | Dag Audun Eliassen |
| Herøy: | Arnulf Goksøyr (leiar) | Vara: | Reidun Myrvågnes |
| Sande: | Dag Vaagen | Vara: | Helge Støylen |
| Vanylven: | Randulf Lillebø | Vara: | Ronny Andre Løvoll |
| Volda: | Ivar Otto Kristiansen | Vara: | Jørgen Amdam |

Representantskapet har ikkje hatt møte dette året.

## Styret

Alle dei 5 eigarkommunane har eit medlem med personleg vara i styret. Kommunane vel sjølv medlemmer i styret. Styret konstituerer seg sjølv. Styret valde Henry Jøsokbakke til leiar og Hild Våge til nestleiar for 4 år i styremøte den 18.04.2012. Etter kommunevalet 2011 oppfyller styret kravet til kjønnsbalanse.

Styret etter kommunevalet hausten 2011:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Hareid: | Alice Strømmegjerde | Vara: | Truls Røyset Håbakk |
| Herøy: | Henry Jøsokbakke | Vara: | Olaug Andreassen |
| Sande: | Bjørn Flatøy | Vara: | Kari Grønnevik |
| Vanylven: | Nils Olav Moen | Vara: | Jan Helgøy |
| Volda: | Hild Våge | Vara: | Ole Martin Velsvik |

Det har vore 2 styremøte i løpet av året.

## Styret sin oppgåver

Styret har ansvar for tilfredsstillande organisering av selskapet si verksemd og skal sjå til at verksemda vert driven i samsvar med selskapet sitt formål, vedtektene, årsbudsjett og andre vedtak og retningslinjer fastsett av representantskapen. Styret skal og syte for at bokføring og formuesforvalting skjer på ein trygg måte. Styret fører tilsyn med dagleg leiar si leiing av verksemda. Styret gjer vedtak om å ta opp lån innafor ei ramme fastsett i årsbudsjettet.

## Utbetringar og anna

Etter ynskje frå Kystlab vart det sett opp ein vegg i kontorlokalet og montert opplegg for vaskemaskin og tørketrommel. Sirkulasjonspumpa hos Mattilsynet er skifta.
Ole Flaate har utført takst på bygget.
Vi held fram med brøyteavtalene med Karl Anton Voldnes også neste vinter.

## Dagleg leiar

Søre Sunnmøre Landbrukskontor har avtale om å stå for den daglege leiinga i Dragsundbygg IKS. Landbrukssjef Anne Kathrine Løberg er dagleg leiar i selskapet og rekneskapsavdelinga i Herøy kommune fører rekneskapen.

## Endring i eigarskapet

Etter Volda kommune si utmelding av Dragsundbygg IKS i 2012 vart det sendt brev til dei andre eigarkommunane om korleis dei såg på vidare deltaking i selskapet. Vanylven kommune ville ikkje på noverande tidspunkt selje seg ut av selskapet. Sande kommune melde frå om vedtak i Formannsskapet om å seie opp avtalen. Saka skulle vidare til kommunestyret i Sande for avgjerd. Etter vedtak i kommunestyret i Hareid kommune sa dei opp sin del av avtalen.

## Økonomi

Eigardelar: Fordelingsnøkkel var tidlegare utrekna prosentvis etter innbyggjartal pr. 01.01.2003. Etter at Herøy kommune har betalt ut Ørsta og Ulstein kommune har selskapet føljande prosentvise fordeling:

| | |
|---|---|
| Hareid kommune: | 10,65 % |
| Sande kommune: | 5,86 % |
| Volda kommune: | 18,55 % |
| Herøy kommune: | 56,26 % |
| Vanylven kommune: | 8,68 % |

Inntektene til selskapet er frå leigeinntekter på bygget. Leigeavtalene vert indeksregulert kvart år.
Rekneskapen for 2013 syner eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr. 46 108,-.

| | |
|---|---|
| Sum driftsinntekter | kr. 609 797,- |
| Sum driftsutgifter | kr. 361 139,- |
| Brutto driftsresultat | kr. 248 658,- |
| | |
| Sum eksterne finansinntekter | kr. 795,- |
| Sum eksterne finansutgifter | kr.- 332 516,- |
| Resultat eksterne finanstransaksjonar | kr.- 332 516,- |
| | |
| Brutto driftsresultat | kr. 248 658,- |
| Resultat eksterne finanstransaksjonar | kr.-332 516,- |
| Motpost avskrivingar | kr. 129 966,- |
| Netto driftsresultat | kr. 46 108,- |
| | |
| Sum bruk av avsettingar | kr. 118 866,- |
| Sum avsettingar | kr. - 118 866,- |
| Driftsmessig meir/-mindreforbruk | kr. 0,- |
| | |
| Sum rekneskapsmessig meir/-mindreforbruk | kr. 46 108,- |

Mindreforbruket skuldast at det har vore færre møte i styret og representantskap enn budsjettert. Ingen har levert reiserekningar. Det har heller ikkje vore aktuelle kurs. Renteutgifter på lån har og vore lågare enn forventa.
Likevel viser drifta eit meirforbruk på vedlikehald og reparasjonar. Det skuldast kostnad for oppsetting av ein vegg samt opplegg for vaskemaskin og tørketrommel i lokala til Kystlab. Høgre konsulenttenester skuldast kostnad på takst av bygget.

## Drift av selskapet

Drifta av selskapet forureinar ikkje det yrte miljø.
Styret meiner drøfting av selskapsforma må ha høg prioritet komande år.

Dragsund den 17.06.2014

Anne Kathrine Løberg
dagleg leiar

Henry Jøsokbakke
styreleiar

# Dragsundbygg IKS

Rekneskapen 2013

# Dragsundbygg Iks

# Rekneskap for år 2013

Innhaldsliste:


| | |
|---|---|
| Vedlegg 1: | Oversikt balanse |
| Vedlegg 2: | Detaljer balanse |
| Vedlegg 3: | Oversikt drift |
| Vedlegg 4: | Detaljer drift |
| Vedlegg 5: | Notar |
| Vedlegg 6: | Revisjonsmelding |


Fosnavåg, 31.12.2013 / 11.04.2014

Anne Kathrine Løberg

Merethe Grunnan

Merethe Grunnan

Vedlegg 1

Oversikt balanserekneskap

Rekneskap 2013

# Balanseregnskapet

| Tall i 1 kroner | Note | Regnskap 2013 | Regnskap 2012 |
|---|---|---|---|
| **EIENDELER** | | | |
| **ANLEGGSMIDLER** | | | |
| Faste eiendommer og anlegg | | 5 300 900 | 5 430 866 |
| Utstyr, maskiner og transportmidler | | 0 | 0 |
| Utlån | | 0 | 0 |
| Aksjer og andeler | | 0 | 0 |
| Pensjonsmidler | | 0 | 0 |
| **Sum anleggsmidler** | | **5 300 900** | **5 430 866** |
| **OMLØPSMIDLER** | | | |
| Kortsiktige fordringer | | 0 | 0 |
| Premieavvik | | 0 | 0 |
| Aksjer og andeler | | 0 | 0 |
| Sertifikater | | 0 | 0 |
| Obligasjoner | | 0 | 0 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | | 376 868 | 440 693 |
| **Sum omløpsmidler** | | **376 868** | **440 693** |
| **Sum eiendeler** | | [illegible] | [illegible] |
| **EGENKAPITAL OG GJELD** | | | |
| **EGENKAPITAL** | | | |
| Disposisjonsfond | | -240 927 | -122 061 |
| Bundne driftsfond | | 0 | 0 |
| Ubundne investeringsfond | | 0 | 0 |
| Bundne investeringsfond | | 0 | 0 |
| Endring i regnskapsprinsipp investering | | 0 | 0 |
| Endring i regnskapsprinsipp drift | | 0 | 0 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | | -46 108 | -118 866 |
| Regnskapsmessig merforbruk | | 0 | 0 |
| Udisponert i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Udekket i investeringsregnskapet | | 0 | 0 |
| Likviditetsreserve | | 0 | 0 |
| Kapitalkonto | | -2 074 228 | -1 982 528 |
| **Sum egenkapital** | | **-2 361 263** | **-2 223 454** |
| **GJELD** | | | |
| **LANGSIKTIG GJELD** | | | |
| Pensjonsforpliktelser | | 0 | 0 |
| Ihendehaverobligasjonslån | | 0 | 0 |
| Sertifikatlån | | 0 | 0 |
| Andre lån | | -3 226 672 | -3 448 338 |
| **Sum langsiktig gjeld** | | **-3 226 672** | **-3 448 338** |
| **KORTSIKTIG GJELD** | | | |
| Kassekredittlån | | 0 | 0 |
| Annen kortsiktig gjeld | | -82 675 | -198 602 |
| Premieavvik | | 0 | 0 |
| **Sum kortsiktig gjeld** | | **-82 675** | **-198 602** |
| **Sum egenkapital og gjeld** | | [illegible] | [illegible] |

| Tall i 1 kroner | Note | Regnskap 2013 | Regnskap 2012 |
|---|---|---|---|
| Ubrukte lånemidler | | 0 | 0 |
| Andre memoriakonti | | 0 | 0 |
| Motkonto for memoriakontiene | | 0 | 0 |
| Sum memoriakonti | | 0 | 0 |

Vedlegg 2

Detaljer balanse

Rekneskap 2013

| Konto | Konto (T) | Rekneskap 2012 | Rekneskap 2013 |
|---|---|---|---|
| 21020100 | 3910.23.04121 Sbm.Møre folio | 440 649,68 | 373 304,04 |
| 21098100 | 3910.23.04164 Sbm.Møre skattetrekk | 43,00 | 3 564,00 |
| 22700100 | Laboratoriebygg | 5 430 865,69 | 5 300 899,69 |
| 23220102 | Kortsiktig gjeld banker diverse | -17 522,00 | -15 114,00 |
| 23299740 | Kortsiktig gjeld andre, interimskont | -6 247,44 | -500,00 |
| 23314000 | Skattesjefen oppgj.mva 11,1 | -1 164,00 | -7 158,00 |
| 23414100 | Forskotstrekk skatt | -5 340,00 | -3 520,00 |
| 23414300 | Arbeidsgjevaravgift | -1 908,00 | -1 431,00 |
| 23499000 | Interimskonto for utbet.løn | -15 252,00 | 0,00 |
| 23499501 | Leverandøreskonto | -152 332,74 | -62 110,21 |
| 24631100 | Lån - Kommunekreditt, 10339 | -2 568 338,00 | -2 456 672,00 |
| 24641101 | Lån - KLP | -880 000,00 | -770 000,00 |
| 25600100 | Disposisjonsfond | -122 060,94 | -190 926,50 |
| 25600101 | Ubunde fond til vedlikehald | 0,00 | -50 000,00 |
| 25950590 | Rekneskapsmessig overskot | -118 865,56 | -46 108,33 |
| 25990100 | Kapitalkonto | -1 982 527,69 | -2 074 227,69 |
| | | 0,00 | 0,00 |

Vedlegg 3

Oversikt drift

Rekneskap 2013

## Økonomisk oversikt - Drift

| Tall i 1 kroner | Note | Regnskap 2013 | Regulert budsjett 2013 | Opprinnelig budsjett 2013 | Regnskap 2012 |
|---|---|---|---|---|---|
| **DRIFTSINNTEKTER** | | | | | |
| Brukerbetalinger | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre salgs- og leieinntekter | | -609 797 | -606 994 | -606 994 | -604 208 |
| Overføringer med krav til motytelse | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Rammetilskudd | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre statlige overføringer | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre overføringer | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Inntekts- og formuesskatt | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eiendomsskatt verk og bruk | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Eiendomsskatt annen fast eiendom | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Andre direkte og indirekte skatter | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum driftsinntekter** | | **-609 797** | **-606 994** | **-606 994** | **-604 208** |
| **DRIFTSUTGIFTER** | | | | | |
| Lønnsutgifter | | 13 500 | 22 500 | 22 500 | 19 677 |
| Sosiale utgifter | | 1 431 | 1 000 | 1 000 | 1 908 |
| Kjøp av varer og tjen. som inngår i komm. tjenesteprod. | | 161 245 | 119 000 | 119 000 | 163 621 |
| Kjøp av tjenester som erstatter kommunens tjensteprod. | | 55 000 | 55 000 | 55 000 | 55 000 |
| Overføringer | | -3 | 0 | 0 | 2 |
| Avskrivninger | | 129 966 | 129 966 | 129 966 | 129 966 |
| Fordelte utgifter | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum driftsutgifter** | | **361 139** | **327 466** | **327 466** | **370 174** |
| **Brutto driftsresultat** | | **-248 658** | **-279 528** | **-279 528** | **-234 034** |
| **EKSTERNE FINANSINNTEKTER** | | | | | |
| Renteinntekter og utbytte | | -795 | -500 | -500 | -768 |
| Mottatte avdrag på lån | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum eksterne finansinntekter** | | **-795** | **-500** | **-500** | **-768** |
| **EKSTERNE FINANSUTGIFTER** | | | | | |
| Renteutgifter og låneomkostninger | | 111 645 | 133 000 | 133 000 | 125 788 |
| Avdrag på lån | | 221 666 | 221 666 | 221 666 | 175 833 |
| Utlån | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum eksterne finansutgifter** | | **333 311** | **354 666** | **354 666** | **301 621** |
| **Resultat eksterne finanstransaksjoner** | | **332 516** | **354 166** | **354 166** | **300 853** |
| Motpost avskrivninger | | -129 966 | -129 966 | -129 966 | -129 966 |
| **Netto driftsresultat** | | **-46 108** | **-55 328** | **-55 328** | **-63 148** |
| **BRUK AV AVSETNINGER** | | | | | |
| Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk | | -118 866 | 0 | 0 | -47 679 |
| Bruk av disposisjonsfond | | 0 | 0 | 0 | -55 718 |
| Bruk av bundne fond | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Bruk av likviditetsreserven | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum bruk av avsetninger** | | **-118 866** | **0** | **0** | **-103 397** |
| **AVSETNINGER** | | | | | |
| Overført til investeringsregnskapet | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til dekning av tidligere års r.messige merforbruk | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til disposisjonsfond | | 118 866 | 0 | 0 | 47 679 |
| Avsatt til bundne fond | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| Avsatt til likviditetsreserven | | 0 | 0 | 0 | 0 |
| **Sum avsetninger** | | **118 866** | **0** | **0** | **47 679** |
| **Regnskapsmessig mer-/mindreforbruk** | | **-46 108** | **-55 328** | **-55 328** | **-118 866** |

Vedlegg 4

Detaljer drift

Rekneskap 2013

Detaljer drift

| Konto | Konto (T) | Beløp | Budsjett vedtatt |
|---|---|---|---|
| 10801 | Møtegodtgjersle | 13 500,00 | 22 500,00 |
| 10990 | Arbeidsgiveravgift | 1 431,00 | 1 000,00 |
| 11151 | Servering møter, kurs, representasjon | 0,00 | 500,00 |
| 11302 | Banktenester og gebyrer | 486,00 | 500,00 |
| 11501 | Opphaldsutgifter kurs | 0,00 | 3 000,00 |
| 11600 | Reiseutgifter, oppgåvepliktige | 0,00 | 1 500,00 |
| 11703 | Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktige | 0,00 | 500,00 |
| 11850 | Forsikring | 29 273,00 | 30 000,00 |
| 11950 | Avgifter på eigedom | 35 776,53 | 40 000,00 |
| 12300 | Vedlikehold og byggtenester | 1 187,55 | 0,00 |
| 12400 | Serviceavtaler og reparasjoner | 55 299,80 | 15 000,00 |
| 12700 | Konsulenttenester | 39 221,92 | 28 000,00 |
| 13500 | Kjøp frå kommuner | 55 000,00 | 55 000,00 |
| 14702 | Div. øre/kroneavrund, -øre/kronebalanse | -2,64 | 0,00 |
| 15000 | Renteutgifter | 111 645,00 | 132 000,00 |
| 15001 | Morarenter | 0,00 | 1 000,00 |
| 15100 | Avdrag på lån | 221 666,00 | 221 666,00 |
| 15400 | Avsetning til disposisjonsfond | 118 865,56 | 0,00 |
| 15800 | Årets rekneskapsmessige overskot | 46 108,33 | 55 328,00 |
| 15900 | Avskrivingar | 129 966,00 | 129 966,00 |
| 16300 | Husleigeinntekter, avgiftsfrie | -392 252,00 | -390 108,00 |
| 16500 | Husleigeinntekter, avgiftspliktige | -217 545,49 | -216 886,00 |
| 19000 | Renteinntekter | -795,00 | -500,00 |
| 19300 | Disponering av rekneskapsmessig overskot | -118 865,56 | 0,00 |
| 19900 | Motpost avskrivinger | -129 966,00 | -129 966,00 |
| | | **0,00** | **0,00** |

Detaljer drift sortert på ansvar

| Konto | Konto (T) | Ansvar | Ansvar (T) | Beløp | Budsjett vedtatt |
|---|---|---|---|---|---|
| 10801 | Møtegodtgjersle | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 13 500,00 | 22 500,00 |
| 10990 | Arbeidsgiveravgift | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 1 431,00 | 1 000,00 |
| 11151 | Servering møter, kurs, representasjor | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 0,00 | 500,00 |
| 11302 | Banktenester og gebyrer | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 486,00 | 500,00 |
| 11501 | Opphaldsutgifter kurs | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 0,00 | 3 000,00 |
| 11600 | Reiseutgifter, oppgåvepliktige | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 0,00 | 1 500,00 |
| 11703 | Reiseutgifter, ikkje oppgåvepliktige | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 0,00 | 500,00 |
| 11850 | Forsikring | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 29 273,00 | 30 000,00 |
| 11950 | Avgifter på eigedom | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 35 776,53 | 40 000,00 |
| 12300 | Vedlikehold og byggtenester | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 1 187,55 | 0,00 |
| 12400 | Serviceavtaler og reparasjoner | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 55 299,80 | 15 000,00 |
| 12700 | Konsulenttenester | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 39 221,92 | 28 000,00 |
| 13500 | Kjøp frå kommuner | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 55 000,00 | 55 000,00 |
| 14702 | Div. øre/kroneavrund, -øre/kronebala | 3252 | Drift Dragsundbygg I | -2,64 | 0,00 |
| 15000 | Renteutgifter | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 111 645,00 | 132 000,00 |
| 15001 | Morarenter | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 0,00 | 1 000,00 |
| 15100 | Avdrag på lån | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 221 666,00 | 221 666,00 |
| 15400 | Avsetning til disposisjonsfond | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 118 865,56 | 0,00 |
| 15800 | Årets rekneskapsmessige overskot | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 46 108,33 | 55 328,00 |
| 15900 | Avskrivingar | 3252 | Drift Dragsundbygg I | 129 966,00 | 129 966,00 |
| 16300 | Husleigeinntekter, avgiftsfrie | 3252 | Drift Dragsundbygg I | -392 252,00 | -390 108,00 |
| 16500 | Husleigeinntekter, avgiftspliktige | 3252 | Drift Dragsundbygg I | -217 545,49 | -216 886,00 |
| 19000 | Renteinntekter | 3252 | Drift Dragsundbygg I | -795,00 | -500,00 |
| 19300 | Disponering av rekneskapsmessig ove | 3252 | Drift Dragsundbygg I | -118 865,56 | 0,00 |
| 19900 | Motpost avskrivinger | 3252 | Drift Dragsundbygg I | -129 966,00 | -129 966,00 |
| | | | | 0,00 | 0,00 |

Vedlegg 5

Notar

Rekneskap 2013

# Noter til årsrekneskapet 2013
# Dragsundbygg IKS

**NOTE 1 Rekneskapsprinsipper**

Årsrekneskapet er sett opp i samsvar med lov og avtaleverk, og god kommunal rekneskapsskikk.

**NOTE 2 Lønskostnader, antal tilsette, godtgjersler.**

Dragsundbygg IKS har ingen tilsette. Dei har eit styre, eit representantskap, og den daglege drifta vert administrert av Søre Sunnmøre Landbrukskontor.

| | |
|---|---|
| Godtgjersle til Søre Sunnmøre Landbrukskontor | kr 55.000,- |

**Godtgjersler til styre/representantskap**

| | |
|---|---|
| Møtegodtgjersle | kr 13.500,- |

**NOTE 3 Anleggsmidlar**

| | |
|---|---|
| Laboratoriebygg: | 5.300.899,- |

| | |
|---|---|
| Anskaffelseskost 1.01 | 6.498.323,- |
| Tilgang i året | 0,- |
| Avgang i året | 0,- |
| Anskaffelseskost pr.31.12.13 | 6.498.323,- |
| | |
| Akkum. Avskriving 01.01.13 | 1.067.458,- |
| Årets avskriving 2% | 129.966,- |
| Bokført verdi pr.31.12.13 | 5.300.899,- |

**NOTE 4 Godtgjersler/honorar**

| | |
|---|---|
| Revisjonshonorar | 3.625,- |
| Rekneskapshonorar | 25.000,- |
| | 28.781,- |

**NOTE 5 Eigardelar.**

Prosentvis fordeling slik:

| | |
|---|---|
| Herøy kommune: | 56,26% |
| Hareid kommune: | 10,65% |
| Volda kommune: | 18,55% |
| Sande kommune: | 5,86% |
| Vanylven kommune: | 8,68% |

Fosnavåg, 12.03.2014

Merethe Grunnan

Merethe Grunnan

Vedlegg 6

Revisjonsmelding

Rekneskap 2013

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

Til Dragsundbygg IKS

6080 GURSKØY

## REVISJONSUTTALE 2013

### Uttale om årsrekneskapen

Vi har revidert årsrekneskapen for Dragsundbygg IKS for 2013.
Årsrekneskapen består av driftsrekneskap og balanse pr 31.12.2013, samt notar som beskriv nytta rekneskapsprinsipp og andre relevante opplysingar.
Årsrekneskapen viser eit netto driftsresultat på kr. 46.108,- og eit rekneskapsmessig mindreforbuk på kr 46.108,-

*Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen*

Styret og dagleg leiar er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk. Styret og dagleg leiar har og ansvar for intern kontroll som gjer det muleg å utarbeide eit årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av mislegheiter eller feil.

*Revisor sine oppgåver og plikter*

Vår oppgåve er å gi ein uttale om årsrekneskapen på bakgrunn av vår revisjon. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal revisjonsskikk i Norge, herunder International Standards on Auditing. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå nødvendig tryggleik for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Revisjon inneber gjennomføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløp og opplysningar i årsrekneskapen. Dei valte handlingane avheng av revisor sitt skjønn, herunder vurdering av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, enten det har si årsak i mislegheiter eller feil. Ved ein slik risikovurdering tek revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for selskapet sin utarbeiding av eit årsrekneskap som gir ei dekkande framstilling. Formålet er å utforme revisjonshandlingar som er hensiktsmessige etter omstenda, men ikkje for å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av selskapet sin interne kontroll. Revisjonen omfatter og ei vurdering av om dei nytta rekneskapsprinsippa er hensiktsmessige og om rekneskapsestimata som er utarbeida av leiinga er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Etter vår oppfatning er innhenta revisjonsbevis tilstrekkeleg og hensiktsmessig som grunnlag for vår konklusjon.

# SØRE SUNNMØRE KOMMUNEREVISJON IKS

## Uttale om andre forhold

*Budsjettkontroll:*

Basert på vår revisjon av rekneskapen som skildra ovanfor, meiner vi at regulert budsjett i rekneskapen viser driftskostnader med neg.avvik i forhold til regulert budsjett, og renter/avdrag viser pos.avvik. Budsjettet er i ubalanse, då det viser eit overskot på kr 55.328,-

***Konklusjon***

Basert på vår revisjon av årsregnskapet som skildra ovanfor og kontrollhandlingar vi har funne naudsynte i hht attestasjonsstandard ISAE 3000, meiner vi leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av Dragsundbygg IKS sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god kommunal rekneskapsskikk i Norge.

Etter vår meining er årsrekneskapen avgitt i samsvar med lov og forskrifter, og gir i det alt vesentlege ei dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Dragsundbygg IKS pr 31. desember 2013, og av resultatet for rekneskapsåret pr. denne dato som er i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk.

Ulsteinvik/Herøy 14.mars 2014

Bodill Skeide

Reg. revisor

Til
Komité for oppvekst
Formannskap
Kommunestyre

Leikong 27. juli 2014

**<u>Vi ønskjer barnehage på Leikong!</u>**

I sak 8/14, (arkivsak 2014/750), tilrår rådmannen å byggje 5 nye småbarnavdelingar ved Myrvåg barnehage (til saman 8 avdelingar). Samtidig viser rådmannen til at han ønskjer å leggje ned barnehagen på Leikong.

**Leikong er ei bygd i stor vekst. Barneskulen på Leikong illustrerer dette godt med ein auke i elevtal frå rundt 50 til nærmare 80 elevar på få år.**

Det har i fleire år vore for få barnehageplassar på Leikong. Ei oversikt frå 2012 viste at det var rundt 60 born i barnehagealder på Leikong, der 18 fekk plass i Leikanger barnehage, medan om lag 25 gjekk i Myrsnipa. Året etter vart Leikanger barnehage utvida med 11 nye plassar. Om lag 26 born fekk då plass på Leikong medan ca. 15 born gjekk i Myrsnipa.

Vi er ei foreldregruppe på Leikong som ser positivt på at det vert satsa på barnehage i indre Herøy. Samstundes som vi ser behovet for utbygging, er vi ikkje samde i at ein stor barnehage for alle borna i indre Herøy er det rette svaret.

<u>Vi ber derfor politikarane i Herøy om å vurdere følgjande:</u>

1. Leikong er ei bygd som er attraktiv for tilflyttarar. Innbyggjarveksten kjem frå både utflytta Leikongarar som vel å kome attende og reine tilflyttarar. Leikongbygda er unik, med flott natur, skog, fjell og skjergard og sentralt med kort veg til både Fosnavåg, Ulsteinvik, Volda, Ørsta og Sande.

   **For oss som har flytta til Leikong er eit av dei viktigaste momenta for val av buplass tilbod om barnehage og skule i bygda.**

   Barnehagen er ein viktig integreringsinstitusjon for oss som kjem til bygda. Foreldre og born vert kjende med kvarandre og det er med å skape det gode samhaldet vi finn her på Leikong. Barnehagen er med å byggje eit godt lokalsamfunn der folk trivst. Med Herøy kommune si satsing på vekst jf., Herøyløftet, er det etter vårt syn uheldig å fjerne barnehagen som er så viktig for kvar ein vel å busetje seg når ein er i etableringsfasen.

2. Vi opplever at samlokaliseringa av barnehage og skule på Leikong er ei styrkje for borna. Borna på Leikong kjenner både lærarar og andre elevar lenge før skulestart og overgangen frå barnehage til skule går naturleg, lett og trygt. Vi meinar at tryggleik er den viktigaste faktoren for læring, utvikling og helse.

3. Det er planlagt 5 avdelingar med felles uteområde, i tillegg til dei 3 eksisterande avdelingane i Myrvåg. Fleire av oss foreldre er bekymra for å sende barna til ein så stor barnehage. Det vil difor for enkelte vere aktuelt å vurdere alternative løysingar.

4. I saksutgreiinga peikar rådmannen på at ein ny barnehage i Myrvåg vil vere helsefremjande. Vi meiner at høve til å hente borna til fots eller med sykkel er gunstig for folkehelse og miljø. Jf. også Herøy kommune si målsetjing om redusert utslepp frå korte personbilreiser i klimaplanen. Vidare viser vi til at Leikanger barnehage sin nærleik til naturområde også er positivt for borna si helse, jf. mange turar til fjøra og faste turar til nyleg oppført gapahuk i Kleppefurene der borna får utfalde seg.

5. Rådmannen viser til at ei nedlegging av barnehagen på Leikong frigir lokale til skuleundervisning. Vi viser til at skuleleiinga har påpeika at barnehagelokala ikkje er ei god løysing som skulelokale.

Vi ønskjer eit balansert barnehagetilbod i Herøy. Med ei utviding til om lag 50 plassar ved Leikanger barnehage vil alle frå bygda som ønskjer det kunne få plass lokalt. Det vil også gje eit større pedagogisk miljø.

**Vi foreslår at det vert utarbeidd eit moglegheitsstudie for enten utviding av eksisterande lokale, eller nye lokale til barnehage.**

Det er etablert ei arbeidsgruppe som ser på utviding og utvikling av Leikanger grendahus. I den samanheng ser ein at det truleg er mogeleg å byggje ut relativt store areal, nært knytt til eksisterande bygningsmasse. Kanskje kunne ein vinn-vinn situasjon for alle vere å tenkje samla utviding med utstrekt sambruk for grendahus, skule og barnehage?

Leikanger barnehage har eit godt tilrettelagt uteområde, tilgang til gymsal og ein har ein flott gapahuk som er mykje i bruk. Vidare har barnehagen eit dyktig og stabilt personale, noko som fremjar læring, trivsel og tryggleik for borna. Dette er kvalitetar som vi ønskjer å vidareføre!

Vi håper de ser moglegheitene og ikkje avgrensningane!

Venleg helsing

For Foreldrerådsstyret ved Leikanger barnehage:
Tore Hasund, Winnie Støylen, Heidi Mundal, Stian Jøsok, Siv Midtlien, Irene Winsnes

Ps! Vi legg også ved eit brev som i 2012 vart sendt brev til Herøy kommune i samband med budsjettarbeidet, sidan ingen av momenta i dette brevet har kome med i saksutgreiinga til rådmannen.

Fra: postmottak
Sendt: 5. august 2014 15:48
Til: Arkiv
Emne: FW: Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Helsing

þÿ H E Rÿý Y   K O M M U N E
Postmottak

7008 1300

www.heroy.kommune.no

Fra: siv@midtlien.com [mailto:siv@midtlien.com]
Sendt: 5. august 2014 15:40
Til: postmottak
Emne: Opent brev til komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret

Hei
þÿ E g   s e n d e r   m e d   d e t t e   o p e   b r e v   f rÿý   f o r e l d r
þÿ v e d rÿý r a n d e   s a k   8 / 1 4 ,   ( a r k i v s a k   2 0 1 4 / 7 5 0 )
i komite for oppvekst, formanskapet og kommunestyret i samband med den komande
þÿ h a n d s a m i n g a   a v   s a k a .   S jÿý   v e d l e g g

Venligst bekreft.

Beste helsing
Siv Midtlien

**Opent brev til Formannskapet i Herøy kommune i høve budsjettarbeidet 2012.**

La oss få behalde barnehagen på Leikong!

I Vestlandsnytt tysdag 6.november 2012 tilrår rådmann Erlend Krumsvik ei kraftig utviding av barnehagekapasiteten i Myrvåg ved å byggje ein ny barnehage på den gamle skuletomta. Rådmannen anslår at det totalt vil bli 120 plassar på dette relativt avgrensa området.

Barnehageleiar Laila K. Solhaug stiller seg positiv til initiativet og fylgjer opp med å sannsynleggjere nedlegging av Leikanger og Moltu barnehage.

Foreldreutvalet ved Leikanger skule og Leikanger barnehage ser behovet for utbygging av barnehage, ikkje minst fordi vi ser mengda av born frå bygda vår som står på venteliste. Per i dag er talet på born frå bygda med rett til barnehageplass rundt rekna 60 born. Av dei går 18 i Leikanger barnehage og omlag 25 av dei går i Myrsnipa barnehage. Samstundes som vi ser behovet for utbygging, er vi ikkje samde i at ein stor barnehage for alle ungane i indre Herøy nødvendigvis treng å vere det einaste rette svaret.

Samlokaliseringa av barnehage og skule på Leikong har vore ei styrkje for borna. Og ein ser at stadig fleire rapportar konkluderer med at samarbeidet mellom desse to institusjonane er særleg viktig for kvaliteten på vidare skulegang. Her viser vi mellom anna til Fylkesmannen i Rogaland sin sluttrapport på prosjektet *Skole + barnehage = sant* og kunnskapsdepartementet sin vegleiar: *Frå eldst til yngst*. Dei borna som går andre stadar er avhengige av større resursbruk for å få bygd opp tilsvarande tryggheit og tillit til skulen før skulestart. Ungane på Leikong kjenner både lærarar og andre elevar lenge før skulestart og overgangen går naturleg, lett og trygt. I tillegg viser rapportar at mellomstore barnehagar har den beste kvaliteten og at det sjeldan er ei styrke for borna med for høgt tal born på eit avgrensa område, slik Myrvåg-prosjektet kan sjå ut til å bli. Her kan vi mellom anna vise til IRIS-rapporten: *Barnehagenes organisering og strukturelle faktorers betydning for kvaltitet*. (Kunnskapsdepartementet 2011)

Representantane for foreldreutvala har fått framlagt fleire ulike forslag til løysingar på mogeleg utbygging av området ved Leikanger skule, som er tenleg for både barnehage og skule. Det er heilt klart at det ikkje berre er mangel på barnehageplassar, men at det om få år vil verte for liten plass på skulen også. Her trengst kanskje ikkje så veldig store grep for å få til ei tilfredsstillande løysing.

Foreldreutvala vel å sjå veksten i årskulla som noko positivt og gleder seg over å vere ein del av ei bygd i vekst. Vi har eit trygt og nært oppvekstområde vi vil behalde og gjerne utvide.

Leikongbygda er i dag eit attraktivt område for eventuelle innflyttarar til Herøy. Den positive veksten kjem kanskje ikkje så lett til syne, då det ikkje er så stor utbygging på dei kommunale tomtene i Feirelida bustadfelt. Likevel ser vi på den stadige auka av born i skuleklassene at her er ganske stor tilflytting. Eit bra eksempel er borna som er fødde i 2007, og som skal byrje i fyrste klasse hausten 2013. Ved utgangen av 2007 var her ni-ti born i dette kullet. No reknar dei heile 16 born, det vil sei ei tilflytting på vel seks born i berre eitt einaste årskull.

Vi har i dag ei bygd med yrande liv, her er eit grendahus som kvar einaste ettermiddag og kveld er fullt opp med aktivitetar for folk i alle aldrar. Den nye kunstgrasbana som er under opparbeiding vil bli eit nytt positivt tilskot ved skuleområdet. Ei betre og meir tilfredsstillande trafikkløysing i tilkomsten til skulen er allereie på budsjettet og er under planlegging.

Det er liten tvil om at Leikong i dag er eit attraktivt område å busette seg i. Her har vi det meste ein kan ynskje seg, vere seg barnehage, skule, aktivitetar for born og vaksne, natur både på fjellet og ved sjøen og eit positivt og lojalt samhald blant innbyggarane.

Vi trur at med litt hjelp frå kommunen, slik at vi kan behalde barnehage og skule, kan vi fortsette å vere ei tiltalande bygd i vekst, og at vi kan vere med på å oppnå målet om å nå 10 000 innbyggarar i Herøy kommune innan 2020.

På vegne av foreldra i Leikanger barnehage og Leikanger skule:

Tore Hasund
leiar FAU Leikanger barnehage

Solveig Roaldsetli Bakken
leiar FAU Leikanger skule

ARKIVVERKET
STATSARKIVET I TRONDHEIM

KOMMUNESTYRET
FORMANNSKAP
ASS. RÅDM.

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr 2013/1243 | Saksbeh. HS
13 MAI 2014
Ark.kode P 066
Ark.kode S
J.nr. | Dok nr. 5
Kassasjon

Herøy kommune

Postboks E
6099 FOSNAVÅG

| Dykkar ref. | Vår ref. | Dato |
|---|---|---|
| | 2013/22854 KNKN | 12.05.2014 |

# Rapport etter tilsyn - Herøy kommune

Vi oversender rapport etter Statsarkivets tilsyn med arkiva i Herøy kommune den 31.10.2013. Kommunen ga tilbakemelding til foreløpig rapport i brev frå 12.12.2013. Vi ber om orsaking for at endelig rapport kjem noko seint, som skyldast ei større omorganisering av Statsarkivet i Trondheim.

Statsarkivet fikk eit positivt inntrykk av arkivarbeidet i kommunen. Noen av avvika som kom fram under tilsynet, går på at kommunen ikkje har utarbeida rutinar for arkivarbeidet utover det arkivtenesta utfører. Vi ser at kommunen allereie i etterkant har starta arbeidet med å utarbeide desse. Ved å samle alle rutinar i arkivplanen, vil kommunen få ein oversikt og eit reiskap for å sikre alle sine arkiver.

Eit grunnleggande fundament for å ta vare på arkivmateriale, både på kort og lang sikt, er tilfredsstillende oppbevaringsforhold. Avvika i arkivlokala kan resultere i tap av viktig juridisk dokumentasjon og historisk viktige arkiv. Det kan ramme den enkelte innbyggjar og det kan ramme kommunen. Det er avgjørande at kommunens oppsette planer for utbetringar følgjes.

Kommunen har relativt store mengder med uordna arkivmateriale, som gjør at disse arkiva er vanskelig tilgjengelig. Ein av dei viktigaste årsakene til at man skal ta vare på arkivmateriale, er at dei skal kunne brukast. Ordninga av dei eldre arkiva er relativt tidkrevjande, og vil krevje ressursar.

Vi viser også til vår rapport, der følgjande er påpekt i oppsummeringa:

1. Sjå rapportens punkt 2.4: Vi meiner at praksis i forhold til bruk av private e-postkassar til sakshandsaming er i strid med arkivforskrifta si § 3-5, og mulig i forhold til arkivforskrifta si § 2-6.
2. Sjå rapportens punkt 3.1: Det påpeikast som eit avvik i forhold til arkivforskrifta kapittel 3 del A at det manglar rutinar for arkivdanninga som skjer i kommunen utover den danninga som skjer i arkivsystemet ePhorte.

Statsarkiv for Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland.
Kontoradresse: Maskinistgata 1 7042 Trondheim
Organisasjonsnr: 961 181 399
Telefon: 73 88 45 00 Telefaks: 73 88 45 40
www.arkivverket.no/trondheim
statsarkivet.trondheim@arkivverket.no

3. Sjå rapportens punkt 3.4: Det er eit avvik i forhold til arkivforskrifta si § 3-17 at kopi av avslutta journalperiodar ikkje er deponert.
4. Sjå rapportens punkt 4: Kommunen sine bortsettingslokalar har til dels alvorlege avvik i forhold til krava i kapittel 4 i arkivforkrifta.
5. Sjå rapportens punkt 5.2: Det er eit avvik i forhold til krava i §§ 5-4 og 5-5 i arkivforskrifta at kommunen har eit etterslep av avslutta og eldre uordna arkiv.

Vi ber om at Herøy kommune innan 30.6.2014 sender oss en plan for korleis dei påpekte avvik skal lukkes.

Med helsing

Astrid Løvlien
Statsarkivar

STATSARKIVET I TRONDHEIM

# Tilsyn med arkiva i Herøy kommune

| Tilsynsrapport | |
|---|---|
| Sak: 2013/22854<br>Dato for tilsyn: 31.10.2013 | Rapportdato: 12.5.2014<br>Utarbeida av: Knut Arild Knudsen |

# Innhald


1 Innleiing ... 3

1.1 Bakgrunn for tilsynet ... 3

1.2 Mottatt dokumentasjon ... 3

1.3 Deltakarar ... 3

1.4 Om kommunen og tidligare tilsyn ... 3

2 Arkivansvar, arkivorganisering og arkivsystem ... 3

2.1 Arkivansvar ... 3

2.2 Organisering av arkivtenesta, arkivorganisering og arkivdanning ... 4

2.3 Arkivplan ... 6

2.4 Arkivdanning i arkivsystemet ePhorte ... 6

3 Arkivrutinar ... 8

3.1 Behandling av post og saksdokument ... 8

3.2 Kvalitetssikring i ePhorte ... 8

3.3 Restansar ... 9

3.4 Periodeinndeling av journal og arkivsystem ... 9

4 Arkivlokalar ... 10

5 Eldre og avslutta arkiv ... 11

5.1 Kommunens arkivdepot ... 11

5.2 Avlevering av papirarkiv ... 11

5.3 Avlevering av elektronisk arkivmateriale ... 12

5.4 Publikums tilgang til arkivmateriale ... 13

6 Avvik i forhold til arkivforskrifta ... 13

Vedlegg 1: Oversikt over fagsystem ... 14

Vedlegg 2: Krav til elektroniske arkiv ... 16

Vedlegg 3: Vurdering av bortsettingslokale ... 17

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for tilsynet

Statsarkivet i Trondheim var, på vegne av Riksarkivaren, på tilsyn hos Herøy kommune den 31.10.2013. Heimelsgrunnlaget for Riksarkivarens tilsynsverksemd er gitt i lov av 04.12.92 nr. 126 om arkiv § 7: "Riksarkivaren har rettleiings- og tilsynsansvar for arkivarbeidet i offentlege organ". Denne myndigheita er delegert til statsarkivarane. Statsarkivaren i Trondheim har Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag og Nordland som sitt distrikt.

Formålet med tilsynet var å undersøke om arkivdanning, arkivlokalar og rutinar er i tråd med arkivloven og arkivforskrifta[1]. Formålet med denne lova er å sikre at arkiv som har kulturell verdi eller forskingsverd eller inneheld rettsleg eller viktig forvaltningsmessig dokumentasjon, blir tatt vare på og gjort tilgjengeleg for samtid og ettertid.

Vi gjør merksam på at det ikkje har vore gjennomført tilsyn med alle arkiv og arkivlokalar i kommunen, og at det berre er det som er omtalt i rapporten som er undersøkt.

## 1.2 Mottatt dokumentasjon

Tilsynet vart ble varsla i brev av 1.10.2013 til Herøy kommune. Kommunen oversendte den 18.10.2013 oversikt over rutinar og lenke til kommunen sin arkivplan. Dette ble gjennomgått i framkant av tilsynet. Kommunen ga tilbakemelding til foreløpig rapport i brev datert 12.12.2013.

## 1.3 Deltakarar

Frå Herøy kommune: Arkivansvarlig Hilde Bringsvor Skinnes deltok under heile tilsynet. Rådmann Erlend Krumsvik deltok under gjennomgang av arkivlova og arkivforskrifta. Assisterande rådmann Olaus-Jon Kopperstad deltok under oppsummeringa.

Frå Statsarkivet i Trondheim: Arkivar Knut Arild Knudsen.

## 1.4 Om kommunen og tidligare tilsyn

Kommunen har i overkant av 8800 innbyggarar. Administrasjonssenter er Fosnavåg. Statsarkivet har tidligare vore på tilsyn i 1985.

# 2 Arkivansvar, arkivorganisering og arkivsystem

## 2.1 Arkivansvar

**Krav i regelverket**

§ 1-1 i arkivforskrifta fastslåast det at i kommunar er arkivansvaret ein del av det overordna administrative ansvaret som er tillagt administrasjonssjefen. Det er fastslått i arkivforskriftas § 2-1 at det daglige arkivarbeidet skal utføres av ei arkivteneste, under dagleg leiing av ein arkivansvarleg. Arkivforskriftas § 5-1 stiller krav om at ansvaret for eldre og avslutta arkiv blir plassert hos ein depotansvarleg.

---

[1] Lov om arkiv. LOV-1992-12-04-126 (i rapporten: arkivloven), Forskrift om offentlege arkiv FOR-1998-12-11-1193 (i rapporten: arkivforskrifta)

**Funn**
Det overordna ansvaret for arkiva er plassert hos rådmannen. Arkivansvarleg har fagansvar for arkivdanning og kommunens eldre og avslutta arkiv. IKA Møre og Romsdal er kommunen sitt arkivdepot. Dette er nedfelt i arkivplanen. Arkivansvarleg har eit overordna arkivansvar også for dei arkiva som blir skapt ute på einingane, men det daglege og operative ansvaret høyrer inn under leiarane på einingane. Arkivansvarleg har eit overordna faglege ansvaret for alle arkiv som er skapt og oppbevart i kommunen.

**Konklusjon**
Arkivansvar er plassert og beskrive som påkravd i arkivforskrifta.

## 2.2 Organisering av arkivtenesta, arkivorganisering og arkivdanning

**Krav i regelverket**
Arkivtenesta skal som hovudregel vere felles for organet, og i fylgje § 2-4 i arkivforskrifta skal arkivet vere sentralisert så langt dette er praktisk mulig. I arkivforskrifta definerast også kva som faktisk er kommunen sitt arkiv, der det presiserast at i arkivet inngår sakarkivet, journalar til dette, register og kopibøker m.m. Møtebøker, fagsystem, databasar og andre arkivseriar og dokument som blir motteke eller skapt i samband med verksemda til kommunen, er også ein del av arkivet.

Arkivforskrifta § 2-4 har ein vid definisjon om kva som er arkiv. Det betyr at all dokumentasjon som er skapt i kommunen skal handterast etter regelverket, både elektroniske register, databasar, fagsystem og papirbaserte arkiv. For elektroniske register og databasar er det i utgangspunktet ikkje krav om arkiveksemplar på papir. Men systema dei inngår i, skal vere dokumentert slik at materialet kan nyttast i arkivdepot. Denne dokumentasjonen skal inngå i arkivplanen. Dersom systema produserer eller lagrar saksdokument, må systema og rutinane oppfylle krav i arkivforskrifta § 2-13, samt Riksarkivaren sin forskrift kapittel IX[2].

**Funn**
Kommunen har eit felles arkiv og postmottak. Arkivtenesta er organisatorisk lagt til Fellessekretariatet, som er plassert under rådmannen. Det er tre personar som arbeidar i arkivet, i til saman 2,5 stilling. Arkivtenesta har vore organisert slik sidan 2003, og før dette hadde einingane i kommunen eigne arkiv. Etter 2003 har arkivet utført arkivarbeid for alle einingar. I tillegg til ePhorte skaper nokre av einingane dokumentasjon i ulike fagsystemet og i papirarkiv. Ut frå den dokumentasjonen vi har motteke og ut frå samtalar under tilsynet, har vi prøvd å forstå den måten arkiv blir skapt på i kommunen. Dette er vår forståing.

| Eining | Arkivdel i ePhorte | Arkiv andre stadar | Merknad |
|---|---|---|---|
| Alle einingar i kommunen brukar arkivdelen Emne | Emne etter K-koder | | Alle einingar i kommunen bruker denne arkivdelen, minst til administrative saker.<br>Alle møter er dokumentert i ePhorte |
| Utviklingsavdelinga | Gnr / Bnr<br><br>Administrative saker i emne etter K- | Arkivet er på papir, men frå og med 1.1.2012 er alle dokumenta skanna | Det er planlagt overgang til elektronisk arkiv frå 1.1.2014. Kommunen |

[2] FOR 1999-12-01 nr 1566: Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver

| | | | |
|---|---|---|---|
| | koder | | vurderer å etterskanne papirarkiva |
| Personavdelinga | Pers | Fullelektronisk personalarkiv | |
| Barnevernsavdelinga | Fagsakene (klientbehandlinga) er ikkje i ePhorte<br><br>Administrative saker i emne etter K-koder | Barnevernsavdelinga bruker eige fagsystem (Familia). Innkomne brev, noko dokumentasjon frå fagsystemet blir skrevet ut og lagt i papirarkiv | |
| Skuleadministrasjon – skulane | I arkivdelen Elev finnes elevmapper for spesialpedagogiske tiltak og for voksenopplæring<br><br>Administrative sakar i emne etter K-koder | I tillegg til ePhorte finst papir elevmapper for den enkelte elev på kvar skole.<br><br>Fagsystemet OPPAD nyttast for skoleadministrasjon etc | Kommunen ønskjer og jobbar for å få til ein integrasjon mellom ePhorte og Oppad |
| Barnehageadministrasjon – dei kommunale barnehagane | Administrative saker i emne etter K-koder | Dei kommunale barnehagane bruker eit fagsystem for å administrere drifta. I tillegg er det på den enkelte barnehage mapper i papirformat for det enkelte barn. Noe av denne informasjonen finnes også i fagsystemet | |
| Pedagogisk-psykologisk teneste | Administrative saker i emne etter K-koder | PPT tenesta nyttar også fagsystemet PPT-HK. Elevmapper på papir | |
| NAV-kontoret | Administrative saker i emne etter K-koder. Administrative saker tilhøyrande det kommunale sosialkontoret i NAV | NAV nyttar også fagsystemet Velferd, og det webbaserte systemet Husbanken. Klientmapper tas ut på papir | |
| Kultur | Administrative saker i emne etter K-koder | | |
| Anlegg og drift | Administrative saker i emne etter k-koder | Brukar i tillegg fagsystemet PA-KIS. Rapportar blir skrive ut frå programmet og blir brukt som grunnlag til fakturering | |
| Legekontor | Klagesaker skal arkiverast i sak-/arkivsystemet – dvs. saker som skal behandlast etter forvaltningslova. Dette er ikkje sjekka under tilsynet, men vi viser til KS si side for relevant informasjon, sjå: http://www.ks.no/tema/Innovasjon-og-forskning1/KS-IKT-forum/Helse-og-velferd/Arkivering-i-sakarkiv-og-i-pasientjournalarkiv/ | Pasientjournalar. Bruker fagsystem. Pasientjournalen er helsepersonalet sitt verktøy og skal dokumentere helsehjelp utført av personar heimlet i helsepersonellova. | Bruker ikkje ePhorte |
| Helseavdelinga | Administrative saker i emne etter K-koder | Klientmapper papir Samt pasientjournalar i fagsystem | |
| Ergo / fysioterapi | Administrative saker i emne etter K-koder | Klientmapper papir. Samt pasientjournalar i fagsystem | |
| Psykiatri | Administrative saker i emne etter K-koder | Klientmapper papir. Samt pasientjournalar i fagsystem | |
| Sjukeheimane og heimesjukepleia | Administrative saker i emne etter K-koder | Klientmapper papir. Samt pasientjournalar i fagsystem | |
| Pleie- og omsorgsavdelinga. Bu og rehabiliteringsavdelinga | Administrative saker i emne etter K-koder | Klientmapper papir. Samt pasientjournalar i fagsystem | |

Organiseringa er den som er vanleg i ein kommune. Arkiv skapast primært i eit sentralisert arkivsystem, der arkivtenesta har ansvaret. I tillegg til det som blir arkivert der, har einingane andre fagsystem der det også skapast arkiv. I tillegg har einingane papirarkiv, i hovudsak i form av klient- / personmapper. I følgje arkivansvarleg har dei som arbeider i einingane eit bevisst forhold til kva som skal inn i dei ulike systema, slik at grensegangen mellom fagsystema og sakarkivsystemet er klar (vi viser også til tabell i vedlegg 1 for beskriving av fagsystema og arkivdanninga hos einingane). Vi kan ikkje sjå at det finnast noko i arkivplana som seier noko om forholdet mellom dei ulike arkiva og kor dokumentasjonen skal arkivleggast. I ein slik rutine må det framkomme om det eventuelt finst dokument innanfor fagområda som brukar fagsystema som er journalføringspliktige med heimel i arkivforskrifta, og i tilfelle må da slike dokument journalførast i eit noarksystem (altså ePhorte). Arkivansvarleg meiner at dette i praksis blir handtert som det skal.

**Konklusjon**
Vi meiner at arkivorganisering er i tråd med krav i arkivforskrifta, men at forholdet mellom einingane, systema og dei ulike arkiva må synliggjørast i rutinane. Vi kjem tilbake til dette under punktet om rutinar (3.1).

Vi gjer merksemd på at arkivdanninga hos dei ulike einingane ikkje er inspisert, slik at det ikkje er vurdert konkret om arkivdanninga her er innanfor krava i arkivforskrifta.

Dei interkommunale samarbeida, og arkiva som skapast der, skal også beskrivast i arkivplanen.

## 2.3 Arkivplan

**Krav i regelverket**
Ein kommune skal i følgje arkivforskrifta § 2-2 til ein kvar tid skal ha ein ajourført samleplan, ein arkivplan, som viser kva arkivet omfattar og korleis det er organisert. Arkivplanen skal vise kva instruksar, reglar, planar m.v. som gjeld for arkivarbeidet. Planen skal gjelde for alle arkiv i kommunen.

**Funn**
Kommunen har ein arkivplan som vart godkjent gjennom eit kommunestyrevedtak i 2011. Arkivplanen er slik vi ser det relevant og grundig i forhold til det arbeidet som utførast av arkivtenesta. Det finnast ikkje rutinar for den arkivdanninga og dei arkiva som blir skapt utanfor ePhorte. I tillegg kan vi ikkje sjå at det finst oversikt over eldre og avslutta arkiv, verken for elektronisk skapte arkiv eller papirarkiv.

**Konklusjon**
Sjølv om nokon av dei rutinane som burde vere med i ein arkivplan manglar, vil vi ikkje omtale det som eit avvik i forhold til krav om arkivplan. Kommunen bør likevel samle dei rutinane som vi etterlyser (seinare i vår rapport) i framtidige versjonar av arkivplanen.

## 2.4 Arkivdanning i arkivsystemet ePhorte

**Krav i regelverket**
Arkivforskrifta §§ 2-6 til 2-9 fastslår at ein kommune skal ha journal for registrering av dokument i dei sakene den opprettar. I journalen skal ein registrere alle inngåande og utgåande dokument som

etter offentleglova regnast som eit saksdokument for kommunen. Når ein bruker elektronisk journal, skal ein bruke eit arkivsystem som følgjer Noark-standarden.

Kommunen kan etter arkivforskriftas § 2-13 ha elektroniske saksdokument, altså eit elektronisk arkiv. Skal ein ha dette stillast det krav om at det blir nytta fullgode system, at det er utarbeida rutinar og at ein bruker riktig dokumentlagringsformat. I ein sak skal alle dokument enten vere på papir eller elektronisk. Elektroniske og papirbaserte sakar skal arkiverast i kvar sin arkivdel.

**Funn**

Kommunen har sidan 1.1.2012 hatt elektronisk arkiv, og alle arkivdelar i ePhorte har sidan da vore elektroniske. Unntaket er arkivdelen gnr / bnr som er på papir, sjølv om det meste av dokumenta er skanna. Kommunen planlegger at også denne arkivdelen skal vere fullelektronisk frå 1.1.2014, og at eldre dokument som berre finst på papir skal skannast inn i etterkant.

Når eit offentleg organ har teke i bruk elektroniske saksdokument, skal dei i følgje Riksarkivarens forskrift, kapittel IX, ha utarbeidd obligatoriske instruksar og rutinar. I vedlegg 2 har vi satt opp ein oversikt over rutinar og instruksar som er påkravd, og også kva som finst og kva som manglar i rutinane til kommunen. Vår oversikt viser at det meste er på plass, men også at det er enkelte manglar.

Når det gjeld dokumentfangst, har kommunen utarbeidd rutinar for å få dokument av ulike typar til arkivet, og har fokus på dette. Det finst rutinar for dei fleste format, som brev mottatt på papir, e-post, skjema på internett og det er utarbeidd rutinar for å skrive notat når kommunen mottek telefonar eller nokon tek munnleg kontakt. Dei rutinane som er utarbeidd er gode, bortsett frå dei for e-post. Vi forstod under tilsynet at det var ein utbredt praksis at dei tilsette sine e-postboksar brukast til sakshandsaming, og at dei tilsette gjerne både mottar ein førespurnad og svarar på denne før heile korrespondansen oversendast til arkivet for journalføring og arkivering.

På kommunen sine heimesider finst fleire skjema, der ein direkte kan søke til kommunen. Dei fleste av desse søknadene kan importerast til ePhorte gjennom ein importsentral, som arkivtenesta gjer dagleg. Dette fungerar i følgje arkivansvarleg godt.

Utover at e-postkassane til de tilsette brukast på ein uheldig måte, nyttast ePhorte på ein slik måte at dokumentasjonen i systemet er korrekt og at loggar osv er som dei skal vere. Blant anna nyttast funksjonen for dokumentflyt, som gjer at kven som har godkjent og er ansvarleg, blir logga og bevart. Det ble også gjort oppslag i nokre tilfeldige saker, og i dei sakane vi gjorde oppslag, var det gjort som det skal.

**Konklusjon**

Rutinane og praksis for bruk av ePhorte er gode. Praksisen i forhold til bruk at e-postadressene til sakshandsaming er i strid med arkivforskrifta si § 3-5, fordi inngåande dokument (inkludert e-post) skal journalførast før dei går til sakshandsaming. Det kan også vere avvik i forhold til arkivforskrifta § 2-6, fordi eit dokument kan verte i journalført lengje etter at dei er mottekne. Praksisen aukar også risikoen for at journalføringspliktig dokument ikkje arkiverast. I forhold til kommunen sin sakshandsaming vil denne praksisen føre til at den blir sårbar, da innkomne e-post kan verte liggjande i e-postkasser utan å bli ekspedert ved fråvær. Praksisen gjer også at kommunen ikkje nyter godt av innebygde funksjonar i systemet i samband med oppfølging og kontroll av sakshandsaminga.

Kommunen må innføre ein praksis der innkomne e-post sendast til kommunens postmottak for journalføring, sakshandsames i løysninga før svaret går ut frå ePhorte.

Det manglar nokre av dei rutinane som er obligatoriske når ein har eit arkiv med elektroniske saksdokument, sjå vedlegg 2.

# 3 Arkivrutinar

## 3.1 Behandling av post og saksdokument

**Krav i regelverket**

I kapittel 3 del A i arkivforskrifta stillast krav til rutinar for sakshandsamningsprosessen: Frå når kommunen mottar eit dokument og fram til behandlinga er avslutta med eit svardokument eller ein avgjersle om at det innkomne dokumentet ikkje krev svar. Rutinane gjeld for dokument av alle typar av media. Rutinane må gjelde for heile kommunens verksemd.

**Funn**

I kommunen sin arkivplan finst rutinar for behandling av dokument i ulike format, og rutinane gjeld for dokument i papir, e-post, telefaks, besøk og telefon. Vi har til ein viss grad vurdert rutinane i dei førre avsnitta av rapporten. Rutinane beskriv godt den dokumentasjonen som skal inn i sakarkivsystemet. I tillegg vart vi fortalt at kommunen på sine intranettsider har ein "Kvalitetslos", der det er utarbeida fleire konkrete rutinar for korleis ePhorte skal brukast.

Enkelte einingar har utarbeida egne arkivrutinar for korleis dei gjer det, blant anna Bergsøy skole, Ytre Herøy ungdomsskule og barnevernstenesta med fleire. Likevel kan vi ikkje sjå at det finst rutinar for alle einingar og for korleis dei behandlar dokumentasjonen, og for eksempel forholdet mellom den dokumentasjonen einingane lagrar i sine fagsystem, kva dei lagrar i ePhorte og kva som eventuelt vert bevart på papir. Dette er også kommentert tidligare i rapporten.

Det finst rutinar for utlån.

**Konklusjon**

Kommunen har skrivne rutinar for arkivdanninga i sakarkivsystemet, som oppfyller arkivforskriftas krav. Unntaket er praksis for bruk av e-post, jf punkt 2.4.

<u>Avvik:</u> Det påpekast som eit avvik i forhold til arkivforskrifta kapittel 3 del A at det manglar rutinar for arkivdanninga som skjer i kommunen utover den danninga som skjer i arkivsystemet ePhorte. Dette må sjåast i samanhang med andre kapittel i rapporten.

Herøy kommune har i etterkant av tilsynet utarbeidd fleire av dei rutinane som er nødvendige. Vi har vore inne på arkivplan.no og sett på rutinane, og dei er relevante. Vi endrar ikkje teksten i rapporten, da denne er eit status for tilstanden den dagen vi var på tilsyn. Det er positivt at kommunen allereie er i gang med å lukke avvika som vart påpekt.

## 3.2 Kvalitetssikring i ePhorte

**Krav i regelverket**

Arkivforskrifta si § 2-10 pålegg kommunen å ha administrative rutinar som sikrar at arkivtenesta utførar kvalitetssikring av journal- og arkivdatabasen.

**Funn**
Kommunen har rutinar for kvalitetssikring av journal- og arkivdatabasen. Rutinane beskriv relevante søk og arbeidsoppgåver som må utførast i arkivdatabasen, og beskriv søka som statsarkivet gjer under eit tilsyn. Arkivansvarleg utførte søka for oss under tilsynet. Resultata, både på saksnivå og på journalpostnivå, viste at rutinane følgjast og at kommunen dermed er á jour med dette arbeidet.

Kommunen har rutinar for tryggingskopi av databasen. Det blir tatt tryggingskopi av basen kvar dag, og kopiane lagrast på einingar som er fysisk åtskilt frå dei einingane der databasen ligg.

**Konklusjon**
Vi har ingen merknadar til verken rutinar eller praksis i forhold til den kvalitetssikringa av arkivarbeidet som arkivtenesta utfører i arkivdatabasen. Dette er eit område vi under tilsyn ofte finn at mange kommunar har store etterslep, slik at her vil vi påpeike at arkivtenesta og kommunen har gjort eit godt arbeid.

## 3.3 Restansar

**Krav i regelverket**
Arkivforskrifta § 3-7 fastslår at offentlige organ skal gjennomføre restansekontroll. Rutinar for restansekontroll skal vere ein del av kommunen sine arkivrutinar.

**Funn**
Kommunen har rutinar for restanseoppfølging. Sakshandsamar skal følgje opp eigne restansar. Det finst også eit dokument som beskriv korleis sakshandsamarar skal svar og avskrive på restansar. I tillegg gjennomfører kommunen 4 restansekontrollar i året. Vi gjorde søk etter restansar i ePhorte, og desse søka viste at det var få eldre restansar i ePhorte.

**Konklusjon**
Rutinane og praksis i forhold til restansekontroll er gode, og er innanfor krava i arkivforskrifta.

## 3.4 Periodeinndeling av journal og arkivsystem

**Krav i regelverket**
Krava til periodeinndeling av arkiv er i arkivforskrifta si kapittel 3 del B. Sakarkiv og den tilhøyrande journalen skal delast i periodar. Det skal vere samsvar mellom periodeinndeling i journalen og sakarkivet. Når ein periode blir avslutta i ein elektronisk journal og eventuelt arkiv, skal saker som tilhøyrer til den avslutta perioden tas ut frå den avslutta basen, eller utgjøre ein eigen logisk einig, eller i tilknyting til, den aktive basen. Ein elektronisk kopi av basen for ein avslutta periode skal klargjerast for deponering i kommunen sitt arkivdepot.

**Funn**
Kommunen brukte journalsystemet Symfoni i perioden 1992 – 2006. I tidsrommet 1992 – 2006 er det gjennomført periodeinndeling minst ein gong, i samband med overgang frå etatsvise arkiv til sentralarkiv den 1.6.2003. Vi er usikre på om det er periodedelt fleire gonger i basen i åra 1992 – 2006. Journaldata frå Symfoni er i dag ikkje tilgjengeleg for oppslag!

Systemet er deponert hos IKA, og dei arbeider for at det skal lagast ein arkivpakke (AIP) til langtidsbevaring, samt ein formidlingsversjon (DIP) til gjenbruk og oppslag for Herøy kommune. Deponering vil ikkje verte ferdig godkjend før dette arbeidet er ferdig. IKA har anslått at dette er

ferdig i midten av januar 2014. Det er her nokre tekniske utfordringar med plattforma Lotus Notes og sertifikat som må løysast, før ein ser kor god datakvalitet man oppnår i det ferdige resultatet. Dette vil IKA lage en konklusjon på i samråd med Herøy kommune, arkivet og IKT.

ePhorte ble tatt i bruk den 1.1.2006. Då kommunen gjekk over til fullelektronisk arkiv 1.1.2012, vart det satt eit skarpt skilje i emnearkivet. Alle saker vart avslutta 31.12.2011, også dei aktive sakene. For dei avslutta sakene der handsaminga ikkje var sluttført, vart det oppretta nye mapper i 2012. Den nye mappa vart lenkje elektronisk til den avslutta mappa. Arkivdelene vart avslutta og nye fullelektroniske arkivdelar vart oppretta.

Det var berre arkivdelen gnr/bnr som vart vidareført. Den arkivdelen har kommunen både skanna alle dokument i og ein har dei også på papir. Arkivdelen gnr/bnr vil frå 1. januar 2014 bli avslutta, og ny fullelektronisk arkivdel for gnr/bnr. vil verte oppretta. Alle mapper knytt til den arkivdelen vert ved nyttår avslutta og ny mappe vert laga med lenkje til den "gamle mappa".

I arkivplanen er det rutinar for framtidige periodeinndelingar av ePhorte. Dette skal skje i samarbeid med IKA Møre og Romsdal. Kommunen skal følgje rutinane og krava som IKA har og som dei nå utarbeider i samband med bevaring av elektroniske arkiv.

**Konklusjon**
Ein elektronisk kopi av basane for dei avslutta periodane skulle ha vore klargjort og deponert i arkivdepot. Vi konstaterer at dette arbeidet er i gong i forhold til systemet Symfoni, og vi ber om å bli oppdatert korleis dette går. Den avslutta perioden frå ePhorte skulle også ha vore deponert hos IKA. Vi er sikre på at IKA har rutinar for dette, og at dette blir handtert forsvarleg. Likevel må vi påpeke det som eit avvik i forhold til arkivforskriftas § 3-17 at dette ikkje var gjort.

# 4 Arkivlokalar

**Krav i regelverket**
Arkivforskrifta stiller krav til arkivlokalar slik at disse gir arkiva vern mot vatn og fukt, mot brann og skadeleg varme, mot skadelig påverknad frå klima og miljø og mot skadeverk, innbrott og ulovlig tilgang. Alle rom der ein oppbevarer arkivmateriale over lengre tid, blir regna som arkivlokale. Arkiv som er hyppig i bruk kan plasserast i vanlege kontorlokale. Bortsettingsarkiv skal så langt som mulig plasserast i spesialrom for arkiv. Eldre og avslutta arkiv skal plasserast i spesialrom for arkiv. Det stillast strengare krav til spesialrom enn til lokalar for dagligarkiv.

**Funn**
Herøy kommune bruker IKA Møre og Romsdal som arkivdepot, og kommunen har overført ein del av dei eldre arkiva dit. Lokala i kjellaren i rådhuset vil vi derfor definere som eit bortsettingslokale. Kommunen har tidligare utarbeid og sendt inn ein bygningsfagleg rapport for arkivlokala, der det vart påpekt at lokalet har til dels alvorlege manglar. Statsarkivet er samde i dei vurderingane som er gjort. Kommunen arbeidar nå for å ordne arkiva, for deretter å overføre dei til deponering hos IKA Møre og Romsdal. Likevel er mengda med arkiv i lokala såpass stor at det vil ta lang tid før lokala blir tømt for arkiv, truleg fleire år.

Vi vart fortalt at kommunen har rutinar og eit beredskapsapparat i forhold til at vann kan trenge inn frå grunnen, da dette skjer under visse klimatiske forhold. Det er bra at dette er på plass, men slik vi vurderer lokalet er det også andre forhold som kan medføre skade på arkiva. Vi observerte blant

anna at fleire av vassrøra var rustne, og så ut til å vere i dårleg forfatning. I tillegg var det fleire avvik, som potensielt medfører fare for arkivtap.

Våre målingar av luftfuktigheita viste 45 % , som er innafor det intervallet ein ynskjer. Dette kan variere med endringar i klima og gjennom året, og da dette ble målt av kommunen var same tall 63 %. Dette er såpass høgt at det da er fare for fuktskadar og oppblomstring av mugg. I følgje arkivansvarleg er det ikkje observert materiale som er skada av fukt, og det ble heller ikkje observert under tilsynet. Temperatur og fuktgrad bør likevel loggast i ein periode, for eventuelt å setje inn kompenserande tiltak i forhold til dette.

I følgje arkivansvarlig er det ikkje større mengder med arkivmateriale andre stader i kommunen, og statsarkivet har derfor ikkje vurdert andre lokalar.

Vi viser til vedlegg 3 for ei meir detaljert beskriving av lokala, der vi har samanfatta både resultata frå kommunen sin bygningsfagleg rapport og våre funn.

**Konklusjon**
Kommunen sine bortsettingslokalar har til dels alvorlege avvik i forhold til krava i kapittel 4 i arkivforkrifta. Sjølv om kommunen har ein langsiktig plan for å tømme lokala, er det behov for å gjere tiltak. Vi ber om ein plan for korleis dette skal handterast.

# 5 Eldre og avslutta arkiv

## 5.1 Kommunens arkivdepot

**Krav i regelverket**
Arkiv som ikkje lenger er i bruk for administrative formål, og arkiv etter einingar som er nedlagte eller har avslutta sin verksemd, skal avleverast til arkivdepot. Arkivforskrifta fastslår at kommunar skal opprette arkivdepot, plassere ansvaret for dette hos ein depotansvarlig og at ein skal utarbeide rutinar som ivareteke de spesifiserte krava til arkivdepot i arkivforskrifta. Kommunar kan overføre depotoppgåver til ei interkommunal depotordning.

**Funn**
Herøy kommune brukar IKA Møre og Romsdal som arkivdepot. Arkivansvarleg har eit overordna ansvar for dei eldre arkiva, og er kontaktperson opp mot IKA. Det finst rutinar for klargjering og listeføring for dei eldre og avslutta arkiva som skal deponerast hos IKA. Det er einingane sjøl som har ansvar for å klargjere arkiva for deponering.  Arkivansvarlig har oversikt over eldre og avslutta arkiv i kommunen. Det står ikkje arkiv i lokalar som tidligare er nytta av no nedlagte einingar.

**Konklusjon**
Dei formelle rutinar og instruksar i forhold til krava om arkivdepot er ivareteke.

## 5.2 Avlevering av papirarkiv

**Krav i regelverket**
For å sikre at arkiver blir bevart og at det er mulig å bruke dei, har arkivforskrifta si §§ 5-4 og 5-5 krav til korleis arkivmateriale som skal avleverast og bevarast i depot skal vere ordna. Dette er krav i forhold til pakking, for å sikre at arkiva ikkje blir øydelagde. Det stillast også krav til listeføring og etikettering, slik at det er mulig å finne fram i og bruke materialet.

**Funn**

Kommunen har ein avtale om å kunne deponere 200 hyllemeter med arkiv hos IKA. Det gjenstår no omtrent 80 hyllemeter av desse, slik at omtrent 120 hyllemeter er deponert. Personregister haldast utanfor denne avtalen, og desse kommer i tillegg. Kommunen har ei oversikt over disse arkiva, men har ikkje full oversikt over alt som er overført og har ikkje kopi av listene for materialet.

Det har sidan 1.11.2011 vore engasjert ein person i kommunen, fyrste året i 60% stilling og i 80% i andre året, som ordnar arkiv før dei skal sendast til IKA for deponering. Det gjenstår ennå ein god del eldre og avslutta arkiv i rådhuset, slik at kommunen har eit etterslep av uordna arkiv. Arkiva som står i kjellaren blir prioritert høgast, da ein har vurdert at lokala her er dei dårligaste.

**Konklusjon**

Store deler av dei eldre arkiva frå kommunen er ordna, merket og listeført som det er krav om. I tillegg er ein person i kommunen tilsett for å klargjøre arkiv. Dette er positivt. Herøy kommune har framleis ein større mengde med uordna arkiv, som må klargjerast og sendast til depot.

Avvik: Det er eit avvik i forhold til krava i §§ 5-4 og 5-5 i arkivforskrifta at kommunen har eit etterslep av avslutta og eldre uordna arkiv. Kommunen må lage ein tidsplan for arbeidet med arkiva. Kommunen må også skaffe seg oversikt over dei arkiva som er overført til IKA, og samtidig ordne med ein kopi av alle listar for arkiva.

## 5.3 Avlevering av elektronisk arkivmateriale

**Krav i regelverket**

Arkivforskrifta og Normalinstruksen for arkivdepot i kommunar og fylkeskommunar stiller krav til kommunane i samband med handtering av elektronisk skapt materiale. Avlevering av elektronisk skapt materiale skal omfatte uttrekk av data frå IT-system, ikkje systema i seg sjølv.

Kommunen bør følgje dei same reglene som brukast for statlige verksemder til Arkivverket[3]. Reglane kravsett lagringsmedium, organisering av datauttrekk og om dokumentasjon av systemet og data. Dette inneberer at å ha ein kopi av eit avslutta system på ein server ikkje er ein tilstrekkeleg løysning for langtidsbevaring av elektronisk arkiv.

**Funn**

IKA Møre og Romsdal, som kommunen er medeigar i, har rutinar for deponering av elektroniske arkiv. Kommunen har per 2013 ikkje nokon godkjente elektroniske arkiv deponert hos IKA.

**Konklusjon**

Deltaking i IKA-ordninga ser vi som ein trygging i forhold til at kommunen vil vere ein del av eit fagmiljø, som har og på sikt vil etablere robuste løysningar for bevaring av skapt materiale. Kommunen er noko på etterskott med deponering frå avslutta periodar, sjå punkt 3.4.

Kommunen må, helst i samarbeid med IKA, utarbeide en plan for korleis dei elektronisk skapt skal handterast på lang sikt.

[3] Disse finnes i " Forskrift 1. desember 1999 nr. 1566 om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver", kapittel 8 og 9.

## 5.4 Publikums tilgang til arkivmateriale

**Krav i regelverket**

Arkivforskriftas § 5-6 om tilgjenge for publikum til informasjon i arkiva, gir ei generell plikt for offentlige arkivdepot, også kommunar, til å legge forholda til rette slik at publikum kan bruke arkivmaterialet og få tilgang til informasjonen som finst i arkiva. Unntaket er materiale som er unntatt frå offentlegheit. Det er i utgangspunktet kommunen sjølv som avgjer korleis materialet skal gjerast tilgjengelig. Likevel gis det enkelte retningsliner i regelverket, som skal følgjast. Blant anna skal det kunne gis avskrift/kopier av dokumenter. Det er også viktig at originaldokument berre gjørast tilgjengelig for publikum under tilsyn.

**Funn**

IKA har oversikt over dei arkiva som er deponert der, og her finst lesesal og opplegg for bruk av arkiva. Kommunen har også rutinar for bruk av arkiva som er plassert i egne lokalar, og har tilrettelagt for publikums bruk av arkiva.

**Konklusjon**

Løysingane og rutinane er som kravsett i arkivforskrifta.

# 6 Avvik i forhold til arkivforskrifta

Innanfor dei områder der tilsynet ble gjennomført i Herøy kommune, ble avvika frå arkivforskrifta, som er lista opp nedanfor, avdekka. Vi ber Herøy kommune innan 15.2.2014 om å sende oss ein plan for korleis dei vil handtera avvika.

1. Sjå rapportens punkt 2.4: Vi meiner at praksis i forhold til bruk av private e-postkassar til sakshandsaming er i strid med arkivforskrifta si § 3-5, og mulig i forhold til arkivforskrifta si § 2-6.
2. Sjå rapportens punkt 3.1: Det påpeikast som eit avvik i forhold til arkivforskrifta kapittel 3 del A at det manglar rutinar for arkivdanninga som skjer i kommunen utover den danninga som skjer i arkivsystemet ePhorte.
3. Sjå rapportens punkt 3.4: Det er eit avvik i forhold til arkivforskrifta si § 3-17 at kopi av avslutta journalperiodar ikkje er deponert.
4. Sjå rapportens punkt 4: Kommunen sine bortsettingslokalar har til dels alvorlege avvik i forhold til krava i kapittel 4 i arkivforkrifta.
5. Sjå rapportens punkt 5.2: Det er eit avvik i forhold til krava i §§ 5-4 og 5-5 i arkivforskrifta at kommunen har eit etterslep av avslutta og eldre uordna arkiv.

# Vedlegg 1: Oversikt over fagsystem

| Ansvarleg / fagområdt | System | Periode | Beskriv forholdet mellom dette systemet og ePhorte | Beskriv forholdet mellom dokumentasjonen som finnast i dette systemet og eventuelt papirarkiva innafor same fagområde |
|---|---|---|---|---|
| Anlegg og driftsavd. | PA-KIS | 2003- | Kundeinformasjonssystem for abb. Avløp, feiing og slam<br><br>Oppseiing og avtaler om slik tenester blir ført på samlemappe i ePhorte for kvart år. | Rapportar blir skrive ut frå programmet til internt bruk.<br><br>Dokument til ePhorte er fullelektronisk |
| Arkivavd. | ePhorte | 2006- | | Papirarkiv og skanna dokument fram til 01.01.12. F.o.m. 01.01.12 er alle arkivdelar (bortsett Bli frå gnr/bnr) fullelektroniske. Oppbevarast på papir: juridiske bindande dokument som signerte avtalar/kontrakter i organisasjonen, arbeidsavtalar og dokument vedr. pensjon. |
| | Symfoni | 1994-2006 | | Papirarkiv |
| Barnehage | Visma barnehage | 2008- | Vert skanna i ePhorte: Barnehageleiar leverar lister kvartalsvis om antall barn i barnehage, antall barn på venteliste og klagesaker.<br><br>Søknader og aksept av barnehageplass blir ført i Visma barnehage | Dokument til ePhorte er fullelektronisk.<br><br>Dokument til Visma barnehage – blir lagt i papirarkivet barnehagemapper ved den enkelte barnehage. |
| Barnvern | Visma Famila | 2005 | Administrative saker går via ePhorte.<br><br>Dokument vedr. arkivdel «barn» blir ført i Visma Familia | Dokument til ePhorte er fullelektronisk.<br><br>Dokument til Visma Familia – blir skanna og lagt i barnemappe ved barnevernsavdelinga |
| Pleie og omsorg/Bu. og hab. **Mrk. 1** | Shift manager | 1999- | Program for timeslister og turnusplanlegging. | Kun til interbruk og bilag i lønskøyring |
| | Gerica | 2005- | Sjå beskr. under vedr. Gerica | Sjå beskr. under vedr. Gerica |
| | PPS | 2010- | Pleie og prosedyreprogam | Internt bruk |
| Heimesjukepleie | Gerica | 2005 | Program som samlar informasjon om den enkelte pasient/brukar. Innheld alt om økonomi, epikriser, økonomi, epikriser, prøvesvar som går elektronisk., | Vedtak om tjenester og vedtak av økonomisk karakter blir lagt i arkivet til den enkelte. Alt anna blir elektronisk registrert. |
| Avdeling for barn, familie og helse **Mrk 2** | Winmed | 2009- | Administrative saker går via ePhorte. Barnejournaler, vaksiner, epikriser og svangerskap blir ført i fagsystem Winmed. | Dokument til ePhorte er fullelektronisk.<br><br>Registreringar blir gjort av dei tilsette etterkvart besøk.<br><br>Epikriser blir skanna inn og oppbevart på papir |

| | | | | |
|---|---|---|---|---|
| | Profdoc | 1991-2009 | Samme som Winmed | Samme som winmed, bortsett frå at epikriser kun vart registrert og oppbevart på papir. |
| | Sysvak | 1991- | Sentralt vaksineprogram | Sentralt fullelektronisk vaksineprogram |
| Herøy legesenter | Profdoc | 1991- | Administrative saker går via ephorte – ansvar kommuneoverlegen<br><br>Pasientjournaler | Dokument til ePhorte er fullelektronisk<br><br>Fullelektronisk pasientjournaler |
| NAV Herøy | Velferd | 2009- | Klientarkiv, ingen saker i ePhorte | Administrative saker, startlån, kommunale boligar blir registrert i ePhorte (fullelektr.) |
| | Humanus | 2003-2009 | Klientarkiv, ingen saker i ePhorte | Administrative saker, startlån, kommunale boligar blir registrert i ePhorte (fullelektr.) |
| | Husbanken (web) | 2009- | Bustøtte | Dokument blir lagt i klientarkiv etter registrering i websystem |
| Personal og org. avd. | ePhorte | 2006- | Administrative saker går via ePhorte | Dokument til ePhorte er fullelektronisk |
| | Agresso | 2009- | Bilag vedr. lønnsarbeid | Bilag til Agresso blir oppbevart på papir i 10 år. |
| | Wisma unique | 1993-2009 | Bilag vedr. lønnsarbeid | Bilag til Agresso blir oppbevart på papir i 10 år |
| Skuleavdelinga | OPPAD | 2011- | Dokument vedr. den enkelte elev blir importert via sikker sone til Oppad, utskrift blir levert til Fellessekretariatet for skanning. Dei inngåande breva vedr. elev blir også skanna ved Fellessekretarietet | Dokument til ePhorte er fullelektronisk<br><br>Skulane arkiverar kopi av inngåande og utgåande dokument vedr. eleven på elevmappe. |
| PPT | PPT/HK-data | 1997- | Administrative saker, sakkunnig vurderingar og vedtak om PPT-teneste blir levert til Fellessekretariatet for skanning. | Dokument i PPT/HK-data blir tatt ut og arkivert i elevmappe PPT<br><br>Dokument til ePhorte er fullelektronisk |
| Økonomiavd. | Agresso | 2009- | Administrative saker går via ePhorte.<br><br>Bilag blir skanna i Agresso | Dokument til ePhorte er fullelektronisk.<br><br>Bilag til Agresso blir oppbevart på papir i 10 år. |
| | Wisma unique | 1993-2009 | Bilag vedr. rekneskap | Bilag til Agresso blir oppbevart på papir i 10 år |

Mrk 1: Bu og habiliteringsavdelinga, Myrvåg helse og omsorgssenter, Herøy helse og omsorgssenter og Pleie og omsorg er samla under ein administrasjon som er lagt til i Pleie og omsorgsavdelinga.

Mrk 2: Helseavdelinga, Herøy legesenter, Psykiatrisk sjukepleiar, Ergoterapeut og Dagsenter er samla under administrasjonen i Avdelinga for barn, familie og helse.

# Vedlegg 2: Krav til elektroniske arkiv

I Riksarkivaren sin forskrift kapittel IX[4] finnes krav til rutinar om ein skal ha elektroniske saksdokument:

| Krav i regelverket | Ivaretatt | Merknad |
|---|---|---|
| **Organisering og rutinar** | | |
| Det skal finnes rutinar for kva saker som skal arkiverast elektronisk, og kva som eventuelt i fylgje formkrav i lov- og regelverk eller av andre grunner skal arkiverast på papir | Ok | |
| Rutinar for kva for arkivformat(er) som skal brukast | Ok | |
| Rutine for kva for dokument som eventuelt skal autentiserast med digital signatur: kva for dokument som skal autentiserast | Bruker ikkje digital signatur | |
| Retningslinjer for å verifisere at skanning av innkomne dokument er utført korrekt og komplett, og at dokumenta er leselige, før det gjerast kassasjon av den originale papirversjonen | Ok | |
| Retningslinjer for kassasjon av mottatte papirdokument som er skannet og arkivert elektronisk | Ok | |
| Plan for periodisering av arkivet og vedlikehald av det elektroniske materialet inntil det kan avleverast til arkivdepot | Ok | |
| | | |
| **Interne ansvarsforhold og rutinar** | | |
| Rutinar for ansvar for tildeling og à jourhold av bruksrettighetar til registrerings og arkiveringsfunksjonar | Ok | Ok |
| Rutine for kva spesifikke registrerings- og arkiveringsfunksjonar som tildeles leiare og sakshandsamare | Manglar rutine for dette | Arkivtenesta gjer dette. (rutinene følger av tilgangsstyringa. Det fremgår av rapporten at leiarane godkjenner ) |
| Rutine med ansvarsforhold og prosedyrar for registrering og arkivering av | Er rutine for | Rutinen er kommentert i |

[4] FOR 1999-12-01 nr 1566: Forskrift om utfyllende tekniske og arkivfaglige bestemmelser om behandling av offentlige arkiver. Kapittel IX: Elektronisk arkivering av saksdokumenter. Fastsatt av Riksarkivaren 1. oktober 2002 med hjemmel i forskrift av 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlige arkiv § 2-13.

| | | |
|---|---|---|
| saksdokument som sendes og mottas som e-post | dette | rapporten, og vurdert som uheldig. Kommunen har tatt tak i dette i etterkant av tilsynet |
| Rutine for ansvarsforhold og prosedyrar for konvertering av saksdokument til arkivformat, med tidspunkt for konvertering | OK | |
| Rutine med beskriving operatøransvar, arbeidsprosedyre og rutinar for kvalitetssikring ved skanning av innkomne papirdokument | Ok | |
| Rutine for beskriving av ansvar og rutinar for kvalitetssikring av registreringa og den elektroniske arkiveringa | Ok | |
| Dersom digital signatur anvendes: regler og rutineopplegg for bruken | Ikkje i bruk | |
| | | |
| **Rutinar som definerer opplegg og ansvar for:** | | |
| Fordeling av dokument | Ok | |
| Retting av registrerte journal- og arkivopplysningar | Ok | |
| Avskriving av ferdigstilte dokumenter | Ok | |
| Vurdering av spørsmål om offentligheit | Ok | |
| Registrering av unntak for offentligheit og heimel for dette. | Ok | |
| Prosedyrar for registrering og arkivering til bruk dersom systemet er ute av drift | Ok | |

# Vedlegg 3: Vurdering av bortsettingslokale

| **Avvik i arkivlokalet i forhold til krava i forskrifta si kapittel 4.** | **Kommunen bygningsfaglege rapport** | **Statsarkivet sine vurderingar** |
|---|---|---|
| | Målt: 63 % luftfukt<br><br>19 grader | Målt 45 %<br><br>16,7 grader |
| 4-3 Lokalet skal ikkje vere et tilfluktsrom | Ok | Ok |
| 4-3 Lokalet skal vere plassert på sikker måte i bygningen | Fare for skade. Lokale i kjeller, utsett ift sjøvannstand. Saltutslag. | Same vurdering |

| | | |
|---|---|---|
| 4-4 Golv skal ha tilstrekkelig bereevne | Ok | Ok |
| 4-4 Reolar skal ha tilstrekkelig bereevne | Ok | Ok |
| 4-4 Lokalet skal ha tilstrekkeleg kapasitet | Overfylt og trongt | Er rydda sidan bygningsfagleg rapport ble utarbeida, slik at det noe ledig kapasitet |
| 4-4 Lokalet skal ha nok golvplass til framhenting | Vanskelig å hente og transportere materialet | Same vurdering |
| 4-4 Reolar skal ikkje vere av brennbart materiale | Ok | Ok |
| 4-4 Det skal ikkje vere lagra andre ting som reduserer tryggleiken til arkivmaterialet | Ok | Ok |
| 4-4 Arkivmateriale skal ikkje stå rett på golvet | Ok | Ok |
| 4-4 Arkivmateriale skal ikkje stå inntil vegg | Ok | Noe inntil vegg, men i hovudsak trykksaker |
| 4-5 Lokalet skal ha fast reinhald | Lite eller sporadisk reingjøring av arkivlokala. Dokumentasjon manglar | Same vurdering |
| 4-5 Lokalet skal ha fast tilsyn | Ikkje fast tilsyn | I følgje kommunen gjennomfører ein faste tilsyn for som eit tiltak for å kontrollere avvik |
| 4-6 Lokalet skal vere sikra slik vatn og fukt ikkje trenger inn | Ikkje tilstrekkelig sikra for inntrenging av fukt / sjøvatn | Same vurdering |
| 4-6 Det skal ikkje vere vassrør i lokalet | Vassrør | Same vurdering |
| 4-6 & 4.7.1: Rommet skal ikkje varmast opp med radiatorar / omnar | | Radiatorar |
| 4-7.1 I lokalet skal det ikkje vere anna elektrisk utstyr enn nødvendig | Delvis opne koplingsboksar, og elles lite tilfredsstillende installasjonar | Same vurdering |
| 4-7.1 El-sentral, strømmålar, sikringar eller liknande skal ikkje vere plassert i lokalet | | Ok |
| 4-7.2 Lokalet skal vere klassifisert som egen | REI 120, men svekket av hol | Same vurdering |

| | | |
|---|---|---|
| branncelle – brannmotstandsevne REI 60 | og vindauge i konstruksjon.<br><br>Manglande dokumentasjon<br><br>Inspeksjonsluke i øvre høgde av vegg, med tilkomst krypkjeller. | |
| 4-7.2 Dører, luker osv inn til arkivlokalet skal kunne motstå open eld i minst 60 minuttar (ha brannmotstandsevne EI 60) | Ikkje vurdert | Truleg ikkje |
| 4-7.2 Dører skal vere sjølvlukkande | Ikkje sølvlukkande | Same vurdering |
| 4-7.2 Det skal ikkje vere vindauge (normalt) | Vindauge med enkelt glas | Same vurdering |
| 4.7-3 Lokalet skal ha automatisk brannalarm | Ikkje installert | Dette var installert nå i 2013 |
| 4-7.3 Det skal ikkje vere brukt maling, golvbelegg og anna som fremmer brannspreiing | Ikkje kjent | Truleg ok |
| 4-7.3 I lokalet skal det finnast handslokkingsapparat | Manglar | Same vurdering |
| 4-8 Lokalet skal ha stabilt klima (gjennom året) | Ustabile og lite kontrollerbare | Same vurdering |
| 4-8 Lokalet skal kunne varmes opp til vanlig romtemperatur (gjennom året) (og holdast kjølig nok om sommaren) | Dårlig varmestyring av lokalane | Same vurdering |
| 4-9 Bygningsdelar som avgrensar arkivlokalet, skal vere utforma slik at det er fullgodt sikra mot innbrott og at uvedkommande slippar inn | Ikkje tilfredstillande sikring mot innbrot | Same vurdering |
| 4-9 Det skal finnast regler for kven som har tilgang til lokalet | Ikkje utarbeida reglar for tilgang til lokala | Same vurdering |
| 4-9 Lokalet skal ha innbrottsalarm | Ikkje montert alarm i lokala | Same vurdering |

Utviklingssenter for hjemmetjenester
Møre og Romsdal

Senter for omsorgsforskning
Midt-Norge

# STATUSRAPPORT FOR SPELTEKNOLOGI

# APRIL 2014




*Foto: Sunnmørsposten 5.desember 2012*

# INNHALD


Forord ... 3

1 Innleiing ... 4

1.1 Velferdsteknologiprosjekt i Midtnoreg ... 4

1.2Hovudmålet for det Midtnorske Velferdsteknologiprosjektet ... 4

2 Bakgrunn ... 5

2.4 suksesskriteriar ... 5

2.3 utvikling av felles prosjektplan og planar ... 5

2.4 Avgrensingar ... 6

2.5 Vektlegging på organisering ... 6

2.6 organisering av prosjektet ... 6

2.7 Deltakargrupper ... 7

2.8 Valt utstyr ... 8

2.9 Spreiinig av bodskap frå prosjektet ... 8

3 Mål og problemstilling ... 10

3.1 Mål ... 10

3.2 Problemstilling ... 10

3.4 Spørsmål ved kvar samling/loggføring ... 11

4 Gjennomføring av aktivitet og evaluering ... 12

4.1 Skildring av aktiviteten-kva skal skje? ... 12

4.2 Evaluering ... 12

4.3 Milepæls-plan/ arbeidsplan ... 13

5 Erfaringar og vegen vidare ... 15

5.1 Opplæring i spelteknologi ... 15

5.2 Individuell tilrettelegging på spelstaden ... 15

5.3 Personale, motivasjon og kompetanse ... 15

5.4 Mål og problemstilling ... 16

5.5 oppsummert ... 16

Referansar ... 17

# FORORD

Prosjekt speltknologi på Sunnmøre har no eksister i to og eit halv år, og har gjort seg gode erfaringar på kva som skal til for å lukkast med å ta i bruk spelteknologi som aktivitet i dagavdeling eller institusjon. Denne rapporten er ei oppfølging av prosjektrapporten datert den 30.11.2012 og ei oppsummering etter at det midtnorske velferdsteknologi prosjektet vart avslutta i utgangen av 2013. Det er kommunane Ålesund, Herøy, Ulstein og Vanylven som har vore med i prosjektet. Spelteknologi prosjektet vil fortsette også i 2014, men då med fokus på kunnskapsspreiing nasjonalt og auka aktivitet i spelkommunane som er med i prosjektet. Prosjektet fortset med ny prosjektleiar som heiter Tone Kirkhorn. Ho tok til i stillinga 5.mars 2014. Underteikna som har leia prosjektet fram til no tek til i ei ny prosjektstilling i ALV-møre (Arena for Læring om Velferdsteknologi).

Prosjektet vil no jobbe vidare med å spreie kunnskapen og erfaringane som er gjort slik at det kan verte fristande for andre å starte opp med tilbodet. Mange kommunar har etter kvart kome i gang med spelteknologi som aktivitet for ulike målgrupper, og det ligg mykje god informasjon ute på nett. Erfaringane frå prosjektet på Sunnmøre syner at spel opplevast som ein kjekk aktivitet for mange, aktiviteten skaper latter og sosialt samspel. Men det er også utfordringar i forhold til implementering av aktiviteten. Opplæring og forankring på avdelinga er dei to punkta som er mest kritiske for å lukkast.
Spelteknologi er lett og ukomplisert å kome i gang med, men der er ein del ting som må takast omsyn til. Disse har vi prøvd å gje eit bilde av i denne rapporten. Vi har også oppsummert kva som kan vere aktuelt å jobbe vidare med innan spelteknologi dersom nokon har lyst å sjå på det.

*10.4.2014*

*Helen Berg*

*Prosjektleiar*
*www.alv-more.no*

# 1 INNLEIING

## 1.1 VELFERDSTEKNOLOGIPROSJEKT I MIDTNOREG

Spelteknologiprosjektet har vore ein del av det midt-norske velferdsteknologiprosjektet som var styrt av dei tre fylkesmennene i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag og Nord Trøndelag i samarbeid med KS. Det midt-norske velferdsteknologiprosjektet vart sett i gang i 2011. Det har vore med til saman 16 kommunar med 12 ulike velferdsteknologise delprosjekt. Det midt-norske velferdsteknologi prosjektet gjekk i utgangen av 2013 over til å verte eit organisert nettverk; Det midtnorske velferdsteknologi nettverket.

Samarbeidande kommunar i spelteknologi-prosjekt på Sunnmøre er Vanylven, Ulstein, Ålesund og frå november 2012 også Herøy kommune. I tillegg har kommunane på Sunnmøre vore med i det midt-norske prosjektet med GPS-sporingsteknologi, her er også Ørskog kommune med. Andre velferdsteknologiske delprosjekt som har vore med:

- vandrealarm i sjukeheim (Kristiansund kommune)
- GPS-sporing gjennom Sintef-prosjektet «Trygge spor» (Trondheim, Bjugn og Åfjord)
- teknologi ved medisinering av heimebuande gjennom Sintef-prosjektet «Trygg medisinering» (Bjugn og Åfjord)
- bruk av Memoplannere for personer med kognitiv svikt (Bjugn og Åfjord)
- bruk av videokonferanseutstyr i behandling/møte med pasient/sjukehus og fastlege (Midtre Namdal samkommune med Flatanger og Osen)
- smarthusteknologi og bruk av velferdsteknologi i rehabiliteringsarbeid. Velferdsteknologisk laboratorium (Steinkjer)
- sporing- og/eller sikring av utvendig areal særlig knytt til institusjonsliknande bygg, samt mottakssentral for trygghetsalarmer med mulighet for utvida funksjonar (Verdal)
- Paro (Levanger)
- Helsevakta (Trondheim)

## 1.2HOVUDMÅLET FOR DET MIDTNORSKE VELFERDSTEKNOLOGIPROSJEKTET

1. Brukarar og deira pårørande skal oppleve ein trygg kvardag gjennom bruk av individuelt tilpassa velferdsteknologiske løysningar.

2. Prosjektet skal vere med å gje auka innsikt i bruk av velferdsteknologi i helse- og omsorgssektoren i Noreg gjennom formidling av dei resultata som kjem fram gjennom strukturert evaluering.

# 2 BAKGRUNN

Å fremme ein meir «aktiv omsorg» er eit av satsingsområda for å møte utfordringane i kommunehelsetenesta. Auka fysisk og mental aktivitet ilag med sosial deltaking, kan bidra til auka mestring og betre helse. I NOU «Innovasjon i omsorg» påpeikar Hagenutvalget at ulike typar spel, opprinnelig utvikla som familiespel, har vist seg godt egna for aktivering og eigentrening for personar med ulik grad av nedsett funksjonsevne (Helsedirektoratet 2011). Drammen kommune har positive erfaringar frå utprøving av spelteknologi for personar med byrjande demens. Prosjektkommunane på Sunnmøre var i kontakt med FoU avdelinga i Drammen kommune og fikk nyttige råd og innspel i forhold til oppstart. Utprøving i Drammen kommune byggjer mellom anna på forskingsresultat gjort av Jean et al(2010) som beskriver at aktivitetstilbod der digitale sosiale spel nyttast, kan vere med på å skape ein møteplass for personar med demens, slik at dei kan unngå sosial isolering og aktivitetstap. Spelaktivitetar kan vere med å skape positiv samhandling med familie og vener.

## 2.4 SUKSESSKRITERIAR

Nokre av føresetnadane for suksess som vart skildra i dei ulike prosjektrapportane var at:

- Tilbodet må være tilpassa den enkelte brukar slik at opplevinga vert trygg og ufarleg og bygg på interesse.
- Ein må utarbeide gode og tilpassa rutinar for spelaktivitetane.
- Utprøvinga krev eit entusiastisk og motivert personale som har god kunnskap om kvifor aktiviteten er viktig, og har kompetanse til å gjere naudsynte observasjonar.

I tillegg er det viktig med

- God informasjon til brukarar, tilsette og pårørande
- God kompetanse i bruk av ulike spel
- Avsette ressursar til prosjektet, både menneskeleg og tid

## 2.3 UTVIKLING AV FELLES PROSJEKTPLAN OG PLANAR

Våren 2012 vart det sendt ut ein prosjektmal til alle dei 5 utprøvingsstadene. Ein ønska ei skildring frå alle om bakgrunn for prosjektet-problemstilling og målformulering. Vidare ønska ein skildring av resultat-forventningar og utfordringar frå kvar eining. Prosjektmalen inneheldt også spørsmål og kva som skal gjerast i prosjektet, kven som skal gjøre det og i kva periode dette skulle skje. Budsjett og behov for eksterne midlar var også eit punkt på denne malen. Dette gav utgangspunkt for vidare planlegging av prosjektet og problemstillingane som er vektlagt. Grunnen til at dette vart gjort var å sikre at alle spelstadane fekk kome med si forståing. Slik fekk ein sikra ei koordinering mellom fokus på målsetjing frå det overordna Midtnorske velferdsteknologiprosjektet og  forventningar på spelstadane.

## 2.4 AVGRENSINGAR

Det var sjølvsagt ikkje mogeleg å utvikle problemstillingar innan alle områder som var foreslått frå spelstadane. Prosjektet vart spissa tilstrekkelig slik at det kunne handterast innanfor prosjektrammene. Det er likevel verdt å nemne nokre av problemstillingane som vart reist:

- Vil aktiviteten ville auke samhandlinga med frivillige, pårørande og personale?
- Vil aktiviteten ville vere med å skape engasjement, trivsel og glede og engasjement?
- Korleis mestrar menneske med demens og ulik grad av psykisk utviklingshemming spelteknologi?

Sjølv om disse problemstillingane ikkje vert reist som eigne spørsmål, kan ein vone at observasjonane elles kan gje nokre erfaringar også på desse spørsmåla.

## 2.5 VEKTLEGGING PÅ ORGANISERING

Innføring av ulike typar velferdsteknologi krev god organisering.

«Ved innføring av ny teknologi utgjør selve teknologien bare ca 20 prosent av de endringene som blir satt i verk. Det meste dreier seg om arbeidsformer og organisering». Dorte Kusk (2010)

Sjølv om spelteknologi i seg sjølv er ein ukomplisert aktivitet krevjast det organisering som inneber opplæring, innføring av rutinar og utarbeiding av prosedyrar for å implementere aktiviteten etter målsetjing. Implementering av ein ny aktivitet betyr kanskje omlegging, bortfall eller nytenking omkring andre aktivitetar i ulike delar av organisasjonen.

## 2.6 ORGANISERING AV PROSJEKTET

Utviklingssenter for heimetenester (UHT) i Møre og Romsdal, ved Brit Steinnes Krøvel, har vært koordinator for prosjektet frå oppstart hausten 2011.
(e.post: brit.krovel@alesund.kommune.no Telefon 70 16 28 10, mobil 91 79 83 95).

Det vart i november 2012 tilsett prosjektleiar/rådgjevar som skal leie heile velferdsteknologiprosjektet på Sunnmøre i 100 prosent stilling ved Helen Berg. (e-post: helen.berg@alesund.kommune.no Telefon 70 16 28 11, mobil 41 14 12 44).

I mars 2014 vart Tone Kirkhorn tilsett som prosjektleiar for spelteknologi og gps-sporing på Sunnmøre i 100 prosent stilling. (e-post: tone.kirkhorn@alesund.kommune.no Telefon 70 16 23 88, mobil: 419 02 920).

Velferdsteknologiprosjektet på Sunnmøre er organisert slik i 2014:

Styringsgruppe:

- Håvard Overå: styreleiar/prosjekteigar og prosjektansvarleg for Ålesund kommune
- Arnhild Nordaune: prosjektansvarleg for Vanylven kommune
- Kari Sjøholt: prosjektansvarleg for Ørskog kommune
- Marit Botnen: prosjektansvarleg for Ulstein kommune
- Ragnhild Berge: prosjektansvarleg for Herøy kommune
- Sverre Veiset: representant for prosjekteigar (Fylkesmann)
- Tone Kirkhorn: prosjektleiar og sekretær for styringsgruppa

Prosjektansvarlege i kvar kommune har som oppgåve å finne kontaktpersonar i eigen organisasjon for spelteknologi prosjektet. Prosjektansvarleg i kvar kommune må også delegere mynde til prosjektleiar som skal vere rådgjevar/pådrivar og rettleiar inn mot kontaktpersonar ute i den einskilde kommunen.

Prosjektleiar er ansvarleg for å rapportere til koordinator for det midtnorske velferdsteknologiprosjektet og til eiga styringsgruppe.

Prosjektgruppa for spelteknologi er sett saman av spelansvarlege i kvar kommune:

- Torill Botnen Ulstein kommune dagsenter
- Turid Sundal Ulstein kommune USAS
- Åshild Demring Thue Vanylven kommune dagsenter PU
- Hilde- Karin Krokvik Nerland Vanylven kommune dagsenter PU
- Mona Lynnes Kjøren Ålesund kommune dagavdeling Åse
- Vigdis Remøy Ålesund kommune Åse sjukeheim
- Tonje Brande Ålesund kommune Volsdalen bukollektiv
- Randi Kvalsund Taklo Herøy kommune
- Ann- Helen Nerland Nordby Herøy kommune

## 2.7 DELTAKARGRUPPER

Prosjektet på Sunnmøre ynske å gjere utprøving med fokus på fyljande grupper:

Ulstein kommune:

- Heimebuande personer med demens. Aktiviteten vil leggast til dagsenter. Kontaktperson: Torill Botnen
- Personar med psykisk utviklingshemming. Aktiviteten leggast til Ulstein Sanse- og aktivitetssenter(USAS). Kontaktperson: Turid Sundal

Vanylven kommune:

- Personer med psykisk utviklingshemming. Aktiviteten leggas til Aktivitetssenteret. Kontaktperson: Åshild Demring Thue og Hilde- Karin Krokvik Nerland

Ålesund kommune:

- Heimebuande personar ulik gruppering, som har vedtak om opphald på dagavdeling. Aktivitet lagt til dagavdeling på Åse sjukeheim. Kontaktperson: Mona Lynnes Kjøren
- Bebuarar på sjukeheimsavdelingar på Åse sjukeheim. Aktivitet lagt til Dagavdeling i same hus. Kontaktperson: Vigdis Remøy
- Volsdalen bukollektiv har ein spelstasjon i bukollektivet sitt fellesrom. Dette fellesrommet var fram til sommeren 2013 også dagavdeling for heimebuande, det var Mona Lynnes Kjøren som var kontaktperson her, ho flytta over til Åse dagavdeling då Amrei Jacobs skulle ut i permisjon. Kontaktperson i Volsdalen bukollektiv er Tonje Brande

Herøy kommune:

- Herøy har spelstasjon for bebuarar på sjukeheimen. Kontaktperson: Randi Kvalsund Taklo og Ann- Helen Nerland Nordby

## 2.8 VALT UTSTYR

To leverandørar leverte anbod på utstyr, Expert i Ålesund og Lefdal. Lefdal kom med det beste tilbodet. Utstyret vart levert i juni 2012. Vanylven kommune valde å nytte ein lokal leverandør fordi det vart enklare i forhold til reklamasjon og hjelp. Utstyrspakken frå Lefdal ser slik ut:

- Grundig 55 « LED TV.
- Logik veggfeste/vesa 400x 60
- XBOX 360 4 GB Kinect Carnival+ 3,
- HDMI- Kabel for PS3
- X360-Kinect Sports og X360-Joy Ride.

## 2.9 SPREIINIG AV BODSKAP FRÅ PROSJEKTET

Prosjektplanen med levande rapport vert publisert på disse nettstadane:
http://www.utviklingssenter.no/
http://www.omsorgsforskning-midt.no/
http://ogbedreskalvibli.com/
http://www.alesund.kommune.no/sub/utviklingssenter/

Prosjektet har blitt omtalt i:

- Sunnmørsposten 17. april 2012
- Vikebladet 26.10.12, då også med lenke til ein liten filmsnutt http://www.vikebladet.no/nyhende/article6570795.ec
- Sunnmørsposten 5.desember http://www.smp.no/nyheter/alesundogomland/article6767393.ece
- Reportasje og filmsnutt i Sunnmørsposten 20.februar 2013 http://www.smp.no/nyheter/soere/article7178167.ece

# 3 MÅL OG PROBLEMSTILLING

## 3.1 MÅL

Prosjektet har gjort nokre endringar i høve diagnose. Ålesund og Ulstein hadde definert personar med demens liding som utprøvarar av spelteknologien. Dette er endra til ulik gruppering, då ein ser at personar med demensliding i sjukeim/bukollektiv og på dagavdeling har kome så langt i sjukdomsutviklinga at det er ei utfordring å få dei med på aktiviteten, og at aktiviteten skal verte vellukka. I kategorien ulik gruppering ligg alle diagnosar, det betyr alle som vil og alle som ein kan klare å motivere til aktivitet. Målformuleringa vart difor litt forandra og ser no slik ut:

> «Brukarar, pårørande og tilsette i helse- og omsorgstenesta skal oppleve at spelteknologi kan nyttast som bidrag til positiv aktivitet»

Velferdsteknologiprosjektet på Sunnmøre håpar på eit effektmål av spelteknologien:

> «Innføring av spelteknologi skal bidra til innovasjonstenking i helse- og omsorgstenesta»

Spel-teknologien er «ufarleg» teknologi i den forstand at ein ikkje utfordrar lovverket med å ta det i bruk, og kan vere ein «døropnar» i høve innovasjonstenking omkring moderne teknologi og omsorg.

## 3.2 PROBLEMSTILLING

Ordlyden på problemstillinga vart altså litt justert, men ikkje slik at den utfordrar mål, delspørsmål og loggskjema.

| |
|---|
| **Kan spelteknologi medverke til positiv aktivitet for aktuelle målgruppe, og kva for faktorar må i tilfelle vere til stades for og lukkast med tiltaket?** |

### *3.3 Delspørsmål*

1. Korleis påverkar bruk av spel aktivitetsnivået i dagavdeling og aktivitetssenter for definert gruppe?

2. Kva spel fungerer best og til kva gruppe?

3. Korleis bør miljøet leggjast til rette slik at brukar kan oppleve tryggleik og mestring i størst mulig grad?

## 3.4 SPØRSMÅL VED KVAR SAMLING/LOGGFØRING

Kvar spel samling har hatt fokus på disse spørsmåla:

*Rammer og struktur*

- Hvem var deltakerne?(antall, alder, diagnose, funksjonsnivå?)
- Hvem var tilretteleggerne?(ansatte, hvilken yrkesgruppe, pårørende, frivillige?)
- Hvilke spill ble brukt?
- Hvor lenge varte aktiviteten?
- Fungerte rom/utstyr tilfredsstillende?- i så fall nei, hva fungerte ikke og hvordan kan dette forbedres.
- Hvilken tilrettelegging krevdes for at brukerne kunne eller ønsket å delta?
    - Hva gjorde du evt. for å tilrettelegge?

*Vurdering av utbytte av aktivitet*

- Hvordan vil du karakterisere stemningen i gruppen?( Tung, munter, lett, usikker)
- Hvordan deltok den enkelte bruker? (for eksempel - gjennom å se på/ gjennom å spille selv?)
- Kan du si noe om hva som kjennetegnet samtalen og samspillet mellom deltakerne?
- Andre refleksjoner etter samlingen i dag?

# 4 GJENNOMFØRING AV AKTIVITET OG EVALUERING

## 4.1 SKILDRING AV AKTIVITETEN-KVA SKAL SKJE?

- Nødvendig opplæring i bruk av spillteknologi. Sikre kompetanse i kvifor dette kan være en meiningsfull aktivitet. Opplæring i bruk av logg og rapporteringshjelpemidlar.
- Aktiviteten vert sett opp i aktivitetsplan på spelstaden.
- Ansvarlig for dagens spelaktivitet klarerast.
- Personale i lag med aktuelle kandidatar for utprøving vel ut aktuelle brukarar som skal delta.
- Regler for spelaktiviteten avklarast.

Innhald og rammer utviklast lokalt på dei ulike spillstadane.

## 4.2 EVALUERING

Ein ønska å oppnå ei strukturert evaluering (sjå mål nr 2 under overbyggande prosjekt) og har difor tatt kontakt med Senter for Omsorgsforsking for å få rettleiing i dette arbeidet. Senteret har sagt ja til et slikt samarbeid. Med atterhald om tilstrekkelig ressurstilgang kan datainnsamling gå føre seg ved å hente inn førte loggar frå spelsamlingane, telefonintervju med tilretteleggarane i kvar deltakargruppe etter at dei har gjennomført 4-6 spelsamlingar og eit fokusgruppeintervju (alle tilretteleggarane samla) ved prosjektslutt. Vidare analyse av logger og innhaldsanalyse av tekster på bakgrunn av intervju som gir grunnlag for dokumentasjon i form av en rapport.

## 4.3 MILEPÆLS-PLAN/ ARBEIDSPLAN

| *Aktivitet* | *Dato* | *Ansvar* | *Status* |
|---|---|---|---|
| Planlegging saman med prosjektkommunane | Haust/vår 2011/2012 | prosjekt kommunane og koordinator | OK |
| Innkjøp av utstyr, hente inn anbod | Vår 2012 | prosjekt kommunane i samarbeid med Koordinator | OK |
| Opplæring personell | August/September 2012 | Kontaktpersonar i samarbeids med prosjekt kommunane | OK |
| Utvida opplæring av personell | Februar 2013 | Kontaktpersonar i samarbeids med prosjekt kommunane | OK |
| Utvikle spørsmål og delspørsmål som skal nyttast i prosjektet. | Vår 2012/haust 2012 | Koordinator i samarbeid med Senter for omsorgsforsking | OK |
| Strukturere og samordne informasjonsmateriale for de fire kommunane i samarbeid med Senter for Omsorgsforsking. | Haust/2012/vår 2013 | Koordinator og Senter for omsorgsforsking. | OK |
| Rapportere til hovudprosjektet i regionen | Haust 2012 | Koordinator | OK |
| Arrangere regelmessige møter for å evaluere og gjere nødvendige justeringar | November 2012<br>Februar 2013<br>Mai 2013<br>September 2013 | Koordinator i samarbeid med prosjekt kommunane | OK |

| | | | |
|---|---|---|---|
| | November 2013 | | |
| Formidle prosjektet gjennom aktuelle nettsteder og i media. | Kontinuerlig | Koordinator i samarbeid med prosjekt kommunane | OK |
| Utprøving og rapportering 1 g pr. månad til koordinator. | 2012-2013<br><br>Første gang 1 November 2012 | Kontaktpersoner i prosjekt kommunane | OK |
| Utvikling av lokaltilpassa tiltaksplanar for utprøving i prosjekt kommunane ved kvar spelstad | Innan 1. Oktober 2012 | Kontaktpersoner prosjekt kommunane | OK, men ikkje fulgt opp av alle. |

# 5 ERFARINGAR OG VEGEN VIDARE

## 5.1 OPPLÆRING I SPELTEKNOLOGI

Under punkt 2.3 er det skildra utfordringar og viktige føresetnader for suksess.

Opplæring av personale har vore utfordrande gjennom heile prosjektet. Dei tilsette på dagsenter og på sjukeheimane er ofte vaksne damer med lite spelerfaring eller interesse for spel. Dette gjer at dei vegrar seg for å setje i gang med speling, og det har vorte vanskeleg å følje opp dei faste speløktene som er lagt inn i vekeplan. Mange har løyst ein del av utfordringane ved å ta kontakt med skuleelevar som har kome og hatt opplæring med personale og hatt speløkter med brukarane. Spelstadane har også nytta seg av lærlingar og studentar, og andre som har vore i opplæring/utplassering på institusjonane eller på dagsentra. Elevane har laga forenkla prosedyrar på korleis spelstasjonen skal brukast slik at det skal vere lett å slå på og starte opp spel. Erfaringane frå loggskjema syner at det er ein avgjerande suksessfaktor for speløkta at den som har ansvaret kan spelet godt, og kan å bruke spelmaskina. Det har også vore prøvd med speling på personalmøte og på sosial samling for tilsette på kveld. Nokre hiv seg med og andre vegrar seg og har ikkje lyst.

## 5.2 INDIVIDUELL TILRETTELEGGING PÅ SPELSTADEN

Så langt i prosjektet syner erfaringane at brukarane av dagsenter har svært ulik tilnærming til spelstasjonen, mange vil ikkje vere med å prøve i det heile, nokre er skeptiske men blir med etter kvart, og andre etterspør aktiviteten med liv og lyst. For dei som er villige til å prøve, men skeptisk krevjast det aktiv medverking frå personale. Nokon vil berre vere med og sjå, nokre vert uroa i spelsituasjonen dersom det er for mange til stades og nokre gir opp dersom det vert for mykje vanskar med teknologi eller for vanskelege spel utfordringar. Desse erfaringane syner at tilpassa rutinar for spelaktiviteten må etablerast. Dette vil krevje ein periode med kreativ tenking omkring rekruttering av «spelelystne» og individuell tilpassing til den enkelte. Dette er ein «bli kjent prosess» som kan ta tid og inneber læring for både brukaren og dei tilsette. Etterkvar som ein klarer å identifisere suksessfaktorane som må vere til stades i den enkelte spelsituasjon, kan rutinane etablere seg. Alle spelstadane har jobba aktivt med dette, og bygd seg opp erfaring som gjer det lettare å handtere dei ulike behova.

Det har også vore ein del utfordringar i høve teknologien; sensoren som skal lese bevegelsane er programert for å tyde ståande menneske og brukarar i rullestol eller personar sitjande på vanleg stol vert ikkje tyda. Dette har ein ikkje funne ei god løysing på med Xbox. Det har gått heilt fint for brukarar med rullator.

## 5.3 PERSONALE, MOTIVASJON OG KOMPETANSE

Erfaringane syner at det kan vere vanskeleg og halde motivasjonen oppe blant personalet når det er utfordringar både i høve teknologien, eigen spelkompetanse og brukarar som er vanskeleg å motivere. Det er heilt avgjerande for spelaktiviteten at der er minst ein pådrivar som held «trykket» oppe. Det er også viktig med forankring i den lokale leiinga, avdelingsleiar må vere tydeleg på at spelaktivitet er ein ønskeleg del av aktiviteten i avdelinga. Det har også vore motiverande for dei som har vore kontaktpersonar ute i kommunane å møte kvarandre for erfaringsdeling. For å hjelpe til med motivasjon og engasjement kan det vere ein god ide å etablere eit spelnettverk som kan leve vidare når prosjektperioden er over. Der er etter kvart gode miljø for spelaktivitet omkring i landet, og ein kan finne mykje inspirasjon på internett.

## 5.4 MÅL OG PROBLEMSTILLING

Sjølv om spelstadane opplever utfordringar, opplever dei også mykje positivitet og glede knytt til spelstasjonane. Det er sjølvsagt med å motivere personalet til å halde fram. For å seie noko om måloppnåing og for å kunne svare på problemstillinga har det vore viktig med loggføring. Loggføringa har også gjort at personalet på spelstadane bevisst på kva som skal til for å få det til. Ut frå del ein av loggskjemaet som går på rammer, har det kome tydeleg fram at plassering av spelstasjon er viktig. Spelstasjonen må vere lett tilgjengelig, men litt skjerma. Det kan ikkje gå føre seg annan aktivitet i same rommet, og den som har ansvaret for speløkta kan ikkje ha andre oppgåver i tillegg. Den som har ansvaret må gjere alt klart før brukarane kjem, dei må kome til dekka bord slik at moroa kan begynne med ein gang. Den som har ansvaret må styre aktiviteten fullt og heilt.

Erfaringane har vist at ei godt planlagt og tilrettelagt speløkt kan gje ei god oppleving for både dei tilsette og brukarane. Det gir både glede, aktivitet, samhald og engasjement.

Oppleving av mestring har også vore ein del av erfaringa. Brukarar som ikkje har trudd at dei kunne få det til, har etter kvart kome på banen og prøvd, dei aller fleste har fått det til.

Innan for geriatrien er det spelet Bowling som har hatt den største suksessen. Innan for PU har både bilspel, ballspel og dansespel vore populært.

## 5.5 OPPSUMMERT

Ein kan med sikkerheit seie at spelaktivitet på sjukeheim, dagsenter for eldre og personar med demens, og dagsenter for personar med utviklingshemming ha gitt gevinst i form av aktivitet, glede og sosialt samvær. Det er ikkje gjort erfaringar knytt til pårørande, av ulike årsaker har det vore vanskelig å få til. Aktiviteten har gått føre seg på dagtid, og pådrivarane for spelaktiviteten har oftast jobba på dagtid.

# REFERANSAR

Helsedirektoratet 2011. ***Innovasjon i Omsorg*** NOU 2011:11. Oslo: Helsedirektoratet.

Jean,L.,Bergeron,ME., Thivierge, S., Simard M.Cognitive intervention programs for individuals with mild cognitive impirement:systematic review of the literature.Am J Geriatr Psychiatry 2010: April;18(4):281-96.

Kusk Dorte 2010, "Den menneskelige faktor er afgørende for velfærdsteknologi», Kompetanceundersøkelse for velferdsteknologier i Region Syddanmark/Accenture. Interviewbasert undersøgelse, 2010.

https://www.mm.dk/den-menneskelige-faktor-er-afg%C3%B8rende-for-velf%C3%A6rdsteknologi.

HERØY KOMMUNE
Fellessekretariatet

Statsarkivet i Trondheim

Maskinistgt. 1
7042 TRONDHEIM

| Saksnr | Arkiv | Dykkar ref | Avd /sakshandsamar | Dato |
|---|---|---|---|---|
| 2013/1243 | 066 | | FEL / HS | 17.06.2014 |

**TILSYN MED ARKIVA I HERØY KOMMUNE 31.10.13**

Viser til rapport etter tilsyn.

«1. Sjå rapportens punkt 2.4: Vi meinar at praksis i forhold til bruk av private e-postkasser til sakshandsaming er i strid med arkivforskrifta si § 3-5, og mulig i forhold til arkivforskrifta si § 2-6»

Herøy kommune har etter tilsynet endra rutinene for bruk av epost. Sjå arkivplanen: http://heroy.arkivplan.no/content/view/full/192515

«2. Sjå rapportens punkt 3.1: Det påpeikast som eit avvik i forhold til arkivforskrifta Kapittel 3 del A at det manglar rutinar for arkivdanninga som skjer i kommunen utover den danninga som skjer i arkivsystemet i ePhorte»

Herøy kommune har etter tilsynet lagt til rutinar for arkivdanninga som skjer i kommunen utover den danninga som skjer i arkivsystemet i ePhorte. Sjå arkivplanen: http://heroy.arkivplan.no/content/view/full/22725

«3. Sjå rapportens punkt 3.4: Det er eit avvik i forhold til arkivforskrifta si § 3-17 at kopi av avslutta journalperiodar ikkje er deponert»

IKAMR mottok SIP uttrekksfil 03.04.2014 av et uttrekk tatt 17.12.2013. Dette tatt ut fra backupfiler av hele dataområde til Herøy kommune sin gamle Lotus Domino/Notes server. Mottatt SIP er på 24 GB pakket iht. gjeldende instruks som tar-fil, samt mottatt sjekksum og krypteringsnøkkel i ettertid. SIP uttrekket er i form av hele Lotus Notes databaser og må derfor behandles av IKAMR før disse blir en eller flere ferdige arkivpakker AIP.


Adr: Pb. 274 6099 FOSNAVÅG Tlf: 700 81 300 Fax: 700 81 301 Bank: 8647.11.04800 Org.nr 964978840
E-post: postmottak@heroy.kommune.no www.heroy.kommune.no

Mottatt SIP har vært svært utfordrende å behandle på grunn av manglende sertifikater og ikke-kjørende Lotus Domino/Notes server i kommuna, men IKAMR har no fått opp de fleste av mottatte filer i Lotus Notes klient for videre behandling.
Herøy kommune har fått tilbakemelding frå IKA om at uttrekket vil vere ferdig 1. september 2014.

«4. Sjå rapportens punkt 4: Kommunen sine bortsetting lokalar har til dels alvorlege avvik i forhold til krava i kapittel 4 i arkivforskrifta»

I tillegg til at vi fører dagleg tilsyn med arkivet vil vi logge temperatur og fuktgrad kvar veke, inntil arkivrommet er tømt.

«5. Sjå rapportens punkt 5.2: Det er eit avvik i forhold til krava i §§ 5-4 og 5-5 i arkivforskrifta at kommunen har eit etterslep av avslutta og eldre uordna arkiv»

Herøy kommune vil årleg sende ferdig ordna, merka og listeført arkivmateriale til IKA i Ålesund. Sending i år går veke 34.

| **Arkiv** | **Oppstart** | **Utført** | **Avlevert depot** |
|---|---|---|---|
| Emnearkivet 2000-2012 | August 2014 | Februar 2015 | August 2015 |
| Mattilsynet | Februar 2015 | Mai 2015 | August 2015 |
| Personalmapper | Mai 2015 | November 2015 | August 2016 |
| Teknisk hvelv | November 2015 | April 2016 | August 2016 |
| Div. kulturavdelinga | April 2016 | Juli 2016 | August 2016 |

Oversikt over avleverte arkivseriar finn ein i arkivplanen her:
http://kommune.arkivplan.no/content/view/full/243947

Pr. i dag har Herøy kommune 61,3 hyllemeter med personregistermateriale og 60 hyllemeter med eldre arkiv som er avlevert til IKA. Eldre arkivmateriale som er avlevert til IKA for ordning og deponering vil IKA ordne fortløpande, registrere i Asta og publisere i Arkivportalen.

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Med helsing

Hilde Bringsvor Skinnes
Arkivleiar

HERØY KOMMUNE
RÅDMANNEN
Reg.nr. | Saksbeh.
13 JUNI 2014
Ark kode P
Ark kode S
J.nr. | Dok.nr
Kassasjon

# HOVUDUTSKRIFT

## FOR

## SØRE SUNNMØRE REINHALDSVERK IKS

## REPRESENTANTSKAPSMØTE

---

Møtedato: 9. mai 2014
Tidspunkt.: Kl. 10.00 – 12.35

---

Som medlemmer møtte:
Arnulf Goksøyr, Camilla Storøy Hermansen, Per Kristian Furø, Karly Ingunn Teige
Knut Erik Engh, Magne Gurskevik
Annika Brandal
Dag Vaagen

Følgande medlemmer møtte ikkje: Eli Skaatun, Anders Riise og Annbjørg R. Frågodt

Som varamedlemmer møtte: Perly Pedersen (for Skaatun) og Dag Audun Eliassen (for Riise)

Frå styret møtte:
George Fulford, Einar Warholm, Helga L. Dyrhol, Edel K. Goksøyr og Ole Andreas Sæther

Frå administrasjonen møtte:
Einar Heimdal, Rune Tarberg, Laila Fure og Jostein Husøy

Andre som møtte:
Revisor Einar Giljarhus Løkken

---

Saker som vart handsama: Sakene R01/14 – R10/14

---

Forts.

Forts.

**Vedtakssaker:**

**SAK NR R01/14**
**GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE**

**Vedtak samr.:**
Innkallinga og saklista vart godkjend.

**SAK NR R02/14**
**VALG AV TO REPRESENTANTAR TIL Å SKRIVE UNDER MØTEPROTOKOLLEN SAMAN MED LEIAR (OG DAGLEG LEIAR)**

**Vedtak, samr.:**
Dag Vaagen og Per Kristian Furø skriv under protokollen saman med leiar Knut Erik Engh (og dagleg leiar).

**SAK NR R03/14**
**GODKJENNING AV ÅRSREKNESKAP 2013, STYRET SI ÅRSMELDING FOR 2013, REVISOR SI BERETNING OG HANDSAMING AV OVERSKOT**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet godkjenner årsrekneskapet for 2013, styret si årsmelding for 2013, revisor si beretning og handsaming av overskot.

**SAK NR R04/14**
**GODKJENNING AV EIGARMELDING 2013**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet godkjenner SSR si eigarmelding for 2013 og ber om at meldinga blir oversendt til eigarkommunene.

**SAK NR R05/14**
**GODTGJERSLE TIL STYRET**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet vedtar å auke styresatsane for 2014 i tråd med kommunal deflator.

Forts.

Forts.

**SAK NR R06/14**
**GODKJENNING AV HONORAR TIL REVISOR**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet godkjenner honorar til revisor etter rekning for 2013, med kr 90.000 (ekskl. mva) i ordinært revisjonshonorar og kr 42.000 (ekskl. mva.) for andre tenester.

**SAK NR R07/14**
**NYE MILJØSTASJONAR – UTBYGGINGSSAKA**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet vedtar å arbeide vidare med alternativ 1, nytt anlegg i Dragsund eller der omkring. Samstundes blir også framdriftsplanen / milepælplanen vedtatt.

**SAK NR R08/14**
**NESTE GENERASJON SSR**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet vedtar prosjektet «Neste generasjon SSR», timeplanen for prosjektet og arbeidet med ny strategiplan og revidert eigarstrategi.

**SAK NR R09/14**
**VALG AV STYRE**

**Vedtak, samr.:**
Representantskapet viser til valgkomitéen sitt framlegg og gjer følgande valg:

1. Styremedlemmer:
   - George Fulford (på valg i 2015)
   - Einar Warholm (valgt for 2 år, til 2016)
   - Håkon Vestnes (valgt for 2 år, til 2016)
   - Gro Anita Engh (på valg i 2015)
   - Edel K. Goksøyr (på valg i 2015)
   - Margaret Leinebø (valgt for 2 år, til 2016)
   - Ole Andreas Sæther (tilsette sin representant i styret)
2. George Fulford blir valgt til styreleiar fram til neste generalforsamling i 2015
3. Einar Warholm blir valgt til nestleiar fram til neste generalforsamling i 2015

Forts.

Forts.

**Orienteringssak:**

**SAK NR R10/14**
**ORIENTERING OM DRIFTA I SSR V/STYRELEIAR OG DAGLEG LEIAR**

Generell orientering om diverse saker utan at det vart gjort vedtak i saka.

Rett utskrift:
Søre Sunnmøre Reinhaldsverk IKS, Ulsteinvik, 12. mai 2014

Knut Erik Engh
representantskapsleiar

Dag Vaagen

Per Kristian Furø

Einar Heimdal
dagleg leiar